

Samfunnsplanlegging gjennom 50 år

Tverrfagleg utdanning for lokal og
regional utvikling

Septentrio Reports 2, (2024).

Nummerets DOI: <https://doi.org/10.7557/sr.2024.2>

ISBN 978-82-91378-49-7 (trykt utgave)

ISSN 2387-4597

Publisert av: Septentrio Academic Publishing, en publiseringstjeneste levert av Universitetsbiblioteket ved UiT Norges arktiske universitet

Refereres som: Aarsæther, N.: (red.), Samfunnsplanlegging gjennom 50 år: Tverrfagleg utdanning for lokal og regional utvikling. Septentrio Reports, 2024(2). <https://doi.org/10.7557/sr.2024.2>

Et trykt opplag distribueres i et samarbeid mellom Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning og UiTs trykkeri i Tromsø.



© 2024 Forfatterne, med mindre annet er angitt

Deling og bearbeidelse av dette verk er tillatt i henhold til [Creative Commons Navngivelse 4.0 Internasjonal](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/)-lisens, med mindre annet er angitt

Innhald

Føreord <i>Nils Aarsæther</i>	1
Forfattaromtaler	3
Kapittel 1: Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år <i>Nils Aarsæther</i>	7
Litt om framveksten.....	9
Omgrepet «samfunnsplanlegging»	10
Samfunnsplanlegging i forhold til andre planleggingstypar.....	12
Tverrfagleg samfunnsvitenskap som grunnlag: Fleirfagleg eller transfagleg?.....	14
Teori og praksis vert sameina i planleggarutdanninga	16
Opprørsk eller systemkonform, kritisk eller positiv? Frå Brox 1966 til pbl. 2008	17
Boka si oppbygging	19
Litteratur	20
Kapittel 2: Alternativ planleggarutdanning i Tromsø: Inspirasjonen frå Ottar Brox <i>Nils Aarsæther, med bidrag frå Bjørn Hersoug</i>	23
Planleggarutdanning i eit tverrfagleg miljø	24
Fagleg plattform for «Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning»	28
Planleggarutdanninga – tverrfagleg, men kanskje litt praksisfjern?.....	31
Ottar Brox som planfagleg inspirasjonskjelde: Hva skjer i Nord-Norge?	32
Eit fagmiljø med politisk «impact»: Avvisinga av ny Nord-Norge-plan	38
Frå plankritikk til alternativ planlegging (1): «Generativ planlegging».	40
Frå plankritikk til alternativ planlegging (2): Handegård og kommuneplanlegginga.....	45
Eit fagkritisk studentmiljø	49
Planen blir til mens du planlegger	50
Oppstart og mannefall	52
Litteratur	53

Kapittel 3: 1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form *Nils Aarsæther* 55

Så startar studentane	57
Ny stab i forskingsgruppa.....	59
Det første kullet definerer profilen	61
Pionertid: Utoverretta tiltak blir bygd opp.....	63
Praksisåret – i praksis altomfattande	64
Høstseminaret i samfunnsplanlegging – «Talarstolen i Tromsø».....	65
Frå ekskursjon til feltkurs – og ein konfrontasjon	68
Regionalseminaret	71
Kandidatar og kunnskapsproduksjon.....	73
Fagleg strid – og dreining.....	74
Litteratur	77
Kapittel 4: Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra <i>Nils Aarsæther</i>	79
No kjem hovudfagskandidatane.....	83
Utoverretta aktivitetar på 1980-talet: Høstseminar, feltkurs, praksisår ..	86
Senter for kommunalforskning	88
Det drar seg til: Eit oppgjer med «den tverrfaglege tvangstrøya»	89
«Det er bred enighet ved Institutt for samfunnsvitenskap om å bryte ned tverrfaglighet».....	91
Offentleg politikk og administrasjon får mellomfag og hovudfag.	94
Exit skoleforskning.....	96
Exit samiske studier / etniske relasjonar.....	96
Exit sosialpolitikk og aksjonsforskning.....	99
Exit samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning?	99
Litteratur	101
Kapittel 5: 1990–2007 Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus <i>Nils Aarsæther og Torill Nyseth, med bidrag frå Svein Jentoft</i>	103
Styrka fagmiljø – og eige institutt (1997-2008).....	104
Hovudfaget: Ei eventyrleg utvikling.....	105
År 2001 – året for A Space Odyssey – ved instituttet.....	111

Høstseminaret – frå jubileum til nedlegging	113
Feltkurset og praksisperioden overlever – men Senter for kommunalforsking blir lagd ned.....	116
Bachelor, Master, Phd: Systemending i akademia	118
Men planteorien var ikkje gløymt!	120
Fokus på by: Frå studiar av bydelsutval til Byutviklingens år	121
Refleksjoner over tverrfaglighet <i>Svein Jentoft, professor, samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning 1988 – 2003</i>	124
Tverrfagleg konsolidering, men sprikande fagmiljø?.....	126
Boka om tverrfagleg samfunnsforskning	127
Litteratur	129
Kapittel 6: Steds- og planfagleg konsolidering 2008–2024 <i>Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag frå Ragnar E. Nilsen</i>	133
2008 – Global finanskrise, norsk planlov	133
Frå IPL til ISS til ISV	136
Masterstudiet 2008–2024	137
Fleire har planlegging som tema	137
Oppstart frå dag 1	138
Master-arbeid i fellesskap.....	139
340 avhandlingar sidan oppstart.....	140
Doktorgradar i hopetal.....	141
Bachelor-nivået – nedtur, men overleving.....	142
Berga – på streken	142
Utoverretta: Feltkurs, praksissemester, fagdag og alumni.....	144
Feltkurs til Mo i Rana og Mosjøen 2016 – refleksjonar v/ prof. emer. Ragnar E. Nilsen.....	145
Eit løft for praksissemesteret.....	146
Stedsvendinga – eit samlande grep.....	147
Stedsmasteren	148
30-studiepoengsemne i Stedsutvikling	149
Stedsvendinga integrerer fagmiljøet.....	150
Planlov-vendinga.....	150

Frå nasjonal krise til samarbeid mellom utdanningsmiljøa	152
Så vert utdanninga evaluert – på nytt. Knudsen-utvalet 2017	154
Fagmiljøet som sosial arena.....	155
Ottar Brox 1932–2024	156
Styrking av fiskerifag, statsvitskap, kvinneforskning og utviklingsstudiar: Hyggelege «biprodukt» frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging.	157
Tilbakeblikk etter 50 år.....	158
Litteratur	160
Kapittel 7: Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda: Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing <i>Jørgen Amdam, Roar Amdam og Grethe Mattland Olsen</i>	163
Innleiing.....	163
Korleis kom studiet i stand?	163
Lokalsamfunnsstudiet på 70-talet	164
Raumaprojektet	168
1980 talet – Konsolidering og vekst – kommunal planlegging og administrasjon.....	168
Regioplan Nordvest	169
Møreforskning	170
Hamskiftet.....	171
Regionalforskningsprogrammet 1998–2003.....	172
Utdanninga på 2000-talet.....	173
Oppstart av master i samfunnsplanlegging.....	174
Folkehelseforskning – frå nærmiljøarbeid til pandemihandtering.....	178
Vidareutdanninga Helse og omsorg i plan (Helomplan)	179
Etter- og vidareutdanning i prosessleiing	180
Frå KPA til Bachelor i planlegging og administrasjon.....	181
Frå Bachelor i planlegging og administrasjon til Bachelor i samfunnsutvikling.....	182
Utoverretta aktivitetar.....	184
Leiarkurs i regi av IPAS	184

Avsluttande refleksjonar.....	186
Litteratur.....	187
Kapittel 8: Utdanning i samfunnsplanlegging ved Høgskolen i Innlandet <i>Aksel Hagen, Ulla Higdem, Jon Helge Lesjø og Håvard Teigen</i>	189
Oppstart 1979: 2-årig «Samordna plan- og tiltaksarbeid».....	189
Hvorfor så vanskelig?.....	190
Bemannings- og studieplan	191
Hvorfor dette studiet?	191
Plan versus iverksetting.....	192
Samordna plan og tiltaksarbeid - et «dø mestudium»	193
Landskonferansen for tiltaksarbeid (1980–1995).....	194
Fra Diplomstudium i samfunnsplanlegging i 1979 til Høgere studium i samfunnsplanlegging i 1995	194
Faglig profil og innhold.....	195
Målgrupper	196
Praksis-/teoriinnretning – pedagogisk profil	196
1989: ‘Høgere studium i samfunnsplanlegging’.....	197
Etter- og videreutdanning på deltid	198
Planlegging og integrering 1990–1993.....	198
Regioplan Øst 1991 og 1992	198
Offentlig organisering og styring (OOS) 1992–2004.....	199
1995 – 2005: Fra Høgskolekandidatstudium i samfunnsplanlegging til Bachelor i samfunnsanalyse	199
Bachelor i Samfunnsanalyse 2003–2005.....	201
Samplan 2001 – og fram til i dag	201
Samarbeid med Tromsø: Hovedfag i samfunnsplanlegging 2000–2003	201
Kulturbasert næringsutvikling 2004–2008	202
Norsk kommunesektor og EU/EØS – KS-studium 2008–2014.....	203
Masterstudier – med innslag av planleggingsfag (2006–).....	203
Helse og omsorg i plan (Helomplan) 2011–2017.....	206
Den fusjonerte høgskolen (2017–2024).....	207

Realistisk regional og lokal samfunnsplanlegging 2021–2022	207
Videreutdanning i planlegging, innovasjon og ledelse (PIL) 2023/24	208
Forskning og utviklingsarbeid i det planfaglige miljøet	208
Lillehammermiljøet på nasjonale og internasjonale arenaer	211
Forsknings- og utredningsarbeid	212
Tidsskriftet: Fra Plan og Arbeid til Plan	212
Nasjonale og nordiske posisjoner og verv	212
Avsluttende refleksjoner	213
Litteratur	215
Kapittel 9: Planutdanning ved Universitetet i Agder – mangfold som ressurss <i>Jørn Cruickshank og Hanne Haaland</i>	219
Innledning	219
Geografi og kommunikasjon?	220
Senter for utviklingsstudier	221
Bachelor i samfunnsplanlegging og kommunikasjon	222
Å finne en form	223
Nye krefter	225
Hva med master?	225
Fra spesialisering til full master	227
Samfunnsplanlegging, sted og prosess	228
Å utdanne for fremtiden	230
Retning og balanse	232
Kapittel 10: Samfunnsplanlegging ved Nord universitet <i>Ivar Svare Holand og Hans Wilhelm Thorsen</i>	235
Studiet	236
Forskning	237
Sluttord om studenter og studiet	240
Litteratur	242
Kapittel 11: Planutdanning i fortid og framtid: Kor opprørsk, kor systemlojal? <i>Nils Aarsæther</i>	245
Historiske liner	245

Framvekst i ei opprørstid.....	246
Byen etterkvart i fokus – og kommunikativ planlegging	248
Krise og kriserespons.....	249
Master-suksess, rekrutteringsproblem på BA-nivå.....	250
Det opprørske – og det systemlojale.....	252
Litteratur	254
Appendix I: Hovudfag/master i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning/kulturforståing ved UiT 1975–2024.....	255
Appendix II: Master i samfunnsplanlegging og leiing 2001–2024 Høgskulen i Volda.....	281
Appendix III: Masteroppgaver i samfunnsplanlegging Institutt for Global Utvikling og Samfunnsplanlegging, Universitetet i Agder	301

Føreord

Nils Aarsæther

Denne boka blei til som eit mørketidsprosjekt i Tromsø vinteren 2023/24. Redaktøren hadde, som pensjonist, gått gjerandslaus nokre veker før jul, og ektefelle Åshild såg behovet for å foreslå eit sysselsettingstiltak: Var det ikkje på tide å skrive om erfaringane gjennom eit langt yrkesliv, der utdanninga i samfunnsplanlegging hadde stått i fokus? Jo, det var ein god ide, ikkje minst fordi det i 2024 ville vere 50 år sidan oppstart av «mellomfagstillegg i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning» ved Universitetet i Tromsø.

Men det var ikkje berre ved reformuniversitetet i Tromsø at interessa for «samfunnsplanlegging» hadde fått fotfeste, på tidleg 1970-tal. Også dei nye distriktshøgskolane i Volda og Lillehammer hadde gått i gang med tilsvarande studietilbod, tydeleg prega av det som på mange måtar var ei brytings-tid: Det var ei tid med kritikk av tradisjonell plantenking, og med eksperimentering i tverrfaglege og praktisk retta utdanningsløp. Tidlegare kollegaer i Volda og Lillehammer blei kontakta og gjekk i gang med å skrive korleis studiar i samfunnsplanlegging kom i gang, og korleis desse studiane profilerte og utvikla seg gjennom ein 50-årsperiode.

Ideen om «samfunnsplanlegging» har ikkje vore eit vinnarspor i academia, og lenge var det berre i Tromsø, Volda og Lillehammer det blei danna fagmiljø som nytta denne overskrifta. Men på tidleg 2000-tal kom det ei tilsvarande utdanning på plass ved Universitetet i Agder, og nyleg starta Nord universitet eit studium i «geografi og samfunnsplanlegging» i Levanger. Så i denne boka blir tre eldre, og to yngre, planutdanningar presenterte, gjennom velvillig skriveinnsats på fritida og i pensjonistlivet.

Tromsø-delen er blitt den klart største, ikkje minst fordi ei særeigen utvikling i samfunnstenking kom til uttrykk ved oppstarten av reformuniversitetet i nord. Men det var ei tenking som i stor grad kunne trekke på den unike

<https://doi.org/7557/7.7867> Aarsæther, N.: Føreord. I Aarsæther, N, (red.):

Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

samlinga av samfunnsfaglege kapasitetar som var rista i hop ved Universitetet i Bergen kring 1970. Midt oppe i dette miljøet befann Ottar Brox (1932-2024) seg, der har styrte det tverrfaglege «Regionalseminaret» og utfordra statsvitarar, sosiologar, antropologar, geografar og økonomar med sin praktisk-kritiske analyse – og retorikk. Ottar Brox kunne i 1972 ta med seg erfaringane i Bergen til Tromsø, i arbeidet med å utvikle *«en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk.»*

Arbeidet med å skrive Tromsø-kapitla i boka har vore lystbetont, og fleire tidlegare kollegaer har stilt opp som medforfattarar på enkeltkapittel, med tekstbidrag og som (kritiske) kommentatorar. Bjørn Hersoug, Svein Jentoft, Torill Nyseth, Toril Ringholm, Anniken Førde, Ragnar Nilsen, Odd Handegård, Karoline Jacobsen Kvalvik, Jan Einar Reiersen og Lena Bogstrand skal takkast spesielt. Til å bearbeide manus og gjere det trykkeklart har Ingvar Botnen og Gro Vittersø ytt ein stor innsats på distanse, og lokalt har Jan Erik Frantsvåg fullført manusarbeidet. Bidrag til trykkinga har i hovudsak kome frå Institutt for samfunnsvitenskap ved UiT, men også frå dei øvrige institusjonane.

Tromsø oktober 2024

Nils Aarsæther

Redaktør og forfattar

Forfattaromtaler

Redigert og delvis skrevet av Nils Aarsæther

Jørgen Amdam (1945), jordskifte kandidat, dr. scient. Tidlegare professor i kommunal planlegging og administrasjon ved Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag ved HVO – Høgskulen i Volda. Tidlegare rektor ved HVO, forskingsleiar ved Møreforskning, ordførar i Volda. Medforfattar av fleire lærebøker i planleggingsteori og kommuneplanlegging. Forsking på kommunal- og regional planlegging, administrasjon og reform.

Roar Amdam (1951), cand.agric. og dr.agric. ved NMBU, tidlegare professor i planlegging og leining ved Høgskulen i Volda. Bygde opp og leia landets einaste mastergradsprogram i samfunnsplanlegging og leining. Har forska på planlegging som reiskap i multiaktørsamarbeid, her under folkehelsearbeid. Har publisert bøker og artiklar om dette forskingstemaet.

Jørn Cruickshank (1967), professor i Samfunnsplanlegging ved Institutt for global utvikling og samfunnsplanlegging ved Universitetet i Agder og professor II ved Høgskulen i Volda. Han er studieprogramleder for masterutdanningen i planlegging ved UiA, har redigert flere lærebøker i samfunnsgeografiske temaer og publisert en rekke artikler om planlegging og inkludering.

Aksel Hagen (1953), naturforvaltnings- og planleggingskandidat og dr.scient NMBU, tidligere førstemanuensis i samfunnsplanlegging Høgskolen i Innlandet – temaområdet samfunnsplanlegging i teori og praksis, tidligere politiker på alle tre forvaltningsnivåer.

Bjørn Hersoug (1949), magister i sosiologi (planlegging), dr. philos. (fiske-ribistand i u-land), professor (em.) ved Norges fiskerihøgskole (UiT). Har arbeidet som planlegger i Troms fylkeskommune; siden 1980 med fiskeri- og havbrukspolitikk ved NFH. Forfatter av bøker og artikler om norsk og internasjonal fiskeri- og havbrukspolitikk.

<https://doi.org/7557/7.7868> Aarsæther, N.: Forfattaromtaler. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

Ulla Higdem (1960), samfunnsplanlegger og dr.scient. Professor i samfunnsplanlegging ved Handelshøgskolen, Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap, Høgskolen i Innlandet. Forsker innenfor offentlig planlegging, innovasjon, lokal og regional utvikling.

Ivar Svare Holand (1963), geograf, phd. Førsteamanuensis og studieprogramleder BA i Geografi og samfunnsplanlegging ved Nord Universitet, Levanger. Forskningsinteresser: Kart, GIS, arealplanlegging, risiko og sårbarhet, helsegeografi.

Hanne Haaland (1974), PhD fra NMBU innen utviklingsstudier (landrettigheter og deltakende prosesser), førsteamanuensis i utviklingsstudier ved Institutt for global utvikling og samfunnsplanlegging ved Universitetet i Agder. Forsker på sivilsamfunn, migrasjon, deltakelse, integrering og mangfold.

Svein Jentoft (1948) sosiolog/siviløkonom, dr. philos., og tidligere professor i samfunnsplanlegging og kulturforståelse ved Institutt for samfunnsvitenskap (1988–2003) og professor i fiskeriforvaltning – organisasjon ved Norges Fiskerihøgskole (2003–2018), begge ved UiT-Norges arktiske universitet. Utgitt bøker om fiskerispørsmål i inn- og utland.

Karoline Jacobsen Kvalvik (1985), ph.d. frå UiT Norges arktiske universitet, på ein studie av dei folkevalde si rolle i planlegging. Seniorforskar ved NORCE i Tromsø; deltok i forskingsprosjektet EVAPLAN (evaluering av pbl. 2008). Tidlegare planleggjar i kommunal og fylkeskommunal sektor, og prosjektleiar for regionvekstavgjørelser i Troms fylkeskommune.

Jon Helge Lesjø (1950), sosiolog, dr.philos. Professor emeritus ved Høgskolen i Innlandet, fakultetet for økonomi og samfunnsvitenskap. Har forsket på offentlig politikk, kommunal utvikling, organisering og planlegging.

Ragnar Elias Nilsen (1948), samfunnsviter, professor emeritus i samfunnsplanlegging og kulturforståelse, UiT Norges arktiske universitet. Forskningsinteresser: Organisering og forvaltning av ressursbaserte næringer.

Torill Nyseth (1955), samfunnsviter, dr.polit. (bydelsorganisering). Professor i samfunnsplanlegging og kulturforståelse, UiT Norges arktiske universitet. Forskningsinteresser: Planleggingsteori, byplanlegging, stedsutvikling og medvirkning.

Grethe Mattland Olsen (1962), samfunnsgeograf. Førstelektor på Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag ved Høgskulen i Volda. Underviser i tema relatert til kommunal og regional planlegging på Bachelor i samfunnsutvikling. Forskar på tema relatert til lokalsamfunnsutvikling og medverknad.

Håvard Teigen (1949), økonom (NHH)/historikar og tidlegare rektor og professor i samfunnsplanlegging, Høgskulen i Lillehammer. Regional økonomi og politikk som viktigaste forskingsfelt. Artiklar, antologiar og bøker. Alt oppsummert i boka «Distriktpolitikken historie i Norge».

Hans Wilhelm Thorsen (1946), cand.philol., tidligere direktør ved Nord-Trøndelag distriktshøgskole og førstelektor ved Nord universitet (Levanger).

Nils Aarsæther (1947), sosiolog/statsvitar, dr.philos. (kommunal budsjettering). Professor i samfunnsplanlegging og kulturforståing ved Institutt for samfunnsvitenskap, UiT Norges arktiske universitet 1993–2017. Han har utgitt fleire lærebøker i samfunnsplanlegging, og vore med i leiinga av EVAPLAN – evaluering av plan- og bygningslova, 2014–2018.

Kapittel 1:

Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år

Nils Aarsæther

Denne boka handlar om utdanning i samfunnsplanlegging – ein aktivitet som starta på tidleg 1970-tal, og som i 2024 kan feire sitt 50-årsjubileum. Først ut var Universitetet i Tromsø med utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning som starta i 1974¹. Like etter kom tilsvarande utdanningar ved Høgskulen i Volda og ved Høgskolen i Innlandet (Lillehammer). Og lenge etter, utdanning i samfunnsplanlegging ved Universitetet i Agder (Kristiansand) og nokså nyleg, ved Nord universitet (Levanger).

I denne boka vert alle utdanningane presenterte og diskuterte: Korleis dei kom i stand, korleis det faglege tyngdepunktet og dei tematiske nedslagsfelt vart utforma - og endra seg, og kva slags relasjonar utdanningane har hatt til omgivnader og praksisfelt. Kvar av utdanningane har hatt sine utfordringar, eller for å seie det rett ut: kriser, for ei samfunnsfagleg og endåtil tverrfagleg utdanning vil alltid måtte forhalde seg til etablerte akademiske og sterke, profesjonsbaserte fagtradisjonar.

Mottakarane av kandidatar frå desse utdanningane har erfart kva det vil seie å få tilsette som er utstyrt med eit tverrfagleg – og gjerne kritisk – perspektiv på plan-utfordringane. Utfordringar som er samansette, og som typisk kan omfatte klimapolitikk, demografi, natur, oppvekst, omsorg, kompetanse,

¹ *Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning* var ei av fire spesialiseringar innafor det dåverande cand.polit. studiet i samfunnsvitskap.

<https://doi.org/7557/7.7869> Aarsæther, N.: Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år

tryggleik, kultur og næringsutvikling. Utdanningane leverer ikkje spesialistar på desse områda, men kandidatane skal vere trena på å sjå dei i samanheng, skape synergjar og hindre at innsats på eitt område blokkerer for andre innsatsar. Trua på, og vissheita om at planlegginga må møte dagens og morgondagens utfordringar med ei tverrfagleg, heilskapleg og framtidretta innstilling har vel aldri vore sterkare enn i dag.

Utdanning i og for samfunnsplanlegging har likevel aldri vore eit stort og dominerande utdanningsløp ved høgskolar og universitet. Samfunnsplanlegging har lenge slitt med å legitimere seg innafor eit disiplindominert akademia, men også i forhold til utdanningar som gir meir «kontante» svar på sider ved planlegginga. (juss, geofag osv.) Som eit relativt nytt kunnskapsområde har denne utdanninga til tider hatt vanskar med rekruttering av studentar, og dermed vore betrakta som eit utdanningsøkonomisk tapsprosjekt.

Likevel har vanskane så godt som aldri påverka motivasjon og engasjement for dette «tverrfaget», blant fagpersonalet og studentane. Ute i praksisfeltet – i kommunar, fylke og statlege organ – er det eit stort behov for samfunnsplanleggarar. Kandidatane er også etterspurde i organisasjons- og næringsliv. At behovet for utdanna planleggarar er stort, blei seinast understreka i Stortinget sitt anmodningsvedtak av 29. mai 2017:

Stortinget ber regjeringen sette i gang et arbeid for å øke utdanningskapasiteten i offentlig planlegging².

Dette var ikkje første gongen at tilstanden i utdanning for samfunnsplanlegging vart sett under debatt. Både i 1980³ og i 2011 vart det samankalla til seminar der lærestadene og brukarfeltet drøfta stoda og det kom framlegg til forbetringar i utdanningane. Det er ikkje til å kome forbi at bakgrunnen for desse samlingane var ei oppfatning om at både samfunnsplanlegginga og utdanning/ forskning for samfunnsplanlegging befann seg i ein krisesituasjon. «Planlegging karakteriseres som et fag med svak anseelse og en faglig

² Stortingets vedtak nr. 708, ved behandlinga av «Regionalmeldingen» Meld. St. 18 (2016-2017). Vedtaket blei følgt opp ved at KS og KMD nedsette ein hurtigarbeidande komité for å bistå regjeringa i arbeidet med å auke utdanningskapasiteten (jf. Grønning & Aarsæther 2019).

³ Her viser vi til ein planutdanningskonferanse i Volda, omtalt i kapittel 7.

utvikling i 'fritt fall'» stod det i ei utgreiing frå NIBR i 2011 (Kleven, Naustdalslid og Bjørn 2011:75).

Litt om framveksten

Ideen om eit samfunnsfagleg perspektiv på planlegging grodde fram på tidleg 1970-tal, som eit opprør mot, eller eit alternativ til, planlegging av typen «ovanfrå-og-ned». Ei klår inspirasjonskjelde her til lands var Ottar Brox sin kritikk av den statlege planlegginga av Nord-Norge, i boka *Hva skjer i Nord-Norge?* (Brox 1966). Brox sin plankritikk var forbiletleg, for etter (1) å ha vist negative verknader av Nord-Norge-planen for distriktssamfunna, leverer han (2) ein skisse til ein alternativ, økonomisk plan for landsdelen. Og ikkje nok med det, i siste kapitelet lanserer han (3) ideen om ein ny, politisk allianse – eit rød-grønt samarbeid mellom den politiske venstresida og det politiske sentrum, for å understøtte ei alternativ, meir utkantvenleg planlegging, under kontroll av dei som planlegginga angår.

Boka til Brox kom i 1966 og fekk i den første tida nesten inga merksemd. Det var først heilt mot slutten av 1960-talet det skulle vise seg at den «broxianske» plankritikken høvde godt saman med studentopprøret, med bygginga av nye institusjonar på utdanningsfeltet, med miljøvern (Mardølaaksjonen) og ikkje minst med kampen mot norsk EEC-medlemskap (1970-1972). Brox vart ein viktig inspirator for den politiske dreininga på 1970-talet, tida då problem og utfordringar skulle løysast gjennom nedanfrå-og-opp-prosessar, internasjonalt inspirert av tenking av typen «small is beautiful» (Schumacher 1973). «Lokalsamfunnet» blei eit nøkkelord i den norske debatten, ideen om at det finst ressursar – både natur- og menneskeressursar – der ute, ressursar ein kunne bygge på i det vi kan kalle ei alternativ samfunnsmessig modernisering. Den nyoppretta Høgskulen i Volda tok dette «på sparket», og oppretta «Lokalsamfunnsstudiet» allereie i 1972.

Ved dei første lærestadene – Tromsø, Volda og Lillehammer – vart det frå starten av jobba for å framskaffe ny faglitteratur og lærebøker. Først i form av «stensilerte» artiklar og sjølvproduserte kompendier, men nokså snart også i form av bøker utgitt av nasjonale forlag. I Tromsø kom boka *Lokale samfunn og offentlig planlegging* (Thuen & Wadel 1978), og i Volda og

Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år

Lillehammer var særleg Jørgen Amdam og Noralv Veggeland pådrivarar for å få lære- og fagstoff ut i bokform.⁴

Omgrepet «samfunnsplanlegging»

Utdanningane som vert omtalt i denne boka har alle «samfunnsplanlegging» i namnet, med ulike tilleggsomgrep: «kulturforståing», «lokalsamfunnsforskning», «leiing», «forvaltning», «globalisering», «geografi». Desse namna peikar i ulike retningar, og mangfaldet kan synest påfallande. Likevel kan vi i dag spore ein tendens til at ordet «samfunnsplanlegging» har vorte mindre utflytande, trass i at stadig fleire omsyn (klima, folkehelse, tryggleik osv.) melder seg og krev inkludering i planlegginga. At omgrepet samfunnsplanlegging kan ha fått eit meir tydeleg innhald, kan ha sin bakgrunn i dei endringane som kom med den nye plan- og bygningslova av 2008. Her er samfunnsfagleg kunnskap invitert inn i planlegginga på ein langt meir direkte måte enn tidlegare (noko vi skal kome nærare inn på seinare).

Ifølgje Kleven (2011) har ordet «samfunnsplanlegging» eit svensk opphav, i «samhällsplanering». Overgangen frå svensk til norsk var ifølgje Kleven befordra av aktivitetane ved den nordiske institusjonen Nordplan – Nordiska Institutet för samhällsplanering - i Stockholm. Der hadde det vore tilbode vidareutdanningskurs i «samhällsplanering» sidan 1968, og norske planleggarar var med i alle kulla⁵. Nordplan-versjonen av samfunnsplanlegging kan iallfall delvis karakteriserast som utopisk, inspirert av amerikansk planteori, der vi finn kritikk av rasjonalismen, og inspirasjon frå John Friedmann sine idear om «Transactive planning»: Planlegging forstått som heilskaplege, opne og dialogbaserte prosessar, med eit overskridande potensiale for samfunnsendring (Friedmann 1973).

Omsett til norsk vart imidlertid «samfunnsplanlegging» framstilt som noko langt meir jordnært. Eit døme på det var opprettinga av eit vidareutdan-

⁴ Jørgen Amdam og Noralv Veggeland gav også ut mellom anna boka *Teorier om samfunnsplanlegging – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt* i 1991 – nokså parallelt med at Nils Aarsæther redigerte boka *Samfunnsplanlegging – lokalt – nasjonalt – internasjonalt* i 1992.

⁵ Kleven, T. (2011): 140. Nordplan-kursa gjekk over eit år, med 12 kursveker. Målet var å gi «såvel tverrfaglig orientering som fordypende kunnskaper i eget fag» (ibid.: 168).

ningstilbud i planlegging i statleg regi: «Videreutdanningskurs i samfunnsplanlegging», det som i dag er SAMPLAN. Frå tidleg 1970-tal av vart dette kurset gjennomført over tre semester, med fem to-vekers samlingar. Her fekk kursdeltakarane ei innføring i kunnskapsgrunnlaget for offentleg politikk og forvaltning, nærast sektor for sektor, med ein underliggende ide at summen av innsatsane var det ein forstod med samfunnsplanlegging.

Å skaffe seg eit slikt oversyn er noko som utan tvil er relevant for ein planleggar, men SAMPLAN tilførte ikkje noko tydeleg løysing på, eller oppskrift for, korleis dei mange innsatsområda kunne bli samordna, på lokalt, regionalt eller statleg nivå - eller mellom nivåa. Kritikken av «tunnelsyn», «silotenking» og «romblindheit» florerte, men overtydande verktøy og metodar for heilskap og samordning var lite utvikla (iallfall på ein måte som var omsettbar til praksis). Like fullt har SAMPLAN vore ei heilt eineståande inspirasjonskjelde for generasjonar av planleggarar – og det er vel ikkje mange etter- og vidareutdanningstilbud som har vore i kontinuerleg drift i godt over 50 år. I dag blir SAMPLAN administrert av KS – Kommunesektorens organisasjon – mens det faglege (eksamens)ansvaret går i ein treårsturnus mellom fagmiljøa i Volda, Lillehammer og Tromsø.

Samfunnsplanlegging forstått som «alt det offentlege» synest å ligge bak RFSP – Rådet for forskning for samfunnsplanlegging – som vart oppretta som eit statleg forskingsorgan, innafor Norges Forskingsråd, i 1977. I utdanningsmiljøa såg mange på dette namnet som eit gjennombrøt for plantenking i forskings- og utdanningssektoren, men slik gjekk det ikkje: Det dreidde seg i all hovudsak om å finansiere (offentleg) sektorforskning, i langt mindre grad om å støtte planforskning⁶. Når «samfunnsplanlegging» vert forstått som «alt det offentlege», kan ein spørje: Er samordning av ulike offentlege innsatsar lite viktig, eller er samordning noko som nærast kjem av seg sjølv?

Mellom den *utopiske* oppfatninga og den *offentleg-sektor-baserte* oppfatninga av samfunnsplanlegging prøvde ein på lærestadene å rydde plass for ideen om samfunnsplanlegging som noko grunnleggande *territorielt fundert* (Aarsæther 1992: 89-107). Det dreier seg om planlegging av geografiske einingar (lokalsamfunnet, stedet, byen, kommunen, regionen, fylket osv.),

⁶ RFSP fekk ei kort levetid og blei i 1987 erstatta av NORAS – rådet for anvendt samfunnsforskning.

altså den kunnskapsbaserte og framtidsretta samordninga av sosiale, kulturelle og økonomiske aktivitetar i pakt med det lokale/regionale naturgrunnlaget. Så må vi med ein gong bemerke to ting:

For det første, det at samfunnsplanlegging befattar seg med geografiske, territorielle einingar, betyr ikkje at desse oppfattast som lukka system. Det går til eikvar tid strøymar av folk, natur, varer og symbol inn og ut av alle geografiske einingar, store som små. I globaliseringas tid er det fleire som hevdar at inndeling i geografiske einingar er blitt avleggs, at det er straumane og mobiliteten mellom dei som er blitt grunnpillarene i samfunnet (Urry 2000: 3). Men samfunnsplanlegginga har altså det kanskje litt gamaldagse utgangspunktet i det territorielle, og det lever mange av oss godt med, vel vitande om at straumar, rørsler og mobilitet på tvers av grenser har fått langt større betydning enn før.

For det andre så impliserer ikkje ei målretta planlegging av ein kommune eller ein region at planleggaren, eller for den saks skuld det offentlege planorganet, detaljstyrer alt som går føre seg i samfunnet, slik som idealet var i Sovjet-samveldet (2017-1991). Eit slikt altfemnande syn på planlegging kjem til uttrykk i Ottar Brox si bok *Dit vi ikke vil*, der Brox meiner at målstyrt planlegging av heile samfunn er umogleg, fånytted, eller skadeleg om den lukkast (Brox 1995:21). Her er det nok mange som har motførestillingar. Vi lever i ein blandingsøkonomi, der privat eigedomsrett er grunnlovsfesta, og samfunnsplanlegginga er underlagd folkevald politisk styring, både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Heilskapleg samfunnsplanlegging vil slik sett ikkje kunne praktiserast på ein totalitær måte⁷. Kor grensene mellom offentlege intervensjonar og vern av privat eigedomsrett skal gå, er eit tema for kontinuerleg politisk diskusjon.

Samfunnsplanlegging i forhold til andre planleggingstypar

Men så melder det seg eit problem: Er samfunnsplanlegging identisk med heile det offentlege plansystemet, slik det omfattast av plan- og bygningslova? Kva med det som nemnast som arealplanlegging og fysisk planlegging? Vil eit samfunnsfagleg, om enn tverrfagleg, perspektiv vere tilstrek-

⁷ Det kan då hevdast at samfunnsplanlegginga er prisgitt kvaliteten på det folkevalde demokratiet, og det er rett - og ei utfordring i ei tid med lobbyisme og profesjonelle påverknadsagentar.

keleg til å dekke planutfordringane for ein kommune eller eit bysamfunn? Svaret på det siste spørsmålet er nei. Planhistoria, med fokus på byplanlegging, strekk seg langt tilbake i tid, mens samfunnsvitskapane oppstod først på 1800-talet, og fekk sitt gjennombrøt først etter den andre verdskrigen. Dersom vi går ut frå at samfunnsplanlegging kompetansemessig er basert på det samfunnsfaglege bidraget i planlegginga, så må vi sjølv sagt godta at det er andre kompetansar og dermed andre former for bidrag til planlegginga. Dette dreier seg om

- arealplanlegging, basert på arealfagleg, naturfagleg og juridisk kompetanse,
- fysisk planlegging, basert på teknologisk og ingeniørfagleg kompetanse,
- byplanlegging, tradisjonelt basert på arkitekturfagleg kompetanse,
- økonomisk langtidsplanlegging, basert på samfunnsøkonomisk kompetanse.

Med utgangspunkt i desse sidene ved planlegging er det tilsvarende utdanningar og lærestader. Nøkkelinstitusjonane er NMBU (arealplanlegging), NTNU (fysisk planlegging), AHO (byplanlegging, urbanisme) og UiO/Samfunnsøkonomi (økonomisk planlegging).

Utbrettinga av dette kompetansepanoramaet, med sine spesialiserte «leverandørar» skulle kanskje tilseie ein viss smålåtenheit frå samfunnsplanleggarane si side. «Det samfunnsmessige» omfattar ikkje alle aspekt ved planlegging (sjølv om all planlegging er utført av menneske og djupast sett er «sosial»). I det nasjonale samarbeidsorganet FUS – Forum for utdanning i samfunnsplanlegging – deltar både samfunnsfaglege planutdanningar og planutdanningar som har vekt på det fysiske, arkitekturbaserte, natur- og arealmessige.

Sett i forhold til andre kompetanseformer enn dei samfunnsfaglege, vil samfunnsvitskapleg kompetanse dekke to viktige sider ved planlegginga:

- Ein ting er at samfunnsvitskapen har spesialkompetanse på visse **planrelevante felt** som kultur, sosiale relasjonar/prosessar, politisk analyse, demokrati, makt, profesjonar, organisasjonar, territorialitet og sosial struktur/ulikskap.

- Ein annan ting er samfunnsvitskapane har ein sær eigen kompetanse på **styring av planlegginga**, basert på teoriar om strategisk leiing, kommunikasjon, dialog, medverknad, samstyring, samskaping - og på gjennomføring («implementering») av planprosessar.

Det betyr at samfunnsplanlegginga både dekker eit aspekt ved planlegginga (det sosiale/kulturelle/politiske), men den tilfører også kompetansegrunnlaget for heilskapleg leiing av planlegging på alle nivå, for å seie det litt ubeskjedent. Her skal det tilføyast at utdanningar i areal- fysisk, arkitektur- og økonomifagleg planlegging i dag har innslag av prosesskunnskap og samfunns/politisk analyse. Eit døme: Den femårige utdanninga i By- og regionplanlegging ved NMBU – landets største planutdanningsmiljø – inneheld eit breitt spekter av plankompetansar, langt utover det arealfaglege.

Tverrfagleg samfunnsvitskap som grunnlag: Fleirfagleg eller transfagleg?

Utdanningane i samfunnsplanlegging har eit tverrfagleg grunnlag, og hentar kunnskapselement frå ulike samfunnsfag. Sentralt står disiplinane statsvitskap, sosialantropologi, sosiologi og samfunnsgeografi, men samfunnsplanlegginga treng også kunnskapstilfang frå samfunnsøkonomi og rettsvitskap. Men, med unntak av samfunnsøkonomi, er det ingen av desse fagdisiplinane som har eit tydeleg handlingsretta samfunnsperspektiv. Sjølv om disiplinane i prinsippet forhold seg til samfunnet som heilskap, til forskjell frå fag som sosialt arbeid, pedagogikk og bedriftsøkonomi, så må det vere mogleg å hevde at disiplinane sine samfunnsperspektiv er partielle. Uttrykk som «rettsstaten», «demokratiet», «det skjulte Norge» osv. kan handle om heile landet, men dekker likevel berre visse aktivitetsfelt. Det skulle ikkje vere nødvendig å argumentere for at ein god samfunnsanalyse, og at utarbeiding av planar for å styre utviklinga av regionar og kommunar, har eit heilt klart behov for å nytte kunnskap frå *fleire* disiplinar og kunnskapsområde. Som Arild Buanes og Svein Jentoft peikar på, er dei kunnskaps- og handlingsproblem vi støyter på i dag svært samansette, og kan såleis ikkje møtast gjennom ein enkelt fagdisiplin sine bidrag⁸.

⁸ Buanes, A. & Jentoft, S. (2007) “Institusjonelle perspektiver på tverrfaglighet”, i Nyseth, T. mfl. red. *I disiplinenes grenseland – tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 275-288.

Den tverrfaglege arbeidsmåten som særkjenner samfunnsplanlegging kan utøvast på to måtar: Gjennom *fleirfagleg* eller gjennom *transfagleg* organisering av utdanning og prosjektarbeid (Nyseth 2007).

Den **fleirfaglege** arbeidsmåten er først og fremst pragmatisk. Det handlar om å hente inn kunnskap frå ulike fagdisiplinar, slik at ein kan møte ei samansett kunnskaps- eller planutfordring på ein best mogleg måte. Dette kan gjerast gjennom samansetting av eit prosjekt-team med fleire disiplinær representerte, eller meir beskjedent, ved å innhente bidrag/kommentarar frå ulike fagdisiplinar til å belyse ei planutfordring. Innafor den fleirfaglege arbeidsmåten er det ingen grenser for kva typar kunnskap ein kan mobilisere. Samfunnsplanlegginga kan ha behov for *inputs* frå økologi, frå realfag, frå humaniorafag eller ha behov for ingeniørkompetanse osv.

Ei planutdanning kan slik sett bestå i å pålegge studentane å ta emne innafor fleire relevante disiplinærfag, for dermed å utvide kunnskapsgrunnlaget. Ulempa er då at studenten sjølv må ta jobben med å finne ut av samanhengen mellom dei ulike fagbidraga når det gjeld å bygge sin «på-tvers-kompetanse» i planlegging.

Den **transfaglege** arbeidsmåten er meir ambisiøs, for her handlar det ikkje berre om å trekke inn ulike disiplinære bidrag. Transdisiplinær arbeidsmåte handlar om å integrere ulike kunnskapstradisjonar med sikte på å danne eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for å møte spesifikke utfordringar. I tillegg handlar det om å melde tilbake til disiplinærmiljøa i den grad erfaringar frå integrasjonsarbeidet kan bidra til å utvikle ein fagdisiplin, eller til eit nærare samarbeid mellom fagdisiplinar. Slik skal den transfaglege arbeidsmåten, ideelt sett, bidra til læring i kunnskapsfeltet.

Samtidig må vi vere klar over at fagdisiplinane er institusjonaliserte ved lærestadane og gjennom samanslutningar av lokale disiplinærmiljø, nasjonalt og internasjonalt (Buanes og Jentoft 2007). Det transfaglege perspektivet inneber, for samfunnsfaga sin del, ein kritikk av inndelinga i enkeltdisiplinar. Men ut frå kunnskap om institusjonar vil gode argument mot disiplinærinndelinga eller mot grensedraginga mellom dei, typisk utløyse forsvarsreaksjonar heller enn nytenking (Wallerstein 1997).

Det finst ulike planteoretiske tradisjonar (Friedmann 1987), og dei kan seiast å vere utvikla nettopp på grunnlag av transdisiplinært arbeid. Ved å hente «bitar» av organisasjonsteori, statsvitskap, sosiologi, kulturfag, filosofi, sam-

Samfunnsplanlegging – tverrfagleg utdanning gjennom 50 år

funnsgeografi – og historie, framstår planteori som eit samanhengande, men svært så samansett, teoretisk felt, med ein fag-offentlegheit beståande av konferansar og ei rekkje internasjonale tidsskrift.⁹ Til forskjell frå vitenskaplege disiplinar kan planteori seiast å vere lite institusjonalisert, men til gjengjeld godt rusta for stadig å ta opp i seg innsikter frå eit breitt spekter av tilgrensande og relevante fag – også utanfor samfunnsvitenskapane.

Samfunnsvitenskapane kan seiast å vere basert på ei oppfatting av at det finst noko spesifikt sosialt, og at dette kan avgrensast og forståast uavhengig av det som andre fagtradisjonar arbeidar med. I dag blir denne posisjonen kritisert, men kritikken rammar i liten grad samfunnsplanlegginga. Basert på ein tverr- og transfagleg arbeidsmåte kan samfunnsplanlegging finne fagleg grunna svar på «tverrgåande» samfunnsutfordringar, ikkje minst i forholdet samfunn/natur/klima. Gjennom å kombinere og integrere kunnskapstradisjonar vil planteorien vere eit alternativ til kunnskapstradisjonar som strevar med å sette opp grenser for å hindre «brysam» innblanding frå andre.

Teori og praksis vert sameina i planleggarutdanninga

Sosiologen, samfunnsgeografen og statsvitaren er vel utrusta for å analysere og kritisere planlegging – både gjennom analysar av prosessar og analysar av resultat og løysingar. Etter å ha peika på tilkorkominga (som at Nord-Norgeplanen førte til nedbygging av desentralisert, ressursbasert næringsliv) blir den plankritiske analysen gjerne avslutta med at forskaren spelar ballen over «til politikarane». Det er for så vidt rett adressat: Det er dei folkevalde som står ansvarleg for å utvikle ordningar og vedta planar med eit heilskapleg blikk. Men det er ingen kompetansekrav til dei folkevalde. Prinsipielt kan ein, kompetansemessig sett, kome «rett inn frå gata» og få eit overordna planansvar for kommunen sin¹⁰. Vi kan ikkje forvente at den jamne folkevalde har den type oversyn, noko som til og med ein velutdanna fagspesialist kan mangle.

Dei samfunnsfaglege disiplinane er tradisjonelt basert på analyse av empiriske fenomen og på teoridanning. Utøvarane vil sjølvstakt også at

⁹ Tidsskrift som *Planning Theory* og *Planning Theory & Practice* kan nemnast her.

¹⁰ Til dømes ved å verte vald som ordførar, eller som leiar av kommunen sitt planutval. Formell plankompetanse er ikkje eit krav til slike (eller andre) posisjonar som folkevald.

disiplinen sine funn og resultat skal kome til nytte, men utover forskningsformidling bygger disiplinane (med unntak av samfunnsøkonomien sitt nære forhold til Finansdepartementet) svært få relasjonar inn mot politiske eller administrative praksisfelt. Med utdanning og forskning for samfunnsplanlegging er det noko anna. Her vil den faglege aktiviteten – undervisning og forskning – i langt større grad enn i disiplinsystemet ta på seg eit ansvar for kunnskapsformidling inn mot konkrete beslutningsprosessar i offentleg politikk. Det betyr at studentane, gjennom utdanninga, må oppøve ein fortrulegheit med praksisfeltet, gjennom datainnsamling til oppgåveskriving, gjennom feltkurs, praksisperiodar og deltaking på utoverretta seminar og konferansar.

Men vert det ikkje litt av ein spagat, for ein stakkars student både å involvere seg i teoretisk fundert plankritikk OG å kunne fungere konstruktivt med «systemkunnskap», analysar og rådgjeving når det gjeld regisering av planprosessar? Ville det ikkje fungere betre med ei arbeidsdeling mellom fagmiljø og utdanningar som var plananalytiske/kritiske, og på den andre sida plan-«engineering», altså opplæring i planmetodikk – for vår del, i dei sosiale og prosessuelle sidene ved praktisk planlegging? Svaret bør vere eit tydeleg NEI. Det er gode grunnar til at både fagmiljø og studentar i samfunnsplanlegging må meistre begge delar: Både analysar basert på kritisk samfunnsvitskap, inkludert plankritikk – og samfunnsfagleg inspirerte ferdigheiter med direkte relevans for regisering av (særleg strategiske) planprosessar (Amdam & Veggeland 2011). I kva grad utdanningane har lukkast med denne kombinasjonen, er noko som vil kome fram i dei følgande kapitla.

Opprørsk eller systemkonform, kritisk eller positiv? Frå Brox 1966 til pbl. 2008

Utdanninga av samfunnsplanleggarar har frå starten av hatt plankritiske overtonar. Kritikken mot 1960-talets teknokratiske planlegging gav 1968-generasjonen lett spel: Ein ting var at radikale samfunnsvitarar kunne vise til saftige døme på at statleg planlegging i stor grad handla om sikre økonomisk vekst heller enn å stette menneskelege behov eller ta omsyn til naturmiljøet¹¹. Marxistisk inspirerte kritikarar var skarpare i tonen, og hevda

¹¹ Kleven 2012: 60-61.

at den offentlege planlegginga understøtta eit kapitalistisk system som med sine profittkrav trengde seg inn på stadig fleire samfunns- og livsområde¹². Men meir «moderate» kritikarar kunne vise til at planlegginga gav svar på feil spørsmål, slik den var innretta: Mens kommunal planlegging kunne legge til rette for bilbasert pendling ut av lokalsamfunnet, gjennom tilrettelegging for bygging i bustadfelt og vegbygging, var folk lokalt sitt ynskje gjerne at det blei lagd til rette for oppbygging av lokal småindustri og tiltak til styrking av ressursbasert næringsliv (Handegård 1973).

Ut frå kritikken av ei lukka, ekspertbasert og systemlojal planlegging vart det frå starten av eit gap mellom akademisk plankritikk, med tilhøyrande pensum og undervisningsopplegg på den eine sida, og den praktiske planlegginga, utført i henhald til bygningslova av 1965, med eit regionalt planapparat dominert av økonomi-, ingeniør- og arkitekturfagleg kompetanse. Dei faghistoriske spenningane mellom teori og praksis kjem fram i dei følgjande kapitla, og vert ikkje utdjupa her.

Men tar vi eit sprang over til den «nye» plan- og bygningslova av 2008, er forskjellen merkbar: No er samfunnsplanlegginga «invitert inn» i det formelle plansystemet, ikkje minst gjennom beteikninga «samfunnsdelen» som i dag framstår som det heilt sentrale omdreingspunktet for kommunane sine planaktivitetar. Og gjennom «arealstrategi»¹³ har det vorte tydeleg at samfunnsdelen i kommuneplanen skal legge føringar for arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Saman med innføring av obligatorisk «planstrategi» og ei skjerping av kravet til medverknad (ikkje minst gjennom eit førebuande «planprogram») er det etter 2008 vorte langt meir klart kva rolle samfunnsplanleggarar skal spele i utøvinga av praktisk planlegging. Konsekvensane for utdanninga har ikkje uteblitt: Det er i dag langt sterkare fokus på å lære om plansystemet sin funksjonsmåte, og om systemet sine opningar for ei alternativ retning på samfunnsutviklinga, lokalt og regionalt.

¹² Østerud 1972, kap. III og IV

¹³ Så langt (2024) ikkje lovfesta krav om arealstrategi samfunnsdelen, men arealstrategi er sterkt tilrådd i *Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging* av 2023.

Har «vi» dermed vorte meir systemkonforme, og mindre kritiske, i oppfatninga av kva samfunnsplanlegginga skal dreie seg om og tilføre? Dette spørsmålet prøver vi å svare meir utfyllande på i sluttkapitlet (kap.11). Her vil vi så langt antyde at systemkritikken er blitt dempa, ettersom plansystemet i dag inviterer så tydeleg inn mot deltaking, medverknad og folkevald makt, og ved at lova markerer at det er berekraftige samfunn som er målet. Men det vi observerer i så vel urbane som rurale plankontekstar i dag, gir grunn til ettertanke: Private eigeoms- og utbyggingsinteresser pressar stadig på i byutviklinga, og internasjonale kapitalinteresser påberoper seg «det grønne skiftet» når dei med ulike metodar overtalar lokalpolitikarar til å godta nedbygging av natur i distriktskommunane. Samfunnsplanlegging kan her representere ei motmakt, både ved hjelp av plansystemet, men også ved å reise debatt og skape folkeleg motmakt, nedanfrå, «når det trengs».

Boka si oppbygging

Boka er eit samarbeidsprosjekt mellom fagfolk frå fem lærestader. Erfaringane frå utdanning i samfunnsplanlegging vert presentert kronologisk, og det startar med ei framstilling av drøye 50 års erfaring frå Universitetet i Tromsø – kronologisk presentert gjennom fem kapitell. Deretter følgjer fyldige kapittel frå høgskulane i Volda og Lillehammer, og til sist ein presentasjon av «nykomarane» på utdanning i samfunnsplanlegging – Universitetet i Agder og Nord universitet.

Kanskje burde ei slik bok fått med heile breidda i dei norske planutdanningane, altså utdanningane ved samtlege lærestader som er organisert i FUS – Forum for utdanning i samfunnsplanlegging. Alle utdanningane – også dei som er orientert mot arkitektur og mot fysisk planlegging – har jo etter kvart bygd inn samfunnsfaglege bidrag. Men det synest å vere noko som sameinar dei lærestadene som er med i denne framstillinga – at ein nyttar ordet «Samfunnsplanlegging» for å beskrive eit studieprogram (saman med andre ord), og at den opprørske «arven frå 1968» har vore eit tydeleg, formativt element, både i Tromsø, i Volda og på Lillehammer.

Når boka handlar om utdanningane, seier det seg sjølv at forskingsprosjekta og publiseringane ved lærestadene i mindre grad vert vektlagd. Men høgere utdanning skal ha ei forskingsbasert undervising og rettleiing, og då vil det vere naturleg også å omtale forskingsprosjekt og publikasjonar, særleg dei som har hatt betydning i utdanningssamanheng.

Etter kapitla frå lærestadene er det eit sluttkapitel, som først oppsummerer og drøftar erfaringar på tvers av studiestader, og deretter ser framover: Kva utsikter er det for denne typen utdanning, og for den praksisen den skal føre fram til?

Heilt til slutt i boka er det eit oversyn over høgre grads kandidatar i samfunnsplanlegging og deira val av tema for magister/hovudfags/masteroppgåve. Her er det eit snart femtiårig tidsspenn, frå den første høgregradskandidaten i 1975 til dei mange som tok eksamen 2023/2024. Eit raskt blick over temaval kan gi svært interessant innsikt i korleis utdanningane i samfunnsplanlegging tar opp ulike typar samfunnsmessige omstillingar, konflikhtar og nyskapingstiltak. Over tid kan vi sjå korleis nye samfunnsmessige utfordringar slår inn i studentane sine temaval. Distriktskommunen og regional utvikling står fortsatt i fokus, men det urbane og fleirkulturelle gjer seg sterkt gjeldande når vi nærmar oss samtidas avhandlingar. Studentane på høgre grad har hatt svært så vide rammer for avhandlingsarbeidet – og ikkje sjeldan har dei utfordra lærarkreftene ved sjølve å bringe inn nye tema og perspektiv.

Litteratur

Amdam, J. & Veggeland, N. (1991). *Teorier om samfunnsplanlegging – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt*. Oslo: Universitetsforlaget.

Amdam, J. & Veggeland, N. (2011). *Samfunnsstyring og planlegging*. Oslo: Universitetsforlaget.

Brox, O. (1966). *Hva skjer i Nord-Norge? En studie i norsk utkantpolitikk*. Oslo: Pax forlag.

Brox, O. (1995). *Dit vi ikke vil. Ikke-utopisk planlegging for det neste århundre*. Oslo: Exil forlag.

Buanes, A. & Jentoft, S. (2007). *Institusjonelle perspektiver på tverrfaglighet*, i Nyseth, T., Jentoft, S., Førde, A. & Bærenholdt, J. O. *I disiplinenes grenseland*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 275-288.

Friedmann, J. (1987). *Planning in the Public Domain*. New Jersey: Princeton University Press.

Nils Aarsæther

Friedmann, J. (1973). *Retracking America: A Theory of Transactive Planning*. New York: Doubleday.

Gønning, M. & Aarsæther, N. (2019). *Hvordan øke utdanningskapasiteten i offentlig planlegging? – et strategidokument*. Rapport fra komite nedsatt på initiativ fra KS og Forum for utdanning i samfunnsplanlegging, i samarbeid med Kommunal- og mederniseringsdepartementet.

Kleven, T. (2011). *Fra gjenreisning til samfunnsplanlegging. Norsk kommuneplanlegging 1965- 2005*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Kleven, T., Naustdalslid, J. & Bjørn, C. (2011). *Styrking av planforskning og planleggerutdanning i Norge*. NIBR-rapport 2011:14.

Handegård, Odd (1973). *Generalplanlegging i utkantkommuner*, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø, stensilerie A nr 13.

Nyseth, T. (2007). *Tverrfaglighet som ambisjon: Introduksjon* i Nyseth, T., Jentoft, S., Førde, A. & Bærenholdt, J. O. *I disiplinenes grenseland*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 15-33.

Schumacher, E. F. (1973). *Small is Beautiful. A Study of Economics as if People Mattered*. London: Blond & Briggs.

Thuen, T. & Wadel, C. red. (1978). *Lokale samfunn og offentlig planlegging*. Tromsø-Bergen-Oslo: Universitetsforlaget.

Urry, J. (2000). *Sociology beyond Societies. Mobilities for the twenty-first century*. London: Routledge.

Wallerstein, I. mfl. (1997). *Åpne samfunnsvitenskapene!* Oslo: Spartacus forlag.

Østerud, Ø. (1972). *Samfunnsplanlegging og politisk system. En analyse av offentlig planlegging som ideologi*. Oslo: Gyldendal.

Aarsæther, N. red. (1992). *Samfunnsplanlegging – lokalt – nasjonalt – internasjonalt*. Oslo: Kommuneforlaget.

Kapittel 2:

Alternativ planleggarutdanning i Tromsø: Inspirasjonen frå Ottar Brox

Nils Aarsæther, med bidrag frå Bjørn Hersoug

Dette kapittelet handlar om forspelet til utdanninga i «Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning» ved Universitetet i Tromsø. Det er det første av fem kapitel som tar føre seg dette studiet, og det vert etterfølgt av kapitel som tar føre seg utviklinga utover på 1970-talet, på 1980-talet, i perioden 1990–2007 og til sist i perioden 2008–2024.

Forhistoria til studiet kan tidfestast til tida mellom 1969 og 1973: I februar 1969 vart Fagutvalet for samfunnsfag nedsett, av Interimsstyret ved Universitetet i Tromsø. Fagutvalet skulle førebu undervisning i samfunnsfag ved det nye universitetet. Først fem år seinare, januar 1974, starta undervisninga i «Distriktsplanlegging mellomfag». Framstillinga av det som skjedde frå 1969 og fram til undervisningsstart baserer seg i stor grad på historikaren Narve Fulsås si bok om Universitet i Tromsø sine første 25 år (Fulsås 1993), på notat og arkivmateriale, og på samtalar med tidlegare studentar og kollegaer.

Det faglege grunnlaget for den alternative planleggarutdanninga vert via mykje plass i denne framstillinga, for tankane bak dette studiet representerte eit brot, både med etablert akademisk organisering og med praksis i det planfaglege feltet. Og ein stor del av det tankegodset som blei formulert i denne tida, prega av dei framgangsrike samfunnsfaga, har vi framleis med oss i dag.

<https://doi.org/7557/7.7870> Aarsæther, N & Hersoug, B.: Alternativ planleggarutdanning i Tromsø: Inspirasjonen frå Ottar Brox. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

I jakta på det faglege grunnlaget kjem vi ikkje utanom Ottar Brox (1932 – 2024) og den betydninga han har hatt for den samfunnsfaglege satsinga i Tromsø generelt, og for studiet i samfunnsplanlegging spesielt. Startar vi med Ottar Brox, må vi ta føre oss boka *Hva skjer i Nord-Norge?* – debattboka som vart utgitt på Pax forlag i 1966. Analyser og resonnement i denne boka har vore ei heilt sentral inspirasjonskjelde i arbeidet med å etablere ei alternativ utdanning i samfunnsplanlegging – det som skulle vere ei planleggarutdanning «med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematik».

Etter drøftinga av det faglege grunnlaget vert det ei framstilling av etableringsfasen ved Institutt for samfunnsvitenskap, med rekruttering av stab og studentar, i ei tid med sterke fagpolitiske rivningar. Her kjem også Bjørn Hersoug inn med ei beskriving av den fyrste tida ved Universitetet i Tromsø, sett frå studenthald. Til slutt ser vi tilbake på eit grunnleggjande dilemma: Kunne eit studium basert på sosialantropologisk forskning og på kapitalismekritisk plananalyse gi eit godt grunnlag for utøving av planleggarjobbar, for kandidatar som etter å ha gjennomført utdanninga søkte seg til kommunar, fylke og statlege organ? Greidde fagmiljøet å utvikle og løfte fram alternative, «positive» planmodellar som svar på dette spørsmålet?

Planleggarutdanning i eit tverrfagleg miljø

Å etablere ei planleggarutdanning ved det nye Universitetet i Tromsø var ikkje noko som stod høgt på dagsordenen. Utdanningspolitisk var det først og fremst medisinarutdanninga, og deretter behovet for ei høgre fiskerifagleg utdanning som prega debatten og utviklingsarbeidet. Etablering av «en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematik»¹ vart initiert meir i det stille, nærare bestemt i Fagutvalet som førebudde etableringa av samfunnsfag ved det nye universitetet.

Etter at Stortinget hadde vedteke å opprette det nye Universitetet i Tromsø i 1968, vart det først sett ned eit interimsstyre. Naturleg nok var det opprettinga av eit medisinstudium i Tromsø - i skarp konkurranse med Trondheim – som var interimstyret si viktigaste oppgåve. Men for å dekke heile spekteret av fagfelt som det nye universitet skulle bygge ut, oppretta

¹ Denne formuleringa er henta frå *Innstilling om samfunnsfag og humanistiske fag ved Universitetet i Tromsø*, side 205. Akkurat kven som opphavleg formulerte den er uvisst.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

interimsstyret seks fagutval. Eit av desse var Fagutvalg for samfunnsfag, oppretta i februar 1969, med seks medlemmer fra akademia, og fire studentrepresentantar. Her var samfunnsvitskapen sine tungvektarar godt representerte: Statsvitaren Knut Dahl Jacobsen var leiar av utvalet. Sosialantropologen Fredrik Barth og sosiologen Wilhelm Aubert var blant dei oppnemnde. Fagutvalet hadde sitt første møte i mars 1969, og det siste møtet i desember 1970. Av tolv møte var det berre eitt som vart halde i Tromsø. Mandatet for utvalet var breitt; det skulle utforme forslag til forskingsfelt, fag og studieordningar ved utbygginga av «de samfunnsvitenskapelige fag» (Universitetet i Tromsø 1972:184-186).

Knut Dahl Jacobsen (1925-1999) fekk ein nøkkelrolle i arbeidet, han var nemleg også medlem av interimsstyret for det nye universitetet. Dahl Jacobsen hadde bakgrunn som professor og grunnleggjar av studiet i offentlig administrasjon ved Universitetet i Bergen. Han hadde skrive doktorgradsavhandling om rettleiingstenesta i landbruket², og var ein pioner på studiar av forholdet mellom den offentlege forvaltninga og brukarane. I sine forskingsarbeid kritiserte han den ein-sidede vekta på regelstyring i forvaltninga, ein praksis som kunne kome i konflikt med både politiske føremål, og med den problemoppfatninga som brukarane prøvde å formidle. Den faglege slektskapen mellom statsvitaren Dahl Jacobsen og sivilagronomen Ottar Brox var det dermed lett å få auge på. Det var særleg Dahl Jacobsen som la premissa for og dreiv fram arbeidet i fagutvalet (Fulsås 1993:132). Ottar Brox var ikkje oppnemnd som medlem av fagutvalet, og han var heller ikkje med på møta (Brox 2014:34).

Fagutvalet var tydeleg innstilt på at det samfunnsvitenskaplege fagtilbodet måtte vere relevant for landsdelen sine spesielle behov. Utvalet la også vekt på at samfunnsvitenskapen måtte bygge ut kompetanse på område der forskning i Nord-Norge allereie var i gang, og på område der ein kunne utnytte landsdelen sine spesielle moglegheiter (Universitetet i Tromsø 1972:195). På

² Knut Dahl Jacobsen (1964): *Teknisk hjelp og politisk struktur*. Skrifter: nr 2, Institutt for rettssosiologi og forvaltningslære, Universitetet i Oslo. Oslo: Universitetsforlaget trykningsentral.

dette grunnlaget gjorde Fagutvalet framlegg om oppretting av fem tverrfaglege forskingsgrupper:

1. Sosialpolitikk og aksjonsforskning
2. Samiske studier
3. Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning
4. Skoleforskning
5. Fiskeriøkonomi

Tema for dei fem foreslåtte forskingsgruppene var i all hovudsak retta inn mot aktivitet innan offentleg sektor. Framlegget om den femte gruppa, «Fiskeriøkonomi» må sjåast meir som ein kime til opprettinga av Norges Fiskerihøgskole, enn som ein utdanningsveg innan Institutt for samfunnsvitenskap. Det vart ikkje konkret tatt stilling til korleis undervisninga skulle organiserast, det viktige for Fagutvalet var å identifisere samfunnsområde med utfordringar som det kunne byggast forskingsmiljø og utdanningsvegar rundt.

Utvalet la vekt på at forskingsgruppene måtte vere tverrfaglege, men var fullt klar over at dette ville bryte med den etablerte organiseringa i fagdisiplinar ved andre og etablerte lærestader. Her var budskapet at både lærarar og studentar måtte:

... leve med et spenningsforhold mellom problemorientert forskning og studium, og en mer disiplinorientert virksomhet.. Men det har vært et av prinsippene for utbyggingen av Universitetet i Tromsø at en skal satse sterkt nettopp der hvor en har en sjanse til å gjøre tingene annerledes enn ved de eldre lærestedene. I samfunnsfagene slår dette ut i et opplegg som innebærer en institusjonalisert spenning mellom problemorientering og disiplinorientering. (ibid.: 194).

Formuleringane vitnar om ei sterk forplikting på ideen om eit reformuniversitet, ein skulle «gjøre tingene annerledes», og ikkje bygge opp noko som kunne oppfattast som ein kopi av dei etablerte universiteta. Innstillinga om organisering av samfunnsfaga følgde dermed dei overordna ambisjonane til det nye universitetet.

Yngvar Løchen (1931–1998), professor i «medisinsk sosiologi» (seinare omgjort til professorat i «sosiologi») og rektor 1977–1981 ved UiT,

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

karakteriserte i ettertid innstillinga frå Fagutvalget som eit forsøk på samfunnsfagleg integrasjon, i fire betydningar av omgrepet: Det innebar eit forsøk på å bryte ned kunstige skiljeliner mellom disiplinane, korte ned avstanden mellom teori og praksis, få til ei meir egalitær organisering av fagmiljøa, og skape integrasjon mellom universitetet og landsdelen (Løchen 1998: 242–243).

I dag kan vi undre oss over at det tilsynelatande var lite strid om framlegget om studiar som skulle springe ut av tverrfaglege forskingsgrupper, ei ordning som braut så radikalt med måten dei klassiske universiteta var organisert på. Men også frå Departementet og Stortinget si side var dei ei forventning om at Universitetet i Tromsø, ved sidan av å etterleve kvalitetskrav (som var sterkt understreka!³), skulle vere «noko anna» - eit nordnorsk universitet, ikkje eit tradisjonelt universitet, innplanta i Nord-Norge. Det skulle vere nyskapande og landsdelsrelevant i sitt virke. Gjennom å gå «nye vegar» kunne det nye universitetet «verke fornyande på våre universitet og på vårt universitets-system i det heile», ifølgje saksordførar Hovdhaugen (SP, Oppland) sitt innlegg i Stortingets behandling av opprettinga av Universitet i Tromsø, 28. mars 1968⁴.

Fagutvalet nógde seg ikkje med berre å foreslå tverrfagleg organisering, det var også lagd opp til tett kontakt mellom universitetet og landsdelen. Her tenkte fagutvalet langt, i den forstand at formidling og kontakt ikkje måtte avgrensast til sporadiske møte, men at kontakten måtte vere institusjonalisert, og springe ut av forskingsgruppene:

Som et ledd i forskningsgruppene arbeid bør inngå en service- og rådgivningsvirksomhet overfor de ulike organer som driver virksomhet i Nord-Norge [...] Hver forskningsgruppe bør etterhvert utvikles til et senter med en service-enhet for den rådgivningsvirksomhet som er nevnt ovenfor. (Universitet i Tromsø 1972: 182-3).

³ Fulsås 1993: 89-90.

⁴ Fulsås 1993: 90, 321.

Eit slikt radikalt forslag kan vi sjå i samanheng med «tidsånden» som rådde i fagutvalet si virketid; tida kring 1970 var ei sosial, fagleg og politisk brytingstid. Stortingsvedtaket om å etablere det nye universitetet skjedde i mars 1968, faktisk berre veker før studentopprøret i Paris braut laus (utan at det skal påståast at det var ein årsakssamanheng her!). Studentopprøret rista dei etablerte, vestlege universiteta og skapte 68-generasjonen i samfunnsliv og politikk. Opprøret retta seg både mot autoritære strukturar ved utdanningsinstitusjonane, mot det som var opplevd som ei teknokratisk samfunnsstyring og, ikkje minst, mot Vestens ny-koloniale politikk, aktualisert gjennom USA si krigføring i Vietnam.

I Norge vart studentopprøret ei drivkraft i organiseringa av motstand mot EEC-medlemskap; studentane var ei viktig drivkraft i Folkebevegelsen mot norsk EF-medlemskap sitt virke 1970–1972 (Bjørklund 1982). I tillegg makta den marxistisk-leninistiske organisasjonen SUF-ml, seinare Arbeidernes Kommunistparti (m-l), å etablere eit politisk hegemoni i studentmiljø over heile landet. No var sjølvsagt ikkje (så mange av) medlemmene i interimsstyret og ulike fagutval revolusjonære samfunnsstormarar, og Stortinget sitt vedtak om å opprette reformuniversitet i Tromsø var ikkje det som utløyste studentopprøret i Paris. Aktørane den gongen må like fullt ha opplevd at dei virka i ei brytingstid, med opning for kritikk og nyskaping i det akademiske feltet.

I det følgjande sirkclar vi oss inn mot ei av dei fem forskingsgruppene, den som i fagutvalet si innstilling vart gitt namnet *Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning*.

Fagleg plattform for «Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning»

Fagutvalet startar med å definere formålet med «samfunnsplanlegging» som:

...å fremskaffe et bedre kunnskapsmessig grunnlag for offentlig politikk og klargjøre de verdier som berøres av offentlige tiltak med sikte på å oppnå adekvate beslutninger som er mest mulig innbyrdes konsistente⁵.

⁵ Universitet i Tromsø 1972: 205-206.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

Denne oppfatninga av samfunnsplanlegginga sitt formål er formulert i ei byråkratisk språkdrakt, og den må seiast å vere svært så brei; samfunnsplanlegginga femnar her om alle typar offentleg politikk. Oppgåva er å klargjere «verdiar som berøres» - altså å analysere konsekvensar av offentlege tiltak, og vidare: at samfunnsplanlegginga skal bidra til å gjere beslutningar «adekvate» og «innbyrdes konsistente». Akkurat det siste – innbyrdes konsistens – er sentralt for all planlegging, og det handlar om å identifisere utilsikta verknader («eksternalitetar») og legge til rette for samordning av sektorar og tiltak.

Meir problematisk er formuleringa om «adekvate beslutningar». Ved å bruke dette uttrykket vert planlegging forstått som vegval i skjæringsflata mellom ulike interesser og verdiar nedtona. Det er nærliggande å forstå «det adekvate» som «det ekspertbaserte», altså at det skal vere mogleg og ynskjeleg å drive ei samfunnsplanlegging som baserer seg på faglege løysingar, heva over interesser og politiske ideologiar.

Det er interessant at utvalet framhever «adekvate beslutningar», all den stund det relativt nyleg, gjennom bygningslova av 1965, hadde vorte slått fast at det er dei folkevalde i kommunane, og ikkje statlege fagorgan, som skal stå for den regionale og den lokale planlegginga. At planutdanninga ved det nye universitetet måtte forhalde seg til dei konkrete former for planlegging som bygningslova hadde fastsett, vert ikkje nemnd i utvalet si tilråding.

Men så vert den «lett teknokratiske» oppfatninga som vi kan lese ut av definisjonen umiddelbart modifisert av ordet «lokalsamfunnsforskning» som utgjør det andre leddet i forskingsgruppa sitt namn. For her skriv fagutvalet:

Universitetet i Tromsø skulle ligge spesielt godt til rette for utvikling av en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk.⁶

Motivasjonen for å foreslå ei alternativ planleggarutdanning kan dels ligge i ein kritikk av eksisterande planleggarutdanningar i Trondheim (som var ingeniørfagleg basert) og på Ås (som var arealfagleg basert). Men fyrst og

⁶ Ibid. s. 205

fremst er argumentet at det finst eit nordnorsk, fagleg grunnlag for ei slik alternativ utdanning. Her slår fagutvalet fast at den sosiologiske forskinga som så langt har vore drive i Nord-Norge i første rekkje har vore undersøkingar av *lokalsamfunn*.

Så synest det å vere underforstått at det dette i hovudsak dreier seg om studiar av utkantsamfunn, og spesielt der småskala jordbruk, saman med fiske og fiskeindustri utgjør hjørnesteinen for busettinga. Men «lokalsamfunn» inneber ikkje ei forståing av det lokale som isolert frå omverda: Fagutvalet presiserer at lokalsamfunnsforskninga «i stigande grad dreier seg om lokalsamfunnets forhold til det større samfunn», og at dette særleg gjeld økonomisk og velferdsmessig utvikling, med problem knytt til flytting og avfolking. Fagutvalet ønsker at den nye planleggarutdanninga skal fokusere på statlege styresmakter sin politikk overfor utkantsamfunna, då i første rekkje regional/distriktpolitikk, men også på sektorpolitikk, eksemplifisert ved «utviklingen innen skoleverket» (ibid.).

Fagutvalet framhever den høge kvaliteten på lokalsamfunnsforskninga som har vore utført i Nord-Norge, med formuleringa «*Lokalsamfunnsforskning i Nord-Norge har i dag en bredde og en kvalitet som savner sidestykke i andre landsdeler*». Dette meiner Fagutvalet heng saman med studiar av den etniske heterogeniteten (innslaget av samisk og kvænsk befolkning) og den store variasjonen innefor i landsdelens når det gjeld nærings- og samferdsforhold.

I eit vedlegg til Fagutvalet si innstilling er det eit oversyn over lokalsamfunnsforskninga som er gjennomført i Nord-Norge. Ved sidan av Ottar Brox sine arbeid om distriktpolitikk (*Hva skjer i Nord-Norge?*) og lokalsamfunnsanalyse (*Avfolking og lokalsamfunnsutvikling i Nord-Norge*), omfattar den nordnorske lokalsamfunnsforskninga doktoravhandlingar alt på 1950-talet: George Park og Ørjar Øyen skreiv begge avhandlingar om korleis etableringa av Norsk Jernverk prega bygginga av industribyen Mo i Rana. I det breitt anlagde «Helgøy-prosjektet» deltok Vilhelm Aubert, Francesco Kjellberg og Per Mathiesen, og Harald Eidheim og Robert Paine utførte studiar av samiske lokalsamfunn i Finnmark (Universitetet i Tromsø 1972: 246-266).

Planleggarutdanninga – tverrfagleg, men kanskje litt praksisfjern?

Fagutvalet viser til at det er ein sterk auke i behovet for planleggarar, men at dette i liten grad har «*resultert i en fastere utbygging av utdanningsveiene*». Det skulle altså vere ein nisje for ei «alternativ» planleggarutdanning ved det nye universitetet, ei tverrfagleg utdanning, der fagutvalet førestiller seg bidrag frå sosiologi, sosialantropologi, geografi, økonomi tillegg til samfunnsvitskapleg pedagogikk. Pedagogikk er ei interessant tilføyning, all den stund det i dagens kommunale planlegging openbart var (og er) eit tydeleg behov for god formidling av planfagleg kunnskap til dei folkevalde beslutningsaktørane.

Ser vi i dag nokre tydelege manglar i måten Fagutvalet såg føre seg den nye utdanninga i «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning»? Her kan vi peike på tre forhold: Først, at statsvitskap/offentleg politikk manglar i opplistinga av dei kompetanseområda som vil vere relevante for utdanninga. Dette kan vere tilfeldig, all den stund det var statsvitaren Dahl Jacobsen som leia utvalet sitt arbeid, og også i lokalsamfunnsforskninga har politisk leiarskap vore studert, med eit statsvitskapleg perspektiv (sjå til dømes Kjellberg 1965). Men kanskje har det vore særleg viktig å framheve fag som baserer seg på klassisk feltarbeidsmetodikk, relevant for lokalsamfunnsforskninga.

Den andre mangelen er kanskje meir tidstypisk, det at Fagutvalet ikkje nemner fysisk planlegging eller arealplanlegging - altså at ein ved oppbygginga av ei planutdanning i Tromsø ikkje forhold seg til planlegging som går føre seg *utanfor* det samfunnsfaglege kompetanseområdet. Men akkurat på denne tida – kring 1970 – var optimismen på vegne av samfunnsfaga på sitt høgste. Spissformulert kan vi hevde at samfunnsfaga levde høgt på kritikken av det som blei karakterisert som positivistiske og teknokratiske fagtradisjonar, og der særleg juridisk og teknisk-fagleg kompetanse vart karakterisert som altfor snever. Vi har allereie peika på ein manglande referanse til lovgrunnlaget for norsk planlegging (byggningslova av 1965), som introduserer lokal planlegging – den gongen heitte det «generalplanlegging» - i folkevald regi. Her kunne, ideelt sett, Fagutvalet ha sett moglegheiten for ei kopling, gjerne kritisk formulert.

Mest alvorleg er vel det einsidige bygdefokuset som fagutvalet tilkjenne gir som grunnlaget for den nye planutdanninga. Kring 1970 var Nord-Norge framleis prega av spreidd busetting og av sysselsetting i primærnæringane, men tendensen til byvekst og ikkje minst behovet for byplanlegging var så absolutt til stades, og praktisert lenge før inngangen til 1970-åra. No kan omgrepet «lokalsamfunn» seiast å omfatte alle typar småskalasamfunn, både i rurale og i urbane kontekstar, men slik det er omtala i innstillinga, kan det virke som om dei framtidige samfunnsplanleggarane frå Universitetet i Tromsø berre, eller helst, skulle operere i distriktskommunar.

Samla sett kan det hevdast at innstillinga om «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning» gir ei velgrunna oppskrift for ei utdanning med høg praktisk relevans, og som samtidig kunne bygge på eit solid samfunnsfagleg kunnskapsgrunnlag. Saman med forskingsgruppene for sosialpolitikk, skoleforskning og samiske studiar hadde fagutvalet lagd eit breitt og solid grunnlag for utvikling av ein unik samfunnsfagleg kompetanse, og for utdanningar som var relevante for å bygge det vi kan kalle «ein alternativ modernitet» i Nord-Norge.

Ottar Brox som planfagleg inspirasjonskjelde: Hva skjer i Nord-Norge?

Mens Knut Dahl Jacobsen kanskje var den som formulerte grepet med å kople «samfunnsplanlegging» og «lokalsamfunnsforskning», og dermed legge grunnlaget for ei planleggarutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk, var nok Ottar Brox den viktigaste faglege inspirasjonskjelda for dette prosjektet.

Ottar Brox var fødd i 1932. Han vaks opp på Senja, og hadde utdanna seg som sivilagronom frå Norges Landbrukshøgskole på Ås, med faglege «sidesprang» til sosiologi, historie og sosialantropologi. Gjennom arbeid ved Tromsø Museum si avdeling for nyare kulturhistorie, og ved Landbrukshøgskolen fekk han, med finansiering av Norges forskningsråd, moglegheit til å skrive debattboka *Hva skjer i Nord-Norge? – en studie i norsk utkantpolitikk*. Boka vart utgitt på det venstreradikale Pax forlag i 1966. Bortsett frå avisoppslag om at boka antyda prostitusjon i trålhamna Hammerfest, skapte ikkje boka nokon vidare debatt før i 1968. Då var Brox tilsett ved Universitetet i Bergen, der han skulle bidra til å utvikle opp regionalforskning ved Det samfunnsvitskapelege fakultetet.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

I Bergen organiserte Brox ein seminarserie, «Regionalseminaret» der tilsette frå fleire institutt – og studentar – deltok. Dette var midt i tida med studentopprør og EEC-strid, og det akademiske miljøet vart no eksponert for Ottar Brox si faglege tilnærming til distriktproblema og korleis dei kunne løysast. Mot slutten av 1960-talet hadde det nærast vorte obligatorisk å ha lese og tatt stilling til boka *Hva skjer i Nord-Norge?* Boka kom på pensumlistene, og Pax måtte trykke nye opplag. Kva var det med denne boka som gjorde den til ein inspirasjonskjelde for så mange studentar og forskarar (i tillegg til eit lesande publikum)?

I *Hva skjer i Nord-Norge?* formidla Brox noko så enkelt som at både den akademiske samfunnsanalysen, planlegginga og politikken vil vere tent med å tillegge til grunn vanlege folk sine synspunkt og erfaringar. Bodskaen var at både kunnskapsdanninga og politikken ville verte betre ved å anlegge eit «nedanfrå-og-opp»-perspektiv.

Og utgangspunktet for ei slik tenking, meinte Brox, var å sjå på vanlege folk som rasjonelle og fornuftige – ikkje kunnskapslause eller fastlåste i utdaterte tenke- og handlingsmønster. Når velutdanna forskarar og topp-politikarar meiner dei har funne svaret på samfunnsutfordringar i internasjonalt anerkjente modellar for samfunnsutvikling (les: organisering av næringslivet ut frå ideen om industriell stordrift og utnytting av komparative fordelar) så meiner Brox at dei kanskje tar feil.

Som eit alternativ foreslår Brox ei samfunnsforståing og ein politikk med utgangspunkt i ideen om at folk handlar rasjonelt ut frå dei vilkår som omgir dei, og ut frå korleis dei oppfattar moglegheitene for å modifisere og endre desse vilkåra, individuelt, eller gjennom kollektiv handling. Finansmannen og småbrukaren er slik sett i same situasjon: Dei handlar rasjonelt for å nå sine mål, og når dei opplever hindringar på vegen, prøver dei å fjerne dei flaskehalsar som står i vegen, og med eit fokus på dei som det er mogleg å endre på. Visse naturforhold må ein berre ta for gitt, men mykje av det som omgir oss, er menneskeskapte ordningar, sjølv om dei vert oppfatta som «natur». Gjennom organisering og politisk deltaking kan nye og alternative ordningar skapast. Stjernedømet er innføringa av Råfisklova (1938) som sikra fiskarane stabile prisar og dermed betre forutsigbarheit.

Det skal ikkje mykje fantasi til for å skjøne at desse synsmåtene hadde ein enorm appell, særleg til unge menneske, då Brox formidla dei gjennom tekstar, forelesingar og foredrag. Ikkje berre virka argumenta intellektuelt overtydande, dei var også ledsaga av ein saftig metaforbruk. Sjølv om boka handla om eit avgrensa tema – den statlege Nord-Norge-politikken - rørte framstillinga ved grunnleggande og gjenkjennelege dilemma ved overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet, frå bygd til by. Tenkemåten til Brox utfordra «lineariteten» – det ubønhørlege og nærast skjebnebestemte ved ei samfunnsutvikling som nok skapte økonomisk vekst og velferd, men som samtidig reduserte folk sine moglegheiter til å skape seg gode levekår gjennom sjølvstendige og allsidige yrkespraksisar. Ottar Brox viste, gjennom ei jordnær tilnærming, at ei anna samfunnsorganisering var mogleg, og at vanlege folk, gjennom allmenn stemmerett hadde ein mekanisme som kunne sikre breie fleirtalsinteresser – det han kalla populisme⁷ – som kunne trumfe kapital og stordriftsmodellar.

Boka *Hva skjer i Nord-Norge?* er delt i to: Først ein del som startar med «Nord-Norge før Nord-Norgeplanen» (NNP) og som deretter tar føre seg planen og korleis den har virka inn på nordnorsk næringsliv – jordbruk, fiskeripolitikk, industripolitikk – og på samfunnsliv: urbanisering, avfolking, offentleg sektor. Fyrste del vert avslutta med eit kapittel der Brox gir sitt svar på spørsmålet «Hvor har Nord-Norgeplanen ført oss?» Målet var å auke Nord-Norges andel av samfunnets totale økonomiske produksjon (BNP – brutto nasjonalprodukt). I løpet av fem år med planbaserte investeringar og ordningar auka den nordnorske andelen av brutto nasjonalprodukt frå 7,1 % til 7,9 % – ikkje særleg imponerande, og i forhold til den store ressursinnsatsen «fullstendig mislykket» (Brox 1966: 116, 123). Sosialt sett konkluderer Brox med at planen har bidratt til å gjere ein større andel av befolkninga avhengig av å selje arbeidskrafta på arbeidsmarknaden, mens moglegheitene for å drive ein sjølvstendig, allsidig – og ressursvenleg – småskalaproduksjon hadde vorte svekka.

Andre del av boka dreier seg om «Alternativ til NNP». Her legg Brox an eit planleggingsperspektiv, men han insisterer på at planlegging føreset grundig

⁷⁷ Omgrepet «populisme» vert introdusert på side 178 i *Hva skjer i Nord-Norge?*

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

analyse av, og innleving i, lokale aktørar sin situasjon. Og av den grunn skriv han at ein

*... kommer en ikke unna detaljplanlegging. En må løse problemene i detalj for hvert enkelt lokalsamfunn ...*⁸

Samanlikna med Nord-Norgeplanen er det som Brox tar til orde for, ein ekstremt lokalistisk planleggingsstrategi. Men han foreslår at planinnsatsen vert tatt suksessivt, og at den bør starte først i bygder som gjennom tiltaka i NNP har vorte forsøkt «drenert» for eigedomslause og for «folk med initiativ og tiltak» (ibid.: 133). Kostnaden ved denne typen lokal planlegging, og i forlenginga av denne, ved utviklingstiltak, det er noko som staten gladeleg vil kunne finansiere. Resonnementet er at eit godt inntektsgrunnlag for lokalsamfunnet vil redusere flytting til urbane sentra, og at stat og kommune dermed spare vil utgifter til den ekstra boligbygginga i byane som ei avfolkning av distrikta elles ville innebære.

I boka tar Brox systematisk for seg kva slags «alternative» tiltak eller verkemiddel som kan ha effekt, innan hushaldsbasert produksjon, gjennom støtte til nabosamvirke, salssamvirke, samt til etablering av private, desentraliserte industribedrifter.

Til sist i boka kjem ei oppsummering og ei vidareføring av tankane som har lege bak «oppgeret» med statens Nord-Norge-plan. Sluttkapitelet har tittelen «Ideologi og strategi i økonomisk planlegging». Her får dei som er meir teoriinteresserte sitt påfyll, for i sluttkapitelet omgrepstester Brox posisjonane kring Nord-Norgeplanen som ein konflikt mellom «teknokrati» og «populisme». Mens teknokraten ser landsdelen som samansett av bransjar, som igjen er samansett av bedrifter, ser populistene landsdelen som samansett av lokalsamfunn, som igjen er samansett av (produserande) familiar.

Plan-implikasjonane av dette er for Brox svært så klare: Planlegginga må ta lokalsamfunnet som utgangspunkt, ikkje bransjane, verken enkeltvis eller samla. For det som er i ein bransje eller ei bedrift sin interesse, er å sikre tilgang på arbeidskraft, og helst kome i ein situasjon der det er overskott på

⁸ Ibid., s. 129.

arbeidskraft, slik at lønningane vert pressa ned. Alternativt vil planlegging for lokalsamfunnet bidra til at fleire kan drive si sjølvstendige verksemd, dermed vert det færre som står til disposisjon for industribedriftene, og slik vert det vanskeleg å drive det Brox kallar «en teknokratisk arbeidsmarkedspolitikk» (ibid.: 179). God utvikling for småprodusentar i lokalsamfunnet fører til knappheit på (mobil) arbeidskraft, noko som igjen fører til betre løn og betre arbeidsvilkår i industribedriftene.

Det siste, men ikkje minst viktige poenget i Brox sitt sluttkapittel er korleis ein politisk sett kan skape eit parlamentarisk fleirtal for ein distriktspolitikk som ser lokalsamfunnet og verdien av den desentraliserte, ressursbaserte produksjonen. Brox var sjølv sosialist og har vore stortingsrepresentant (1973-1977) for Sosialistisk Valforbund (men han erklærer seg som «sosialdemokrat» i eit intervju med Hans Pedersen og Nils Aarsæther, i 2022⁹). Han ser imidlertid utover den politiske venstresida og vil bygge ein brei fleirtalsallianse for å oppnå politiske mål. Her viser Brox til det som skjedde i norsk politikk i mellomkrigstida, då både bønder, fiskarar og arbeidarar opplevde krisetider: Ein allianse mellom Bondepartiet og Arbeidarpartiet hadde tidlegare vore utenkeleg, men vart ein realitet då begge partar såg kva dei kunne oppnå gjennom eit samarbeid. «Kriseforliket» i 1935 la også grunnlaget for regjeringa Nygårdvold sin bygde-populistiske politikk, som innbefatta støtte til driftsbygningar i småskala-jordbruket og til motorisering av dei minste fartya i fiskeflåten. I 1966 ser Brox moglegheita for å gjenskape ein allianse av bygdeinteresser og fagorganiserte arbeidarar. Han skulle vise seg å vere framsynt, for oppgjera om norsk EF/EU-medlemskap vart både i 1972 og i 1994 vunne av ein rød-grøn koalisjon av bønder, fiskarar og fagorganiserte arbeidarar.

Ottar Brox stilte seg med boka *Hva skjer i Nord-Norge?* (1966) heilt sentralt i det som Rune Slagstad i storverket *De nasjonale strateger* kallar «opposisjonssosiologien»:

Opposisjonsvitenskapen fikk sitt mest markante politiske uttrykk i Ottar Brox' populisme [...] . Brox formulerte en venstreradikal kritikk av det industrielle vekstsamfunn [...] . en ny politisk

⁹ Aarsæther, N. mfl. 2023: 163.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

formel som kunne forene venstreradikalisme og verdikonservatisme (Slagstad 1998: 388-389).

Men Slagstad ser også eit anna straumdrag i Ottar Brox sin samfunnsanalyse:

Brox hadde med sin analyse av Nord-Norge det vidare siktepunkt å gi empirisk feste til forestillingen om en livsform som kunne være et alternativ til den reformteknokratiske.[.....] Brox' populisme innebar en reaktualisering av romantikkens identitetsskapende motiv, som hadde vært vesentlig for fremveksten av den demokratiske folkelighet på 1800-tallet. (smst.)

Ottar Brox ville nok ha protestert på å verte plassert inn i «romantikken», han oppfatta seg nok heller som ein ihuga rasjonalist og folkeopplysar. Likevel er det ikkje tvil om at han også har fungert som «identitetsskapar» og det han står for, og har inspirert, har vorte oppfatta som «gammelmødige beretninger» (Eriksen 1996:viii).

Hva skjer i Nord-Norge? har vore kåra som ei av etterkrigstidas viktigaste fagprosabøker, og er inne blant bøkene som i oktober 2023 vart innlemma i avisa Klassekampen si oppstilling av bøker i «venstresidas kanon». Som vi har sett ovanfor, har det ikkje vore utan grunn. Boka er imponerende komplett, i den forstand at Brox i ei bok på 200 sider maktar å kombinere nyskapande samfunnsanalyse med kritikk av planlegging og offentleg politikk; han utviklar teoretiske omgrep, lanserer alternative prinsipp for planlegging og viser til sist konkret ein veg for politisk realisering av ein «bygdepopulistisk» distriktspolitikk. Fagpolitisk er det all grunn til å merke seg den siste delen av boka, for her dristar samfunnsforskararen Brox seg til å gjere noko som samfunnsforskararar flest avstår frå: Han formulerer eit alternativ til det «uføret» han har analysert, og han tar sitt alternativ heilt ut, ved konkret å anwise korleis det vil vere mogleg å skape eit fleirtal i Stortinget for ein ny distriktspolitikk.

Som fagleg grunnlag for ei ny planleggarutdanning var boka uomgjengeleg – men den var også utilstrekkeleg: Brox kjempar i kapitla der han kritiserer vegbygging og satsinga på utdanning, ein beint fram håplaus kamp. Det var ikkje mogleg å stoppe overgangen frå sjø- til landtransport, og uråd å stoppe overgangen frå opplæring gjennom deltaking i arbeidslivet til opplæring på

Alternativ planleggarutdanning i Tromsø: Inspirasjonen frå Ottar Brox

skular og universitet. Han undervurderte også storbylivets enorme tiltrekkingskraft, som han ironisk nok sjølv vart ein del av – Ottar Brox var busett på Oslos vestkant i 40 år - frå midten av 1980-talet og til han døydde i 2024.

I boka frå 1966 ser han heller ikkje kommunen kome, som den institusjonen som faktisk maktar å demme opp for ei storstilt sentralisering og bygdedød. Det ligg også eit interessant samantreff i at det lovfesta kravet om kommunal (general)planlegging vert innført frå 1966 av - same året som boka til Brox kom ut.

Eit fagmiljø med politisk «impact»: Avvisinga av ny Nord-Norge-plan

Hva skjer i Nord-Norge? hadde retta seg inn mot regjeringa Torp¹⁰ sin Nord-Norge-plan frå tidleg 1950-tal. Dermed var boka i ferd med å verte ein smule utdatert for analysen av regionale plantiltak på 1970-talet, då Universitetet i Tromsø starta.

Men så kjem det i 1972, nærast som «manna frå himmelen», ein ny Nord-Norge-plan frå dei sentrale styresmaktene! Dette skjer så godt som samtidig med at Ottar Brox tar til i jobben som professor ved Universitetet i Tromsø. NOU 1972:33 *Om landsdelsplan for Nord-Norge* er ei samanfating av eit omfattande utredningsarbeid i statleg regi, og var meint å danne grunnlag for Stortinget si behandling ein ny landsdelsplan. Dette skal vise seg å verte ein svært konfliktylt prosess, med den nye forskingsgruppa i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning i ei nøkkelrolle.

Ottar Brox vert utnemnd til professor i «lokalsamfunnets sosiologi» ved Universitetet i Tromsø, og starta sitt virke der 26. september 1972, dagen etter den første folkerøystinga om norsk EEC-medlemskap. Ved sidan av Brox var det berre statsvitarane Odd Handegård som var tilsett i fast stilling ved forskingsgruppa. Saman med Ottar Brox tok han for seg forslaget til ny Nord-Norgeplan, ein NOU som på det tidspunktet var sendt rundt til høyring i nordnorske kommunar og fylkeskommunar.

¹⁰ Det er vanleg å snakke om «Gerhardsen-perioden», men Oscar Torp var faktisk statsminister for Arbeidarpartiet i 1951- 1955.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

Brox og Handegård bestemte seg for å lage ein kritisk analyse av planforslaget, der dei i tillegg ville formulere «*noen konstruktive alternativer når det gjelder den økonomiske, sosiale og politiske utviklingen av Nord-Norge*» (Brox og Handegård 1974:1). Dei to forskarane la ikkje opp til ein omfattande gjennomgang og analyse av planforslaget, men på relativt kort tid var dei i stand til å lage ei utredning på 20 sider, med tittelen *Landsdelsplanen for Nord-Norge – kritikk og alternativ*. Her foretok Brox og Handegård først ein gjennomgang av hovudpunkta i planforslaget, spesielt når det gjaldt framtidig busettingsmønster i landsdelen, og dei viste deretter korleis planen såg for seg fiskerinæringa i framtidens Nord-Norge.

Målet for busettingsmønsteret var at det skulle oppretthaldast i alle dei tre regionane/fylka, men innerter i fylka vart det foreslått ei sentralisering, ved å bygge på steder (definert som «basisområde») på minst 1000 innbyggjarar. Samtidig vil ein ikkje utelukke at talet på innbyggjarar i basisområda «*vil måtte ligge vesentlig over 1000 innbyggere, med mindre helt spesielle forhold gjør seg gjeldende*» (NOU 1972:33, s. 20). Dette tolka Brox og Handegård som at framtidige vekstfremmande tiltak ville forbeholdast steder med minst 3 – 4000 innbyggjarar (Brox og Handegård 1974: 2).

Når det gjeld fiskerinæringa ville planforslaget at det skulle planleggast ut frå ein uttrykt «dualistisk» (todelt) modell, som omfattar «*en sentralisert, industriell del, og en desentralisert, ikke-industriell del*». Denne modellen går igjen i beskrivinga av fiskeflåten, der det bl.a. står at «*De mindre båtene kan gi muligheter for en aktiv retrett for mannskap i havfiskeflåten før pensjonsalderen...*» (ibid.: 78). Det vert også gjort framlegg om ei vidare utbygging av trålflåten.

Brox og Handegård vurderer forslag til ny Nord-Norge-plan som eit trugsmål mot dei hundrevis av lokalsamfunn som ligg utanfor pendlingsomlandet til basisområda. Dei påpeiker vidare at planen heller ikkje, på lengre sikt, kan ta vare på interessene til folk som bur i basisområda, for «*Det er bare et ekspansivt og livskraftig omland som kan sikre disse stedene på en varig måte, og gi dem politiske muligheter til å hevde seg overfor de større sentra.*» (ibid.:13).

Kommentarane frå Brox og Handegård vert avslutta med «Hovedprinsipper for en alternativ plan», der dei tar til orde for ein plan for satsing på det

lågaste nivået i stedshierarkiet – lokalsamfunnet, for dermed også å sikre «sentrums vedlikehold». Dette inneber ei prioritering av tiltak for å sikre inntektsmoglegheitene for etablerte familiar, og å skape føresetnader for rekruttering av nye hushald til fiskever og bygder. Slike inntektsmoglegheiter ligg etter Brox og Handegård si meining fyrst og fremst gjennom å ha ei desentralisert fiskerinæring, og denne kan sikrast gjennom offentleg satsing på infrastruktur (veg, vatn, hamn).

Denne analysen, kritikken og forslaget til alternativ plan vart til dømes ikkje sendt til *Tidsskrift for samfunnsforskning* for å verte vurdert som publiseringsverdig. Nei, utredninga vert maskinskrive på stensilar av sekretærar på Institutt for samfunnsvitskap, trykt opp på instituttet sin stensilmaskin, lagd i konvoluttar, frankert og sendt til alle Nord-Norges kommunar og dei tre fylkeskommunane i landsdelen, ledsaga av eit brev der lokale folkevalde organ vert oppmoda til å sette seg inn i den vedlagde mot-utredninga når dei gir sine høyringssvar til det statlege planforslaget, NOU 1972:33.

På bakgrunn av utredninga til Brox og Handegård (og sikkert også av andre grunnar) avviser dei tre fylka og ei rekkje kommunar det statlege planforslaget. Regjeringa Korvald, etterfølgd av regjeringa Bratteli, tar kritikken på alvor, og utarbeider ei melding til Stortinget der grunnideane frå det opphavlege planframlegget ikkje lenger er med. I eit etterskrift til den sirkulerte mot-utredninga konstaterer Brox og Handegård at dei nok har bidratt til at «sentralistiske» målformuleringar har vorte fjerna frå stortingsmeldingane som følgde planframlegget, men at verkemidla ikkje er har vorte endra som følge av kritikken. Og verkemidla peikar framleis i sentraliserande retning.

Det at ein professor og ein amanuensis på denne måten blandar seg inn i politiske prosessar på statleg, regionalt og kommunalt nivå vekte oppsikt, iallfall lokalt. Men Brox og Handegård sin kritikk var fagleg underbygd og sakleg framført. I eit avisinnlegg vart dei imildertid kritisert for bruk av Universitetet sine frimerke når forskarane distribuerte sitt plankritiske dokument til kommunar og fylkeskommunar.

Frå plankritikk til alternativ planlegging (1): «Generativ planlegging»

Studiet i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning ville sjølvsagt kome til å utdanne kandidatar som sikkert kunne eksellere i plankritiske ferdigheiter, særleg retta mot statleg nivå, men kva med å utvikle «positive»

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

plan-ferdigheiter, relevant for kandidatar som skulle kunne meistre planlegging på det lokale, kommunale og regionale nivået? Vart det utvikla eit oppdatert, fagleg basert undervisningsopplegg som kunne gjere framtidige kandidatar klare for praktisk utøving av planlegging? To tekstar frå «pionertida», ein av Ottar Brox og ein av Odd Handegård prøver å gi svar på dette spørsmålet. Først Ottar Brox sitt svar:

Brox publiserte artikkelen «Generativ planlegging» i 1971. I denne artikkelen skisserer Brox «*en modell for utviklingsplaner med sikte på økte velferd i marginale områder*» (Brox 1971:67). Her utviklar Brox skiljet mellom tradisjonell mål-middel-basert planlegging, som han kallar «mønsterplanlegging» og ei form for planlegging som tar utgangspunkt i «det som foregår rundt oss *nå*» (ibid.). Mønsterplanlegging handlar altså om at planleggaren formulerer eit mål i form av å beskrive ein framtidig tilstand for lokalsamfunnet, for deretter å finne fram til tiltak eller verkemiddel som kan bringe lokalsamfunnet over frå no-situasjonen over til den framtidige, ynskja tilstanden. For mønsterplanlegginga er ideen om det framtidige lokalsamfunnet drivaren, og denne tilstanden kan ein planleggar spesifisere gjennom å sette mål for folketal, for kommunikasjonar, tenestetilbod, bustader og næringsliv/bedriftsutvikling. No-situasjonen vert for planleggaren sett på som noko som ein gjennom tiltak vil prøve å endre på.

Den alternative forma som Brox foreslår, kallar han *generativ planlegging*. Denne har som utgangspunkt at planleggaren startar med å skaffe seg eit grundig oversyn over, og ei forståing av, no-situasjonen for dei lokale aktørane. Her er ideen at folk sine handlingar spring ut av (1) kognitive, (2) økologiske og (3) strategiske parameter: Folk innrettar seg etter kva dei (subjektivt) ønsker å oppnå, kva som det (objektivt) er uråd å gjere noko med, og det som det gjennom kollektiv handling kan endrast på. Planleggaren si rolle er då, ut frå ein slik analyse av aktørane, å avdekke «flaskehalsar» som hindrar eller avgrensar lokale aktørar sitt strev med å oppnå sine mål, i form av inntektsnivå, bustad og andre urrealiserte behov.

Men planleggaren må kunne sikre at realiseringa av den enkelte sitt mål ikkje blokkerer andre lokale aktørar sine moglegheiter, til dømes ved at målrealiseringa for den eine ikkje resulterer i ulemper for den andre, til dømes i form av overetablering eller overfiske.

Brox innser at generativ planlegging er krevjande, for med mange aktørar som kan ha forskjellige mål, og som står i forskjellige situasjonar, trengs det store mengder data for å kunne identifisere «flaskehalsar», og i tillegg trengs det kunnskap for å kunne avvege og prioritere mellom tiltak, slik at det «slår tilbake».

Men generativ planlegging gir også ein moglegheit for forenkling av planlegginga, og endåtil, ifølgje Brox, at ein gradvis kan redusere behovet for planlegging. Her er argumenta for det første at lokalsamfunnet delvis kan regulere seg sjølv, gjennom sine tradisjonar for uformell informasjonstilgang, problemløysing og bruk av nettverk. For det andre kan lokal planlegging verte avlasta ved at «sentral planlegging» tar seg av direkte støtte til bedrifter (den gang Distriktenes utbyggingsfond, i dag Innovasjon Norge). Ei tredje form for avlastning er å stimulere lokale aktørar til å danne organisasjonar som går frå å løyse eit enkeltproblem til å verte «muliti-purpose» organisasjonar for lokal problemløysing.

Og til sist uttrykker Ottar Brox sitt syn på planlegging i klartekst: «*Markedet innebærer også muligheten til reduksjon av planleggingsbehovet*» (s.76). Her tenker Brox på dei «gratis» signal som marknaden kan gi ein (nærings)aktør, men særleg er han oppteken av arbeidsmarknaden, og kva eit stram arbeidsmarknad kan bidra med i lokal problemløysing, til dømesi form av arbeidstilbod for eldre og delvis uføre arbeidstakarar. Viss det er stor etterspørsel etter arbeidskraft, vil det verte «plass til alle» og mindre behov for særskilt tilrettelegging frå det offentlege si side, i form av verna bedrifter eller trygd.

Brox ser altså mogleheita for ein *avgrensa planleggingsinnsats*, der fokus er på kartlegging av dagens situasjon, slik den fortonar seg for lokale aktørar, og på kva som skal til for at dei kan realisere sine mål, der ein til fulle utnyttar lokalsamfunnets uformelle mekanismar, stimulerer til organisatorisk samarbeid, føreset ei statlege bidrag til bedriftsutvikling, og øvrig lar den usynlege handa - marknaden- styre.

Det er slike muligheter for å forenkle og redusere planleggingsinnsatsen som kommer fram om en skifter perspektiv fra M2

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

*(mønsterplanlegging) til de prosessene som genererer M1
(gjennom generativ planlegging)¹¹*

M2 er det framtidige målet, M1 er dagens tilstand. Med *Generativ planlegging* antar Brox at med ei god kartlegging av dagens aktørar og deira mål, så vil planlegginga nesten gå av seg sjølv:

*En kan da relatere tiltak direkte til de målsettinger som folk
følger, heller enn å handle på den ytterst tvilsomme forutset-
ning at det mønster som en på en eller annen måte har fått
politisk godkjenning som planleggingens mål, er det beste for
regionens befolkning (Ibid.)*

Ottar Brox gir til kjenne eit svært radikalt – og nærast liberalt-konservativt - syn på lokal planlegging. Planteoretisk er det ein klar slektskap til Charles Lindblom sin teori om *inkrementell planlegging* (Lindblom 1973). Lindblom hevdar, som Brox, at det er fåfengt å stille opp mål (framtidig mønster) for planlegginga, men i motsetning til Brox, som vil sette lokale aktørar i fokus, vil Lindblom starte med å løfte fram og vurdere tiltak som lokale aktørar kan samle seg om. Akkurat som Brox vil Lindblom ha minst mogleg planlegging, med ei tru på at uformell problemløysing, nettverk og marknadsmekanismar vil kunne ordne det meste for lokalsamfunnet.

Ideen om *Generativ planlegging* er besnærande, her er det ein sterk appell til å tru på lokal fornuft, men kan modellen fungere som ramme for lokal planlegging? Er det ikkje bestemte føresetnader som må vere til stades for at denne planleggingsforma kan få ei allmenn nytte? Modellen kviler på fleire føresetnader som kan vere problematiske: Først, føresetnaden om at du kan planlegge for mindre, tekniske oppgåver, men at planlegging for heile samfunn i beste fall vil vere fånnytt, og i verste fall noko som bringer oss over i det autoritære (les: «Sovjet-like») samfunnet. Men denne føresetnaden held dårleg, for det er, gjennom opne politiske prosessar, mogleg å formulere felles, framtidsretta planleggingsmål for eit samfunn. Det heile er så enkelt som at vi har lokalt demokrati, vi har kommunar som nettopp er innretta på å fremje innbyggjarane sitt ve og vel, og innbyggjarane sjølve er med, både

¹¹ Brox 1972:77, forklarande parentesar tilføyd.

direkte og indirekte, på å bestemme og prioritere alt frå teknisk infrastruktur til offentlege tenester og understøtting av næringsutvikling. Det er i prinsippet, frå 1966 av, folket i val som legg føringar og mål for kva som skal prioriterast i den kommunale planlegginga.

Den andre føresetnaden er at folk flest bur i små lokalsamfunn, prega av hushald som driv sjølvsysseletting ved sidan av enkel vareproduksjon for sal. Den grundige, feltarbeidsprega kartlegginga av aktørar som Generativ planlegging føreset, er i praksis berre mogleg å gjennomføre i svært små bygdesamfunn. I dagens Norge ville det berre vere ein kommune, Utsira, med sine 200 innbyggjarar, som var fullt ut eigna for ein slik planmodell. Alle andre kommunar, også dei mange småkommunane, vil måtte nytte meir tradisjonelle planmetodar.

Føresetnadene om hjelp frå det uformelle nettverk, frå statleg småindustri-politikk og frå marknaden er også tvilsame. Vi har fått ein stor, kommunal sektor - også i småkommunar - fordi «nettverket» i stor grad handla om heimeverande kvinners ubetalte omsorgsarbeid, fordi Distriktenes Utbyggingsfond såg forbi gründarar og lokal småindustri, og fordi marknaden oftast vil favorisere stordrift og sentralisering, og berre unntaksvis vil «velge» småskalaproduksjon.

Men ideen om *Generativ planlegging* er for god til at vi bør forkaste alle elementa i den: Det å gjere grundige analysar av utgangssituasjonen, med utgangspunkt i aktørar sine opplevingar og deira eigne mål, bør vere eit heilt avgjerande element i all lokal planlegging. Likeins er det å tenke lokalsamfunn, både i bygd og by, med på å sikre at bidraaga frå det (gjenverande) uformelle samarbeids- og hjelpesystemet vert ivaretatt. Sjølv om store delar av velferdsstaten sitt hjelpesystem handlar om samhandling mellom ein statleg etat og eit individ, vil truleg samfunnet bryte saman om ein ikkje tok i betraktning bidraaga frå det som skjer mellom folk, lokalt. Dette er tankar vi finn att i eit av studentbidraga frå oppstartperioden, nemleg artikkelen *Generativ mønsterplanlegging* av dåverande magistergradsstudent Georg Kamfjord, publisert i *Sosiologi i dag*. Kamfjord kritiserer generativ planlegging som grunnmodell for planforståing og planpraksis, og forslår «generativ mønsterplanlegging» som eit alternativ.

I Ottar Brox sin modell, generativ planlegging, finst ikkje kommunen. Det er kanskje den viktigaste innvendinga mot modellen – at den ikkje ser

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

betydninga av den lokale, demokratiske institusjonen som, i tillegg til å levere velferdsytningar, gradvis overtar plan- og utviklingsansvaret frå eit fjernt og ekspertstyrt statleg (eller regionalt) nivå, også i dei minste lokalsamfunna langs kysten (Aarsæther 1977). Denne mangelen er aleine nok til å «parkere» generativ planlegging som ramme for lokal planinnsats, samstundes som det er element i modellen som det er uomgjengeleg nødvendige å inkludere, for å sikre plankvalitet.

Frå plankritikk til alternativ planlegging (2): Handegård og kommuneplanlegginga

Mens Brox hadde levert sitt «bod» på ei alternativ planlegging allereie i 1971, så kom Odd Handegård med sitt «*Notat om generalplanlegging i utkantkommuner*» to år etter. Notatet er på 24 sider, og det er openbert skrive som ledd i arbeidet med å bygge eit oppdatert pensum for undervisninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. I løpet av 1973 kom det heile fem notat frå Odd Handegård, alle utgitt på ISV si «stensilserie A». Ved sidan av notatet om generalplanlegging tok Handegård opp «Koordinering», «Kommunesentrum og omland», «Flytteprosesser i et øydistrikt», samt kritikken av Landsdelsplanen (Ottar Brox). Mens den sosialantropologisk orienterte Ottar Brox ønskte seg eit fokus på hushaldsbasert produksjon og yrkeskombinasjonar i små kystbygder, så ville statsvitaren Odd Handegård ha kunnskap om kommunar og planlovgiving inn som sentrale komponentar i den nye planleggarutdanninga. Dei to omgrepa som definerte utdanninga (planlegging, lokalsamfunn) vart nærast personifisert gjennom dei to fagpersonane.

Notatet til Handegård handla altså om det som den gongen heitte «Generalplanen», men som frå 1985 av får nemninga «Kommuneplanen». Det var bygningslova av 1965, sett i kraft 1966, som introduserte generalplanlegging, og som gjorde slik planlegging obligatorisk for alle norske kommunar. Tidlegare hadde plankravet berre omfatta bykommunar, men frå 1966 skulle altså alle med, også dei minste utkantkommunane.

Odd Handegård spør i notatet: «*Er det i det hele tatt mulig å tenke seg generalplaner som fungerer til fordel for nordnorske utkantkommuner?*» (Handegård 1973:2). Han er i utgangspunktet skeptisk, men startar med å gi

eit oversyn over tre former for kommunal planlegging som etter hans syn må vere med i ein generalplan: Det gjeld

- (1) Arealplanlegging /fysisk planlegging
- (2) Teknisk-økonomisk planlegging
- (3) Næringsmessig planlegging.

Handegård drøftar så om vilkåra er til stades for ein integrert plan, gjennom utforminga av lova. Han viser, med referanse til lova sine forarbeid, at motivasjonen først og fremst har vore å få offentleg kontroll med arealbruken i kommunane – at den ikkje skjer ved berre å ta stilling til kvar enkelt byggesøknad, men at utbygging skal skje i henhold til er ein plan som viser kor ulike funksjonar skal lokaliserast, eller med lova sine ord:

... generalplaner som angir hovedtrekkene i utnytting av grunnen [...] og for løsningen av vann- og kloakkspørsmål eller andre spørsmål om tiltak til dekning av allmenne behov innenfor kommunens område. (Bygningslova 1965. § 20.2)

Generalplanen er dermed først og fremst er ein arealplan for kommunen, og tilfredsstillar dermed pkt. 1 i det han føreset at ein kommuneplan bør omfatte. Men ein arealplan som angir lokalisering av bustadar, næringsareal og offentlege institusjonar må nødvendigvis følgast opp med investeringar i veg, vatn og avløp, altså støtte Handegårds krav nr. to, om teknisk-økonomisk planlegging. Sitatet frå lova viser at generalplanen også omfattar dette («vann- og kloakkspørsmål»), men utan at lova angir ei klar kopling til kommunen sine økonomiske prioriteringar. Å finansiere teknisk infrastruktur i ein vidstrekt utkantkommune er ikkje noko ein kan ta over kommunen sitt årsbudsjett, her må det langsiktig økonomisk planlegging til.

Men så kjem Handegård si viktigaste innvending: Ein generalplan som viser ønskt arealbruk og som sikrar investeringar i vatn og avløp vert verande eit tomt skall, dersom ikkje folk vil etablere seg, bygge hus og investere i lokal næringsverksemd. Og her er vi ved eit kjerneproblem for norske utkantkommunar, skriv Handegård:

Her er situasjonen, både i kommunesentrene og særlig i kommunenes ytterdistrikter, som kjent en desperat mangel på arbeidsplasser. Det er derfor til stede et akutt behov for en plan-

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

legging som nettopp setter næringsutviklingen i kommunene i fokus. (op.cit.:8).

Det er altså punkt tre i Handegård sine krav til planlegging det skortar på i generalplanlegginga: Planlegging for næringsutvikling er ikkje omfatta av lova. Rett nok er det opna for at planlegginga også kan omfatte «tiltak til dekning av allmenne behov», men Handegård viser til at det i forarbeida til lova er ei svært snever oppfatting av «allmenne behov» som ligg til grunn, for her vert nemleg «forsvarets, sivilforsvarets og den sivile luftfarts behov» framheva (ibid.:5).

Men fråveret av eit nærings- og jobbperspektiv i bygningslova betyr ikkje at det offentlege fråseier seg ansvaret for næringsutvikling i distrikta. Distriktenes Utbyggingsfond (i dag *Innovasjon Norge*) hadde allereie sidan 1961 gitt lån og tilskott til næringstiltak i distriktkommunane, men då i ein relasjon mellom statsorgan og den enkelte bedrift (Teigen 2019: 53ff). Men kommunane er ifølgje Handegård «i stor grad sjaltet ut når det gjelder den næringsøkonomiske planleggingen» (ibid.:12).

Ved at generalplanlegginga ikkje integrerer næringsutvikling i det kommunale planarbeidet, risikerer kommunane å kaste bort pengar og ressursar på å arealdisponere en del «luftslott», skriv Handegård. Inntil kommunane har iverksett utviklingsplanar for det lokale næringslivet, har utkantkommunane råd til å vente med generalplanlegginga, hevdar han (ibid.:20).

Kva var så Handegård sitt alternativ? Han meiner at kommunane som «desperat trenger arbeidsplasser» må ha dette fremst på dagsordenen, og han etterlyser eit plansystem som gir opningar for dette engasjementet, og der det vert ein betre balanse mellom planen sitt innhald og planprosessen. Særleg det Handegård kallar ei reorganisering av planleggingsprosessen vil vere av avgjerande betydning for utkantkommunane. Her stiller han seg svært kritisk til praksisen med å «bestille» ein plan frå eit konsulentfirma, slik mange kommunar gjorde for å kunne etterleve lova sitt krav om planlegging.

I ettertid har vi sett at Handegård sine krav til kommunal planlegging i stor grad har vorteinnfridd. Det vart opna for «strategisk næringsplanlegging» i kommunane frå 1980-talet av, men først i 2008 vart planlegging for

«verdiskaping og næringsutvikling» inkludert som eit obligatorisk element for kommunal planlegging (plan-og bygningslova § 3-1.

Tilbake i 1973 må Handegård ha vurdert kommuneplanlegging (generalplan) etter den dåverande bygningslova som passeleg irrelevant, og med små utsikter om at plansystemet ville forbetrast på kort sikt (og riktig, det skulle gå 35 år). Den utdanningsmessige implikasjonen for ei alternativ planleggarutdanning vart dermed å bygge kompetanse på næringsutvikling, meir enn på planlegging etter bygningslova. Og ja, det opna seg faktisk jobbmoglegheiter for studentar med denne kompetansen: Mange distriktkommunar etablerte stillingar som tiltakssjef, næringskonsulent og liknande, alt frå 1970-talet av.

Om vi samanliknar Brox sin ultraradikale modell for «generativ planlegging» med Handegård sin kritikk av måten kommunal planlegging var innretta på, så er det lett å sjå ulikskapen, både for forskning og for utdanning. Sjølv om vi godtar premissen om at den nye utdanninga først og fremst skulle rettast inn mot distrikt og ruralitet i nord, så er fokuset på planlegging grunnleggande ulikt utforma mellom Brox og Handegård. Brox er oppteken av hushald som økonomiske aktørar, som sjølvstendige næringsdrivande, og han ønsker først og fremst statleg styrte rammevilkår som kan bidra til å fjerne flaskehalsar for livs- og næringsutfalding i det rurale lokalsamfunnet. Kommunen inngår ikkje i analysen.

Heilt omvendt for Handegård: Han har ei breiare oppfatning av folk lokalt (som ikkje berre er dei sjølvsyssette), og han ser større moglegheiter for å trygge deira levekår, ikkje berre gjennom kommunen slik den er per 1973, men han vil ha meir kommune – ein kommune som integrerer næringsutvikling i sin plan- og utviklingspolitikk. For Handegård gjeld det å forbetre planlegginga; utvikle lokal planlegging som har fokus på prosess og deltaking, og på næringsutvikling.

Forskjellen mellom Brox og Handegård kan i stor grad tilbakeførast til ulike akademiske tradisjonar – Brox med ei antropologisk «trening», Handegård med eit statsvitskapleg fagleg utgangspunkt. Statsvitaren ser det folkevalde Stortinget som gir lovgrunnlaget for å utøve planlegging, etter 1966 som eit lokalt, folkevald ansvar. Antropologen ser familiar i strev med å sikre sitt utkome og i dette strevet inngår retten til å stemme på parti som kan presse fram reformer som gjer livet meir leveleg lokalt.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

Ved at Brox ikkje «ser» kommunen i dette fleirnivåsystemet, forblir kommunikasjonen mellom han og Handegård uforløyst: Plankritikk kan dei einast om, men grunnleggande sett anfører Brox per 1971 argument for minst mogleg planlegging, utover fjerning av «flaskehalsar», mens Handegård vil ha planlegginga utvida, demokratisert og prosessfokusert. Men verken Brox (med all respekt for «Generativ planlegging») eller Handegård stakar ut nokon konkret handlingsveg for dei studentane som søker seg til «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning», når det vert spørsmål om rekruttering til ein framtidig yrkespraksis, utanfor academia.

Eit fagkritisk studentmiljø

Trass i klare faglege forskjellar var det eit godt samarbeid mellom Ottar Brox og Odd Handegård i oppbygginga av det nye fagtilbodet. Men dei var få, og det var på kort sikt vanskeleg å skape eit fagleg stimulerande studentmiljø, for dei fleste som starta studiet i Tromsø var unge folk. Men dette var eit problem som interimsstyret hadde sett, og ved alle institutt vart det innført ei ordning som kunne «lokke» vidarekomne studentar frå Sør-Norge til å fullføre sine høgre grads studiar ved Universitetet i Tromsø. Dermed kunne det verte eit levande fagmiljø alt frå starten av. Ikkje så få av desse studentane søkte seg til Forskingsgruppa for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, og her gjorde dei seg sterkt gjeldande i fagdebatten. Ein av desse, Bjørn Hersoug, har skrive sine betraktningar om denne tida:

Planen blir til mens du planlegger

Bjørn Hersoug, professor emeritus NFH, UiT

Hvorfor UiT og hvorfor planlegging? Som alltid er det noe som støter ut og noe som drar. For meg var UiO og Blindern et stort og hierarkisk system, mens UiT lokket med noe helt nytt, lite og oversiktlig, men først og fremst tverrfaglig. «Hva skjer i Nord-Norge?» hadde jeg allerede stiftet bekjentskap med etter et år i Ingeniørvåpenet i Nord-Norge, og Brox hadde jeg hørt i regi av SF. Planlegging var jeg allerede involvert gjennom undersøkelser som skulle legge grunnlaget for en samordnet plan for Hardangervidda. Vi hadde til og med laget eget firma, *Økoplan*, med utpreget tverrfaglig profil. Og som alltid står det kvinner bak; kjæresten var dratt nordover som erstatningslærer jula 1972 og syntes Tromsø kunne være spennende. Kort sagt, det meste var nord, men langt fra planlagt i detalj.

For de av oss som kom som cand.mag. var magistergraden målet – en forskningsorientert utdanning som da var på vei ut. Selv hadde jeg sosiologi, filosofi og sosialøkonomi og så fram til å kombinere disse for de neste tre årene. På lesesalen satt vi sammen, sosiologer, statsvitere, økonomer, historikere, antropologer og pedagoger, noe som åpnet for mange nye bekjenskaper. Men tverrfaglighet i praksis var atskillig mer komplisert. Selv tok jeg opp tråden med Dag Leonardsen, som kom fra sosiologi og kriminologi ved UiO, og vi ble raskt enige om å skrive en omfattende studie av Arbeiderpartiets distrikts- og næringspolitikk 1935-75. Det falt ikke i god jord, og noen professorer mente temaet var for stort og utflytende, noe som bare gjorde oss sterkere motivert. Men heller ikke samarbeid var uproblematisk. Søknad måtte til for å skrive felles avhandling, i praksis ordnet slik at vi skrev annethvert kapittel. Da organisert planleggingsundervisning startet våren 1974, var prosjektet godt i gang. Abraham Hallenstvedt ble oppnevnt som veileder, men hadde det travelt og var allerede tungt involvert i oppstarten av Norges fiskerihøgskole. «Redningen» ble historieprofessor Hans Fredrik Dahl, ved UiO, som opptrådte som uoffisiell veileder og sparringspartner. Han tok også initiativ til at avhandlingen ble utgitt på Pax to år seinere, men da forkortet fra 600 til 300 sider, med den lett polemiske tittel; «Bygger de landet?».

Da undervisningen startet høsten 1973 hadde profetene forlatt oss. Berge Furre, Torild Skard og Ottar Brox ble alle innvalgt for SV på Stortinget

samme år - et politisk hyggelig resultat, men faglig litt skuffende. Statsviteren Odd Handegård ble satt til å forvalte arven etter Brox, noe han gjorde med stor entusiasme. I planleggingsgruppa møtte vi mange med felles interesser, noen kommende magistre mens andre startet på det nye studietilbudet. I praksis var tilbudet ganske magert, og både studiet og pensum ble i stor grad gjennomført som selvstudium. Magistergraden var basert på ansvar for egen læring, og etter tre år ventet en omfattende eksamen (avhandling, 2x12 timer skriftlig eksamen, prøveforelesning og muntlig).

Brox og generativ planlegging ble skoledannende, men selv om vi var enige politisk, var det mye vi etterhvert stilte spørsmålsteget ved, ikke minst forherligelsen av Nygårdsvold-populismen og realismen i Brox sin versjon av småbrukersamfunnet. Politisk gjaldt det å finne en tredje vei, mellom tilbakeskuende populisme med utspring i Venstremiljøer i Bergen og nyfrelste AKP-ere som tidvis dominerte det samfunnsvitenskapelige studentmiljøet i Tromsø. De første var primært opptatt av lokale samfunn i periferien, mens de sistnevnte var opptatt av klassekampen i industriestedene og i byene. Utfordringen «By og land, hand i hand» var ikke bare en politisk utfordring, men også en faglig. Hvordan planlegge for å se både sentrum og utkant i sammenheng?

Hva fikk vi så ut av planstudiene? For det første, en livslang interesse for lesing på tvers av fag og en sterk vilje til å jobbe tverrfaglig. For det andre, en kritisk tilnærming til etablerte sannheter, også de som kom fra egne profeter. For det tredje, et papir på at vi hadde et visst grep på (teoretisk) planlegging. Praksis kom først seinere, og da i form av fylkesplanlegging i Troms fylkeskommune, en planform som lå langt fra generativ planlegging. Etter fem år gikk turen tilbake til UiT, men da på Norges fiskerihøgskole, først som stipendiat og deretter amanuensis og professor i fiskeriplanlegging. Men det er en helt annen historie.

Oppstart og mannefall

Utdanninga i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning var frå starten av tenkt som ei spesialisering innafor cand.polit.-studiet. Cand.polit.-studiet var tenkt som ein «monolitt», noko nær eit profesjonsstudium, og ulikt den dåverande universitetsmodellen der tre fag inngjekk i ein cand.mag., og der eit av de desse kunne byggast ut til hovudfag.

Tromsø-»monolitten» var basert på at studentane gjennom studieløpet skulle veksle mellom å ta fellesemne i metode og teori, og fordjuping innafor ei spesialisering (der Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning var ei av fire retningar). I denne studiemodellen skulle dei første tre semestera vere felles. Deretter kom spesialisering i regi av forskingsgruppene, så eit heilt år med praksis, etterfølgd av eit fjerde år som igjen skulle vere felles, og til slutt eit hovudfag (spesialisert i forskingsgruppe) på to år. I neste kapittel skal vi sjå at denne modellen ikkje fungerte godt, og at den etterkvart, etter mykje intern strid, vart endra.

Utdanninga i samfunnsvitskap starta med ex.phil. hausten 1972, og heldt fram i 1973 med første års grunnfagskull. Så ville dei første studentane som valde spesialisering Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning vere klare for oppstart i januar 1974.

Men før den tid hadde det skjedd store ting i det «minimale» fagmiljøet som forskingsgruppa utgjorde: Vi har nemnd at Ottar Brox i 1973 vart vald inn på Stortinget, som representant for SV, og Odd Handegård vart då att som (førebeles) den einaste fast tilsette. Og det skulle verte enda meir vanskeleg, for tidleg i 1974 søkte Odd Handegård seg over til Norges Fiskerihøgskole.

Nils Aarsæther, med bidrag fra Bjørn Hersoug

Litteratur

Bjørklund, T. (1982). *Mot strømmen – kampen mot EF 1961-1972*. Oslo: Universitetsforlaget.

Brox, O. (1966). *Hva skjer i Nord-Norge?* Oslo: Pax

Brox, O. (1971). *Avfolking og lokalsamfunnsutvikling i Nord-Norge*. Avhandling til lisensiatgraden, Norges Landbrukshøgskole.

Brox, O. (1971). *Generativ planlegging i PAG – artikkelsamling 2*. Bergen: Populistiske Arbeidsgrupper, s 67-77.

Brox, O. & Handegård, O. (1974). *Landsdelsplanen for Nord-Norge – kritikk og alternativ*. I *Stensilserie A, samfunnsfag, nr 8*, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø.

Eriksen, E. O. (1996). *Det nye Nord-Norge – avhengighet og modernisering i nord*. Bergen: Fagbokforlaget.

Fulsås, N. (1993). *Universitetet i Tromsø 25 år*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.

Brox, O. (2014). *Intervju med Eivind Bråstad Jenssen 14. Oktober 2008*, I Jensen, E.B. *Universitetsspionerene*. Tromsø: UiT Norges Arktiske Universitet, s. 33-42.

Handegård, O. (1974). *Notat om generalplanlegging i utkantkommuner*. I *Stensilserie A, samfunnsfag, nr 9*. Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø.

Kamfjord, G. (1973). *Generativ mønsterplanlegging. Sosiologi i dag*.

Kjellberg, F. (1965). *Politisk lederskap i en utkantkommune*. I *Tidsskrift for samfunnsforskning* årg. 6, nr 1, s. 74-90.

Kleven, T. (2011). *Fra gjenreisning til samfunnsplanlegging. Norsk kommuneplanlegging 1965-2005*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Alternativ planleggarutdanning i Tromsø: Inspirasjonen frå Ottar Brox

Lindblom, C. E. (1973) *The Science of Muddling Through* i Faludi, *A Reader in Planning Theory*. Oxford: Pergamon Press, s. 151-170.

Løchen, Y. (1998). *Institutt for samfunnsvitenskap*, i Bull, t. & Vorren, T. O. (red.) *Universitetet I Tromsø - Glimt fra de første 30 år*. Tromsø: Ravnetrykk, s. 239-247.

Mathiesen, P.(1998). *Litt om «forskjellighetens» problem i anledning 30-årsmarkeringen*, i Bull, T. og Vorren, T.O. (red.) *Universitetet i Tromsø - Glimt fra de første 30 år*. Tromsø: Ravnetrykk., s. 248-259.

Paine, R. (1970). *Coast Lapp Society II. A study of economic development and social values*. Tromsø: Tromsø Museum.

Park, G. (1958). *An Afterpiece to Peasantry*. Pdh-avhandling, University of Chicago.

Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.

Teigen, H. (2019). *Distriktpolitikkens historie i Norge*. Oslo: Cappelen-Damm Akademisk.

Øyen, Ø (1958). *Jernverksbyen tar form*. Dr.philos-avhandling, Universitetet i Oslo.

Aarsæther, N. (1977). *Framveksten av kommune-orientering i norsk distriktpolitikk*. I *Sosiologi i dag*, nr 1, 1977.

Aarsæther, N., Oltedal, A., Botnen, I., & Ramsdal, H. red. (2023). *Venstrepopulisme? Ja!* Oslo: Novus forlag.

Kapittel 3:

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

Nils Aarsæther

Forspelet er unnagjort, no skal undervisninga starte. Dette kapitlet tar for seg oppstarten i 1974, med spesiell vekt på korleis det faglege innhaldet i utdanninga utvikla seg.¹ Så tar eg for meg dei studiemessige grepa som blei utvikla utover på 1970-talet, med praksisår, Høstseminaret i samfunnsplanlegging, regionalseminar og feltkurs (som på 1970-talet blei omtalt som «ekskursjonar»). For å gjere framstillinga litt levande, fortel eg korleis det første feltkurset blei ein arena for konfrontasjon mellom eit fagmiljø ved det nye universitetet – og det nordnorske landbrukssamvirket.

Oppstarten i 1973-74 blei lettare kaotisk for fleire av dei samfunnsfaglege retningane ved stor-instituttet ISV. Ottar Brox var blitt vald inn på Stortinget. Slik gjekk det og med andre nøkkelpersonar ved Instituttet: I 1973 kom både skoleforskaren Torild Skard og historikaren Berge Furre med i Sosialistisk Valforbund si Stortingsgruppe, Furre seinare som partileiar i SV. Også professoren i Samiske studiar, Harald Eidheim, hadde returnert til Oslo. Perioden med entusiastiske gründarar og vellukka improvisasjon varte ikkje stort lenger enn eit år. Eit nytt studentkull melde seg. Det var behov for formalisering, eller med Max Weber sine ord: «rutinisering av karisma» (Weber 1947:363).

Instituttet hadde - til alt hell - tilsett ein «allround-professor»: Cato Wadel, sosialantropolog med erfaring frå studiar av sildefisket på Vestlandet og av distriktssamfunn i Canada. Han starta arbeidet sitt ved instituttet i 1972. Wadel var sterkt engasjert i undervisninga, han kunne trollbinde dei unge studentane på forelesingane, og han la ned eit stort arbeid i organiseringa av tilbodet for studentane på første året i samfunnsvitenskap, og deretter i førebuinga av det andre, spesialiserte studieåret. Wadel var ein utprega karis-

<https://doi.org/7557/7.7871> Aarsæther, N.: 1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

matisk leiar. Han ville ha ting gjort, men det skulle vere ting som motiverte og engasjerte.

Ved spesialiseringa i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning var Odd Handegård blitt nokså aleine om å stå for undervisninga. Men han fekk hjelp: På Sosialpolitikk og aksjonsforskning var juristen Erik Boe tilsett. Han forska på, og hadde gitt ut ei bok om, Distriktenes Utbyggingsfond sin tildelingspraksis (Boe 1974). Dermed hadde han opparbeidd ein kompetanse som var vel så relevant for samfunnsplanlegging som for sosialpolitikk, og han samarbeidde med Odd Handegård om å førebu undervisningstilbodet som starta opp våren 1974. Studentane var også med på fagutviklinga: Handegård og Boe fekk hjelp av studentane Jens Revold og Helge O. Larsen til å lage det første undervisningsopplegget for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Lærarar og studentar samla seg etter kvart om seks tema som skulle definere undervisninga i «Distriktsplanlegging», som utdanninga først blei kalt:

- Historisk og makro-økonomisk perspektiv på planlegging
- Offentlig virksomhet: Målsetting, virkemidler, teori om regional utvikling
- Næringspolitikk
- Utbyggingsorganer, utviklingsprosjekter og lokalsamfunn
- Planlegging og økologi
- Distriktsutbygging i politisk perspektiv

Desse hovudpunkta viser tydeleg at at Ottar Brox har «forlatt åstedet»; at andre (men Brox-beslekt) faglege interesser har fått prege det faglege utviklingsarbeidet. Vi kan merke oss at Brox sin ide om generativ planlegging ikkje er med i nokon av tema-formuleringane. Forståinga av planlegging som makro-orientert, med «målsetting og virkemidler» pregar overskriftene, men dette var jo nettopp den tilnærminga til planlegging som Brox kritiserte.

«Lokalsamfunn» er også tildelt ein beskjeden plass, og i den samanhengen ordet er sett opp, saman med «utbyggingsorganer, utviklingsprosjekter» er det lett å tenke at her blir lokalsamfunn redusert til berre å vere nedslagsfeltet for offentleg politikk.

I opplistinga av undervisningstema er det er ikkje signalisert at ein vil bygge kompetanse på å utføre planlegging nedanfrå, altså å sette studentane -som ferdigutdanna kandidatar - i stand til å leie arbeidet med kommunal og regional planlegging. Fagopplegget, slik det her er skissert, framstår som innretta mot oppøving i akademisk, kritisk analyse av offentleg politikk og statleg planlegging, tydeleg inspirert av ny-marxisme og kritisk statsvitskap², men (heldigvis) med ei klar empirisk orientering. Elles kan vi merke oss at «økologi» er med blant dei sentrale tema undervisninga skulle dekke. Det var ikkje mange fag som hadde dette temaet framme i 1974.

Så startar studentane

Det hadde meldt seg litt fleire enn 10 studentar då undervisninga tok til i januar 1974. Undervisningsopplegget bar lite preg av klassiske forelesingsrekker; det var lagd opp til ein stor grad av eigenaktivitet blant studentane, med to seminar kvar veke. Her veksla det mellom studentframlegg basert på oppgåveprosjekt og innlegg der dei tilsette (og inviterte gjesteforelesarar) tok opp fagtema og/eller la fram sine forskingsprosjekt.

Studentane, ei blanding av røynde magistergradsstudentar, studentar med arbeidslivserfaring og heilt unge studentar, var alle sterkt engasjerte i spørsmål knytt til distriktsutvikling og planlegging, men ut frå nokså ulike perspektiv. Både mellom studentar og mellom tilsette utvikla det seg nokså harde frontar mellom «broxistar» og ulike typar «marxistar». Mange av dei radikale studentane ønskte ei undervisning basert på eit marxistisk utgangspunkt for analysen av distriktsproblema. Dei ville ha eit sterkare fokus på korleis ein kapitalistisk dominert økonomi legg føringar på den offentlege politikken, og meir spesifikt korleis den distriktpolitiske innsatsen vil bli avgrensa når statsmakta innordnar seg maktforholda i ein kapitalistisk økonomi. Dette kompromisslause marxistiske synet står i kontrast til Ottar Brox sin analyse. Han hadde analysert det politiske mulighetsromet i boka *Hva skjer i Nord-Norge?*, der poenget var kva ein politisk kunne kunne få til ved eit samspel mellom folkeleg motmakt og parlamentarisk alliansebygging.

Men også blant dei Brox-kritiske studentane var det eit tydeleg skilje: Tilhengarar av marxismen-leninismen ville ha eit studium som i tråd med Karl Marx sine tankar skulle framheve arbeidarklassa si rolle. Slik skulle undervisninga kunne gi grunnlag for å førebu ein revolusjon, eit valdeleg

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

oppger med borgarskapet si statsmakt og den private eigedomsretten til produksjonsmidla. Eit «proletariatets diktatur» var så, i følge marxismen-leninismen, neste steg på vegen mot det klasselause samfunnet.

I dag vil vi betrakte dette som passeleg livsfjernt, men på tidleg 1970-tal hadde marxist-leninistane etablert ein hegemonisk posisjon i studentmiljøa i Norge. Men det var få av desse som søkte seg til studiet i «samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning», kanskje fordi studiet hadde ein eksplisitt reformistisk profil. Dei revolusjonære studentane søkte seg heller til andre studiar, som spesialiseringa i «sosialpolitikk og aksjonsforskning». Studentar på dette fagfeltet danna ei «industrigruppe» der ein skulle studere vilkåra for mobilisering av arbeidarar i større industribedrifter i landsdelen. Dette inkluderte at studentar slutta aktivt opp om streikar i landsdelens storindustri, og fleire av dei avslutta studiane og «sjølvproletariserte» seg i industribedrifter.

Mens dei revolusjonære og sympatisørane deira fann seg til rette kring forskingsgruppa for Sosialpolitikk og aksjonsforskning, rekrutterte studiet i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning radikale studentar som politisk sokna til SV «med omland». Desse tok avstand frå revolusjonsromantikken til marxist-leninistane. Men dei ville ha ein analyse som i større grad enn «broxismen» la vekt på å analysere rammene som kapitalismen set for utøving av ein offentleg politikk for rettferd og velferd generelt, og for ein desentraliserande distriktpolitikk spesielt. SV-orienterte studentar etterlyste dermed meir vekt på eit makro-perspektiv på maktutøvinga i samfunnet og mindre vekt på mikro-beslutningar (og generativ planlegging) som hadde hushald og lokalsamfunn som utgangspunkt.

SV-studentane tok tydeleg avstand frå marxist-leninistane sin revolusjonsteori. Å innføre ein distriktpolitikk basert på sosialistiske premiss måtte gå fredeleg for seg og bygge på eit stortingsfleirtal. I praksis ville dette bety at eit radikaliserert Arbeidarparti spelte saman med ei stor SV-gruppe for å gjennomføre strukturelle reformer. Men med eit AP (og ei LO-leiing) som aktivt hadde gått inn for norsk EEC-medlemskap, saman med høgerekreftene, var det langt fram for å lukkast med denne strategien.

Men Brox-tilhengarane, i denne perioden anført av Odd Handegård, insisterte på å bygge forståinga av samfunnet nedanfrå, og legge opp til handling ut frå ein analyse av lokale tilhøve. Broxistane hevda at også sosialistar måtte kunne «heie på lokale kapitalistar» og retta kritikken mot den teknokratiske

tenkemåten, som einssidig la vekt på støtte til industriell stordrift. Dette var imidlertid å utfordre mektige krefter og tenkemåtar, for i etterkrigstida var den storindustrielle utviklingsmodellen lagd til grunn for statleg planlegging nærast overalt, også i land som hadde tatt eit oppgjær med kapitalismen!

Brox-tilhengarane hevda at samfunnsutviklinga, også innafor ein overvegande kapitalistisk økonomi, kunne endrast og påverkast gjennom parlamentariske fleirtal, politiske alliansar og reformer, der det var eit samspel mellom utforming av offentleg politikk og folkeleg-politisk engasjement. Som nemnt hadde Ottar Brox utforma ei oppskrift for systemkritisk reformarbeid, med ambisjonar om politisk gjennomslag for ein alternativ distriktpolitikk (Brox 1966: 178-200).

Mens debatten mellom broxianarar (med fokus på hushald og lokalsamfunn) og ulike kapitalkritiske posisjonar (med fokus på staten si rolle) gjekk føre seg på studenthyblar, allmøte, seminar og i kantinene, nærast lista *kommuneperspektivet* seg inn på den faglege dagsordenen. Odd Handegård hadde, før han takka av, skrive ei rekkje artiklar (i ISV sin stensilerie) med fokus på kommunen si rolle i planlegging og ikkje minst, i lokalt nærings- og utviklingsarbeid. I fortsettinga skulle det kome til å handle meir og meir om kommune i fagmiljøet.

Ny stab i forskingsgruppa

I april 1974 blei Nils Aarsæther (f. 1947) tilsett som stipendiat i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Han var cand.polit. frå Universitet i Bergen, med hovudfag i sosiologi, der han hadde skrive hovudoppgåve om desentralisert lokalsamfunnsutvikling i ein utkantkommune på Sunnmøre, Vanylven kommune (Aarsæther 1973). Han hadde og organisasjonserfaring som fylkessekretær i Folkebevegelsen mot norsk EEC-medlemskap (1971-72), og han var ein av stiftarane av Populistiske Arbeidsgrupper (PAG) i Bergen.

Då han som stipendiat kom til Universitet i Tromsø, hadde Ottar Brox dratt til Stortinget, og den einaste fast tilsette, Odd Handegård, var i ferd med å avslutte sitt arbeidsforhold ved instituttet og forskingsgruppa. Den einaste kollegaen til Aarsæther var då ein annan stipendiat, Reinhard Mook, men hans fagbakgrunn var meteorologi, og utover statistikkundervisning kunne

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

han i liten grad gjere seg gjeldande i den utdanninga som forskingsgruppa skulle stå for.

Instituttleiar ved ISV var i 1974 Jon Eivind Kolberg, tilsett i sosialpolitikk-gruppa. Kolberg, som stod midt oppe i ein situasjon med kombinasjonen studiestart og «masseflukt» av nøkkelpersonale, og som i tillegg var blitt sjukmeld, hadde ein uformell samtale med den nyttilsette Aarsæther. Her oppmoda han Aarsæther til å kontakte «nokon brukbare folk som du kjenner til som kan kome nordover», i eit forsøk på å løyse problema med å få undervisningspersonale på plass ved semesterstart, hausten 1974. Aarsæther foreslo å kontakte Jan Einar Reiersen, som var utdanna geograf og som jobba som vitenskapleg assistent ved Geografisk institutt ved NHH i Bergen. Reiersen sa seg villig, og han blei engasjert i ei mellombels undervisningsstilling frå hausten 1974 av.

Det høyrer med til historia at både Reiersen og Aarsæther hadde vore med i miljøet kring Ottar Brox i Bergen (Brox var tilsett ved Sosialantropologisk Institutt, Universitetet i Bergen 1968-1972). Dette var eit miljø som hadde adoptert Brox sitt populisme-omgrep og som i 1971 hadde danna studentorganisasjonen Populistiske Arbeidsgrupper (PAG) i Bergen. Frå hausten 1974 fekk studiet namnet Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, og to lojale «broxianarar» stod for undervisninga.

Det hadde vist seg håpløst å engasjere ein ny professor «på sparket» etter at Brox drog til Stortinget, og ledige lønsmiddel etter Brox blei nytta til å engasjere to vitenskaplege assistentar i 1975: Sidsel Larsen (seinare Saugestad) og Siri Gerrard, begge med magistergrad i sosialantropologi. Dermed var det skapt eit undervisningsmiljø som var lite, men stort nok til å dekke store delar av det breie feltet frå lokalsamfunnsforskning til samfunnsplanlegging: frå studiar av det uformelle dagleglivet til analysar av regional utvikling og vidare til statleg og kommunal politikk og planlegging.

Fleire tilsettingar var på gang. Abraham Hallenstvedt, statsvitar og ein nøkkelperson i oppbygginga av Organisasjonsarkivet ved Universitet i Oslo, blei tilsett, og i 1976 kom Jon Gulowsen som førsteamanuensis. Han hadde bakgrunn som sivilingeniør og erfaring som forskar på arbeidsmiljø og arbeidarrrettar i industrien. Ikkje uventa var verken Hallenstvedt eller Gulowsen fagleg engasjerte i samfunnsplanlegging eller i regional- og lokalsamfunnsforskning. Hallenstvedt søkte seg, som Odd Handegård før han, over til

Nils Aarsæther

Norges Fiskerihøgskole, der han gjorde ein stor innsats i fagutviklinga, særleg gjennom sin organisasjonsteoretiske kompetanse. Gulowsen si undervisning blei etterkvart lagd til eit emne han sjølv tok initiativet til og utvikla, «Teknologi og samfunn». Dette emnet utfylte det vi kan kalle den «oversosialiserte» tenkemåten i samfunnsfaga, som lenge hadde undervurdert teknologiske endringar, og spesielt industriell organisering, si betydning for makt og samfunnsliv.

At rekrutteringa ved det nye universitet kunne verke litt paradoksal, blei understreka av at Aarsæther og Reiersen plutseleg ein dag fekk melding om at dei hadde fått (enda) ein ny kollega. Det viste seg å vere ein etnolog som nyleg var blitt tilsett ved Tromsø Museum, men på Museet var han visstnok ikkje «rett person», og løysinga var då å «sende han over» til ISV og til forskingsgruppa for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Etter ei tid med undervisningsmessig lediggang sørga ISV sin dyktige instituttsekretær, Terje Steen Edvardsen, for at det blei ordna med statsstipend til etnologen.

Det første kullet definerer profilen

To studentar, Helge O. Larsen og Arne R. Hole, hadde «tjuvstarta» på det eittårige mellomfaget i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning og tok eksamen i juni 1974, mens hovuddelen av kullet tok sin eksamen i desember. I alt var det 11 studentar på 1974-kullet. Det var ingen skriftleg skoleeksamen. Eksamen bestod av semesteroppgåva, ei sjølvstendig, empirisk basert oppgåve på 20-30 sider. I tillegg kom ein munnleg eksamen, som varte om lag ein time. . Av dei 11 kandidatane var det 10 som oppnådde «laud» (2,5 eller betre). Det var 10 menn og 1 kvinne på det første kullet på lågare grad.

Semesteroppgåvene var sjølvvalde, og val av tema avspeglar både undervisningstilbodet og studentane sine interesser. Dei 11 første kandidatane hadde følgande tema for semesteroppgåvene:

- Helge O. Larsen – Rekruttering av nye hushold i en kystkommune (Leirfjord)
- Arne R. Hole – Distriktenes Utbyggingsfond som distriktspolitisk virkemiddel (Storfjord)

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

- Kari Mette Aaseth – Den moderne kvinnebevegelsen – en sentraliseringsfaktor?
- Per Anton Djupvik – Problemer eller selvfølgeligheter i distriktpolitikken
- Inge Flage – Investeringsmuligheter i periferi og sentrum
- Pål Christensen og Jens Revold – Arborsaken (Hattfjelldal). Beslutningsprosessen i et DUF-prosjekt
- Hallvard Tjelmeland – Skatteutjæmningsmidla og Tromskommunanes økonomi
- Kjell Magne Mælen – Pendling og strev for arbeidsplasser i Dyrøy kommune
- Viggo Andreassen – Planlegging, arbeidsmarked og flytting i Gratangen kommune
- Georg Kamfjord – Den privilegerte student? En analyse av statens velferdspolitikkk for studenter

Her ser vi at 9 av 10 oppgåver plasserer seg sentralt innfor distriktpolitikfeltet. Fem av oppgåvene dreier seg om enkeltkommunar, og alle desse har små utkantkommunar i Troms eller Nordland som nedslagsfelt. Oppgåvetitlane viser kva for profil faget hadde i oppstartfasen: mange av oppgåvene er ruralt og kommunalt orienterte, og nokre oppgåver tar opp verkemiddelkritikk og meir makro-orienterte debattar om distrikts-Norge si framtid.

Det var svært empiritunge arbeid studentane la fram til vurdering. Teoretisk sett var dei enkle; i praksis var dei så godt som alle bygd opp etter formelen «Ideal og realiteter»: Styresmaktene (stat, fylke eller ein kommune) ser, eller blir tvinga til å sjå, eit problem, utarbeider tiltak og set dei i verk, men går det etter planen? Gjennom innsamling og analyse av data kunne studentane svare på denne enkle problemstillinga med å konstatere at realitetane ikkje var i samsvar med ideala.

Det skorta altså ein del på tileigning og bruk av teori. Ideen bak studiet var imidlertid at studentane kunne bygge på det dei hadde lært på grunnfaget i samfunnsvitskap, altså studiet på førsteåret. Her skulle det vere ei elementær teori, metode og analysemodellar som studentane kunne nytte når dei på andre studieår, det eittårige mellomfaget, skulle gå laus på empiriske, forskingslike oppgåver.

Men dette skjedde i liten grad, for også undervisninga på grunnfaget var prega av «rapportar frå empirien», der lærarane inspirerte studentane (og kanskje også seg sjølve) ved å forelese over overraskande og utfordrande funn frå eige feltarbeid og intervjuundersøkingar.

Grunnomgrepa og treninga i å handtere dei skorta det på, kanskje fordi den fleirfaglege undervisninga blei nokså oppstykkka, med lite fagleg progresjon i opplegget: Normalt var det slik at ein faglærer frå ei av dei fire forskingsgruppene (pluss ein og annan gjesteforelesar utanfrå) «var innom», leverte sine forelesingar, og overlèt stafettpinnen til nestemann. Allround-profesoren Cato Wadel tok på seg å samle trådane, men han var jo sosialantropolog, og han la stor vekt på mikro-nivået, og, sett på spissen, berre det. «Cato Wadel var som eit slagskip på instituttet, og dermed fekk faget ei slag-side», kommenterte Odd Handegård¹.

Så når studentane på andreåret skulle gå laus på empiriske studiar i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, var problemstillinga gjerne ulike versjonar av «Idealer og realiteter²», eit fagleg grep som hadde universell anvending, og som også kunne appliserast på distriktpolitiske tema utan at ein ville få intellektuelle kvalar (som fordjuping i avansert teori stundom fører med seg).

Pionertid: Utoverretta tiltak blir bygd opp

I 1974 hadde Reiersen og Aarsæther overtatt og vidareført eit undervisningsopplegg som var svært så empirisk (men ikkje dermed praktisk!) orientert. Frå 1975 av kunne dei bygge opp eit studium som var meir skreddarsydd i forhold til formuleringane i «Innstilling om samfunnsvitenskapelige fag» der det var ei sterk tilråding om at fagmiljøa måtte engasjere seg i utoverretta aktivitetar³. Så på kva måte kunne undervisninga blir retta inn mot praksisfeltet: samfunnsplanlegging og distriktsutvikling? Korleis kunne den nye kunnskapen, erverva gjennom forskning og studentoppgåver, bli formidla til publikum, til næringsliv, politikk, organisasjonsliv og

¹ Sitatet er funne i eit upublisert notat frå eit møte i 1974, i Nils Aarsæther sitt arkiv.

² *Idealer og realiteter* er faktisk tittelen på Yngvar Løchen si bok om livet i et psykiatrisk sykehus.

³ Universitetet i Tromsø 1972: 182-183.

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

forvaltning i landsdelen? Og kunne ein gå enno vidare, som det stod i «Innstilling...», ved å tilby rådgiving og ta på seg relevante planleggings- og utredningsoppdrag? Var det i det heile mogleg å gjere alt dette, med svært begrensa ressursar, og samtidig gjennomføre ordinær undervisning og kvalifisere seg vidare i det akademiske liv?

Svaret var ja, både fordi faglærarane var sterkt motiverte for det, og fordi dei var omgitt av eit svært så engasjert studentmiljø. På 1970-talet var mange studentar i Tromsø omtrent på same alder som lærarane, og fleire hadde yrkeserfaring. Den tids studentar fann det naturleg å stille opp ved toverretta opplegg, og dei kom med initiativ til nye innsatsar i skjeringspunktet mellom akademia og landsdel. I det følgande tar vi for oss fire tiltak som blei initiert eller følgd opp i forskingsgruppa for samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning på 1970-talet: praksisåret, feltkurset, «Høstseminaret» og regionalseminaret. Deretter vi vender vi tilbake til studentar, forskning og eit tilbakeblikk over 1970-talet, ei tid prega av visjonar, men også av interne spenningar.

Praksisåret – i praksis altomfattande

Instituttet hadde vedtatt ei kandidatutdanning der det tredje året skulle vere eit «praksisår», ved at studenten, etter å ha gjennomført felles grunnfag og spesialisering på 2. året, skulle ut i relevant praksis. Men det blei opplevd som litt for drastisk å krevje at alle studentane på samfunnsfag skulle ut i eit års yrkespraksis; i alle fall blei praksisåret frå starten av gjort frivillig. Alternativt kunne studentane ta eit grunnfag/ei årseining som støttefag i utdanninga. Sidan praksisåret blei gjort frivillig, blei det ikkje bygd opp nokon eigen «praksisadministrasjon» på instituttnivå. På dei fire spesialiseringane blei det opp til dei tilsette å organisere eit praksistilbod ved å avtale med relevante institusjonar at desse kunne ta imot ein eller fleire praksisstudentar. Men dette blei ei nokså håplaus oppgåve, all den stund studentane kunne ombestemme seg og heller velje eit studieår, etter at det var lagd ned mykje arbeid med å legge til rette praksisplassar.

Og så var det eit problem at det frå første stund var eit anstrengt forhold mellom den «broxianske», plankritiske faggruppa på universitetet og landsdelens planleggingsinstitusjonar: fylkesmann, fylkeskommune og (by)kommune. Det som ideelt sett burde vere enkelt å få til, viste seg å vere vanskeleg å realisere. Løysinga blei at studentar som ville gjennomføre praksisår, blei

oppmoda til sjølve å ta kontakt med relevant institusjon, og så ville faglærer og administrasjonen overta, lage kontrakt, oppnemne rettleiar på UiT og sørge for at det var ein kontaktperson ved planinstitusjonen.

Det som kunne vore eit nøkkelement i formidlinga mellom plan-akademia og plan-landsdel, blei ikkje fullt ut realisert. Vel var det ein del studentar som gjennomførte praksisår, men så viste det seg at siste ledd i namnet på faget «...og lokalsamfunnsforskning» gav opningar for svært spesielle praksisformer. Var det ok å gjennomføre praksisår på same arbeidsplass som ein student hadde jobba før studiane? Var det ok å ha praksisplass som dreng på ein gard? Var det å vere husmor anerkjent som yrkespraksis, og i så fall: Kunne ein student gjennomføre praksisåret som husmor i eigen heim? Vel, på 1970-talet var dette faktisk mogleg å få godkjent, og det bidrog kanskje til å gi praksisåret eit ufortent dårleg rykte. Men planleggarstudenten Friedel Brandt (meir kjent som tidlegare trommeslagar i bandet Pussycats), gjennomførte i 1976 praksisåret som planleggar i mikrokommunen Bjarkøy (som seinare blei samanslått med Harstad).

Høstseminaret i samfunnsplanlegging – «Talarstolen i Tromsø»

Alt frå 1975 av etablerte fagmiljøet, med Reiersen og Aarsæther i spissen, ein forløpar til det som skulle bli til det årlege Høstseminaret i samfunnsplanlegging, og som i mange år var litt av eit flaggskip i Universitetet i Tromsø si utoverretta verksemd.⁴ Oppstarten var litt spesiell: Det var, ikkje uventa, eit litt anstrengt forhold mellom utbyggingsavdelinga i Troms fylkeskommune og Institutt for samfunnsvitskap ved UiT. Ein openberr grunn til det var den akademiske aktivismen som hadde kome til uttrykk i 1973 då Brox og Handegård «torpederte» Landsdelsplanen for Nord-Norge gjennom å publisere ei skisse til ein alternativ plan. Sjølv om både Ottar Brox og Odd Handegård hadde slutta, opplevde dei som var nyttilsette at det ikkje var forventa nokon tett fagleg kontakt med Troms (eller Nordland eller Finnmark) sine planansvarlege.

⁴ I 1999 blei det utgitt eit *Festskrift i anledning det 25. Høstseminaret i samfunnsplanlegging*, med titelen *Talarstolen i Tromsø*, redigert av Trine Holm og Svein Jentoft. Dette avsnittet bygger i stor grad på innhaldet i denne publikasjonen.

1974–1980: Ei nyskapande utdanning tar form

Men det blei raskt utvikla kontaktar under leiiarnivået, og fagmiljøet på UiT såg det som svært viktig at studentane i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning blei kjent med den praktiske planlegginga. I 1975 blei det derfor førebudd eit seminar der planleggarar og politikarar i fylkeskommunen kunne møte, og diskutere med, tilsette og studentar ved UiT. Dette seminaret blei gjennomført i kantina på fylkesbygget. Også lokalpressa var invitert. Det var litt av eit poeng at dette seminaret måtte gjennomførast utan at den administrative leiinga i fylkeskommunen fekk vite om det. I etterkant sirkulerte det ei historie om at sjefen i Utbyggingsavdelinga den dagen spurte om kor staben var blitt av, ingen var inne å kontora sine, og at han blei litt paff (for å seie det mildt) då han fekk vite at dei var nede i kantina, på seminar saman med folk frå Universitetet.

Erfaringane frå dette seminaret var så gode at Reiersen og Aarsæther bestemte seg for å følge det opp gjennom å førebu eit større, ope arrangement året etter, framleis i regi av forskingsgruppa, men no lokalisert til eit hotell i byen. Namnet på arrangementet blei *Høstseminaret i samfunnsplanlegging*, og det gjekk ut invitasjonar til alle landsdelens kommunar, fylkeskommunar, næringsorganisasjonar og frivillige organisasjonar. For studentane på samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning blei det obligatorisk å delta på haustseminaret.

²⁰ Evaluering av bachelor- og masterprogrammene i samfunnsplanlegging og kulturforståelse – ved UiT Norges arktiske universitetet, Institutt for sosiologi, statsvitenskap og kulturforståelse – Evaluering datert 1. desember 2017.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

er nært knyttet til etableringen og fremveksten av universitetet i Tromsø, og til den landsdels- og praksisorienterte innretningen utdanningene har fått der. (s.1).

Komiteen vurderer også kvaliteten på studieprogramma som god:

Det er et generelt inntrykk at begge studieprogrammene holder høy kvalitet, faglig som pedagogisk. Studiene gis av en høyt kvalifisert, engasjert og godt publiserende fagstab med stor nasjonal og internasjonal kontaktflate (s.1).

Dette må seiast å vere ei tilbakemelding fagmiljøet kunne vere godt nøgd med. At ein ved dette studiet har arbeidd ut frå Universitetet i Tromsø sine opphavlege ambisjonar, og at det etter 45 år vert konstatert at fagmiljøet har lukkast med å kombinere regional relevans med høg fagleg kvalitet, er vel litt av ein prestasjon.

Komiteen rår til at «*utdanningsprogrammene videreutvikles innenfor den tradisjon de står i, men vil samtidig peke på noen forbedringspunkter*» (s.1). Forbedringspunktta består i betre integrasjon mellom dei ulike emna/kursa, styrke reiskapsfag som geografiske informasjonssystem (GIS), utvikle det samiske perspektivet ytterlegare, betre integreringa av kulturforståing, samt styrke romleg og fysisk planlegging (s.8).

Denne evalueringa vart det lite diskusjon om. Den viste at fagtilbodet i samfunnsplanlegging vidareførte det beste i UiT-tradisjonen, med høg fagleg kvalitet, og varsla ingen behov for større omleggingar. Oppmodinga frå komiteen om å sørge for betre integrasjon av kulturperspektivet og større oppøving i reiskapsferdigheiter kunne nok framtre som kontroversielt i akademiske omgivnader som etterkvart har vorte fiksert på internasjonal prosjektfinansiering og publisering, men debatten uteblei. Vår vurdering var at utdanninga no (endeleg) hadde oppnådd ekstern akademisk godvilje, og at kursen vidare kunne stakast ut med historia i ryggen.

Fagmiljøet som sosial arena

Det har vore lite rom for å beskrive enkeltpersonar, sosiale hendingar, spenningar og konflikter i fagmiljø og i studentmiljøet. I den siste perioden, tida frå 2008 og fram til 2024, har det naturleg nok vore både mindre og større

episodar²¹, men i ettertid vil vi helst hugse dei positive episodane. Universitetsmiljøet har sitt særpreg, ved at den akademiske fridomen står høgt i kurs. Spesielt ved Universitetet i Tromsø, der tidsbruk til eiga forskning har vore større enn ved andre lærestader.²² Samarbeid om forskning har tidvis vore unntaket heller enn regelen, og den tilsette står fritt til å velje forskings-tema. På det i utgangspunktet breie området «samfunnsplanlegging og kulturforståing» betyr denne fridomen at mykje av forskingsinnsatsen kan vere lite relevant for pensum og undervisning – sjølv om denne i prinsippet skal vere forskingsbasert. Ikkje til å undrast då, at fagmiljøet i periodar har vore både sosialt og fagleg fragmentert, men også tidvis segmentert. Eit stykke ut i denne perioden samla likevel fagmiljøet seg om forskning på *stedsutvikling* (som omtalt tidlegare i dette kapitelet), og det hadde klare, positive verknader. Og ein vakker kveld, kvar juni månad samlar heile faggruppa seg i fjøra lengst sør på Tromsøya, for å nyte midnattsola, ha bål og pølser, sittande framføre eit gammalt naust, og under ein særeigen inskripsjon: «In Cod we trust».

Ottar Brox 1932–2024

I 2022 tok Kjell Arne Røvik (professor i statsvitskap) og Nils Aarsæther initiativ til å markere Ottar Brox sin 90-årsdag, med den aldrande Brox (som sidan 1985 hadde budd i Oslo) til stades. Det var då gått 40 år sidan fagmiljøet markerte 50-årsdagen til Brox med eit festskrift²³ og 20 år sidan NIBR

²¹ Ein episode fortener omtale: Den 16. februar 2012 var heile forsida i avisa Nordlys prega av professor Nils Aarsæther si nekting av å undervise ein student med tildekt ansikt, med utgangspunkt i ei konkret hending hausten 2011. Då hadde ein student på førehand informert Aarsæther at hen ville ha tildekt ansiktet ved ei forelesing Aarsæther skulle ha. Dette kunne ikkje Aarsæther godta, og saka vert ordna ved at studenten ikkje møtte fram, men fekk tilsendt foilane frå den aktuelle forelesinga. Tre månadar seinare vert dette ei stor mediesak der universitetsleiinga vert involvert, og fleire av Aarsæther sine kollegaer gir offentleg uttrykk for at dei meiner det er «innafor» å stille til undervisning med tildekt ansikt. Hausten 2012 lagar NRK eit «Brennpunkt»-program om denne hendinga, men på dette tidspunktet hadde studenten ikkje lenger behov for ansiktstildekking. Denne framstillinga er utforma av Aarsæther, som altså sjølv var djupt involvert, men bygg på enkelt tilgjengelege avisoppslag og lesarinnlegg i Nordlys og på medieinnslag i VG og NRK.

²² Ved UiT har alle førsteamanuensar og professorar normalt vorte innvilga eit år til forskning, utan undervisning eller administrative plikter, ein gong kvart femte år.

²³ Nilsen, R., Reiersen, J. E. og Aarsæther, N. red (1982).

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

markerte Ottar Brox sin 70-årsdag – også med festskrift²⁴. Universitetet, fakultetet og instituttet støtta markeringa, som vart gjennomført med faglege innlegg frå gamle og yngre «broxianarar». Frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing heldt Ingrid Marie Kielland eit innlegg om korleis Brox inspirerte studentar og kollegaer til å undersøke grunnane til at folk innretta liva sine slik dei gjorde det i ulike lokale kontekstar. Hovudpersonen sjølv insisterte på å få ordet i den avsluttande paneldiskusjonen. Eit høgdepunkt under markeringa var før-premieren på utdrag av filmen om Ottar Brox, *Kampen om kysten*, regissert av Hans-Eirik Voktor. Etter markeringa bar det rett til Ølhallen, der 90-åringen var midtpunktet for ein hærskare av følgjarar frå nær og fjernt, frå fortid og notid.

I februar 2024 gjekk Ottar Brox bort – 92 år gammal. Ved gravferda i Urani-
enborg kyrkje hadde det møtt fram hundrevis av folk. Ei rekkje kollegaer og vener frå fagmiljøet og det politiske miljøet i Tromsø deltok med talar i minnestunda..

Ottar Brox var ein nøkkelperson i grunnlegginga av utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning på tidleg 1970-tal; innsatsen hans er fyldig omtalt i dei første kapitla i denne boka. Det faglege interessefeltet til Brox spente langt utover planlegging. Han markerte seg faktisk frå fyrste stund som ein markant kritikar av offentleg planlegging, som han meinte burde vore erstatta av ein politisk strategi for å «fjerne flaskehalsar» for lokal (og berekraftig) nærings- og samfunnsutvikling. For utdanninga i samfunnsplanlegging og kulturforståing hadde han kanskje størst betydning som systemkritikar og som inspirasjonskjelde. Han insisterte på å definere faglege prosjekt slik at dei kunne føre til politisk handling og til betre samfunnsmessige løysingar – noko han sjølv hadde vist, frå det å skrive boka *Hva skjer i Nord-Norge?* til oppgjeret med den statlege Landsdelsplanen for Nord-Norge i 1972.

Styrking av fiskerifag, statsvitenskap, kvinneforskning og utviklingsstudiar: Hyggelege «biprodukt» frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging.

Frå fyrste stund var det ein tendens til å sjå på fagmiljøet i samfunnsplanlegging som ein plattform for å utvikle andre fagtilbod ved Universitetet i

²⁴ Naustdalslid, J. red. (2002).

Tromsø. Som nemnd skjedde det alt frå starten av ei «overflytting» av kompetanse frå planleggarutdanninga til fiskerikandidatstudiet (fyrst Odd Handegård og Abraham Hallenstvedt, seinare Svein Jentoft). Mot slutten av 1970-talet blei studiet i statsvitskap bygd opp ved Universitetet, med kandidatar og stipendiatar frå samfunnsplanlegging i nøkkelroller. Her var særleg Tom Christensen og Helge O. Larsen sentrale. Ved statsvitskapsfaget er det grunn til å framheve Kjell Arne Røvik som tok med seg «arven etter Ottar Brox», med sitt vedvarande samfunnsretta engasjement. Gjennom heile 50-årsperioden har det vore jobba ihuga for å styrke kvinneforskning og likestilling ved UiT, med stor innsats frå Siri Gerrard og Haldis Valestrand. Også fredsstudiet og utviklingsstudier ved UiT har vore styrka ved ressursar frå fagmiljøet i samfunnsplanlegging og kulturforståing, ved Tone Bleie sitt engasjement.

Tilbakeblikk etter 50 år

«Manifestet» frå 1971 med ordlyden «en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk» hadde vist seg framtidretta og slitesterkt. Evalueringa frå 2017 understreka nettopp at utdanninga hadde følgd opp ambisjonane frå «the founding fathers» ved etableringa av Universitetet i Tromsø. Sjølv om ordet «lokalsamfunnsforskning» har vorte erstatta med «kulturforståing» var ideen om å planlegge ut frå kunnskap om lokale forhold, og i samarbeid med, eller medverknad frå, dei planlegginga gjeld, ein *ethos* som er høgst levande i utdanninga i dag.

Frå ein lovande start på 1970-talet har utdanninga møtt mange utfordringar: Presset for å avvikle tverrfaglege tilbod ved UiT var sterkt og energitappande på 1980-talet, og det var på nippet at den tverrfaglege planleggarutdanninga ikkje blei nedlagd. Så, på 1990-talet viste det seg at det tverrfaglege «prosjektet» var svært attraktivt for hovudfags/masterstudentar. Men sjølv om rekrutteringa til høgre grad har vore god, har det heilt fram til 2016 vore store problem med å trekke til seg studentar til bachelor-programmet.

I heile perioden har det kome opp nyskapande tiltak for å betre utdanninga. Fleire av desse har «hatt si tid», som «Høstseminaret» og «Senter for kommunalforskning», mens nye tiltak har kome til, som det internasjonale masterstudiet «Nordic Urban Planning Studies», alumniorganisering og fagdagen. I fagstaben har det heile tida vore ein fast fokus på å gjere utdanninga relevant utad, og dei tilsette (og studentar) har ikkje vore redd for å delta i politisk debatt med fagleg grunna standpunkt og perspektiv.

Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen

Eit fokus på planlegging nedanfrå-og-opp krev ei tverrfagleg tilnærming, og denne har vore godt halde ved lag i fagmiljøet. Ei slik planlegging føreset antropologisk/sosiologisk så vel som statsvitskapleg og geografisk kompetanse. På dette området har utviklinga i fagmiljøet bevega seg frå det fleirfaglege til det transfaglege: Grensene mellom dei nemnde samfunnsfaga har i praksis vore nokså porøse, og i ei utdanning for samfunnsplanlegging hadde det vore lite å vinne ved å undervise i desse faga kvar for seg. Samstundes vil disiplinane stadig vekk vere levande, og utdanninga må, som det vart førespeglå i 1972, leve eit spenningsforhold mellom tverrfaglege og disiplinære fagperspektiv.

I siste periode, 2008-2024, har «stedsvendinga», og «planlov-vendinga» spissa utdanninga. Kanskje har det gjort den meir brukbar og «positiv», men mindre systemkritisk? Det kan godt vere slik, men då må vi ta i betraktning at den planideologien som rådde ved studiets oppstart var av ein heilt annan type enn den opne og demokratisk styrte planlegginga vi formelt sett har i dag, 50 år seinare. Samfunnskritisk skal utdanninga fortsatt vere, men kritikken kan i dag ha plansystemet som plattform, når mektige økonomiske interesser og utsleppssamfunnet skal utfordrast.

Litteratur

Altern, I. red. (1996). *Lokalsamfunn og lokalsamfunnsforskning i endring*. Stensilserie A nr 83. Universitetet i Tromsø, Institutt for samfunnsvitenskap.

Amin, A. (2004). *Regions unbound: Towards a New Politics of Place*, i *Geografiska Annaler* 86B:1, 33-44.

Aure, M., Berg, N. G., Cruickshank, J. & Dale, B. red. (2015). *Med sans for sted. Nyere teorier*. Bergen: Fagbokforlaget.

Aure, M., Førde, A. & Magnussen, T. (2016). *Lokalsamfunnet som integreringsarena*, i Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 410-429.

Bærenholdt, J. O. & Granås, B. red. (2008). *Mobility and Place. Enacting Northern European Peripheries*. Aldershot: Ashgate.

Fukuyama, F. (2014). *Political Order and Political Decay. From the Industrial Revolution to the Globalization of Democracy*. New York: Farrar, Straus & Giroux.

Førde, A., Kramvig, B., Berg, N. G. & Dale, B. red. (2012). *Å finne sted. Metodologiske perspektiver i stedsanalyser*. Trondheim: Akademika forlag.

Gerrard, S. (2016). *Fiskeværret – et åpent og foranderlig lokalsamfunn* i Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 72-94.

Jentoft, S. (1996). *Samfunnsforskningen og sjarkromantikken*, i Altern, I. red. *Lokalsamfunn og lokalsamfunnsforskning i endring*. Stensilserie A nr 83. Universitetet i Tromsø, Institutt for samfunnsvitenskap, s. 245-32.

Nyseth, T. & Viken, A. red. (2009). *Place Reinvention – Northern Perspectives*. Farnham, Surrey: Ashgate

Piketty, T (2014). *Kapitalen i det 21. århundre*. Oslo: Cappelen Damm.

Ringholm, T. & Hofstad, H. (2018). *Strategisk vending i planleggingen?* i Hanssen, G. S. & Aarsæther, N. (red.) *Plan-og bygningsloven – en lov for vår tid?* Oslo: Universitetsforlaget, s. 107-121.

- Nils Aarsæther og Karoline Jacobsen Kvalvik, med bidrag fra Ragnar E. Nilsen
Universitetet i Tromsø, strategisk utdanningsutvalg (2016). *Gjennomgang av studieporteføljen – del 1 – Bachelor og femårige masterprogram*.
- Valestrand, H. (2016). *Gruvebyen Bjørnevatn: Industrisamfunn, omstilling og lokalsamfunn*, i Villa, M. & Haugen, M. S. *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 322-344.
- Villa, M. & Haugen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Aarsæther, N. & Hagen, A. red. (2001). *planlegging.no!* Oslo: Kommuneforlaget.
- Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. red. (2012). *Utfordringer for norsk planlegging – Kunnskap, Bærekraft, Demokrati*. Kristiansand: Cappelen-Damm Høyskoleforlaget.
- Aarsæther, N. (2016). *Lokalsamfunn – mot alle odds?* i Villa, M. & Haugen, M. S. *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s.134-150.
- Aarsæther, N., Falleth, E., Nyseth, T. & Kristiansen, R. red. (2018). *Plan og samfunn. System, praksis, teori*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Kapittel 7:

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

Jørgen Amdam, Roar Amdam og Grethe Mattland Olsen

Innleiing

I 2024 var det 50 år sidan dei første kandidatane frå Lokalsamfunnsstudiet vart uteksaminert frå Distriktshøgskulen i Volda og 23 år sidan dei første masterkandidatane vart uteksaminert frå Høgskulen i Volda. Det er såleis eit fint høve til å sjå tilbake på korleis studia kom i stand, korleis dei har utvikla seg og kor vi står i dag.

Korleis kom studiet i stand?

I lag med Bø var etableringa av Distriktshøgskulen i Volda resultat av ein kombinasjon av lokalt og regionalt politisk arbeid – og nasjonale initiativ frå mellom anna målrørsle og bygdeorganisasjonar. Ottosen-komiteen sitt forslag var lokalisering av dei nye distriktshøgskulane (DH) til regionale byar, med økonomisk-administrative fag og EDB-studium som kjerne. Dette fekk dei i Molde, i lag med transportfag. Volda skulle ha noko anna og sidan det var ein lærarskule i Volda frå før, var det peika på forsterking av grunnleggande fag knytt til lærarutdanning; naturfag, språk, kroppsøving, kultur-fag m.m. Men samarbeidet med nasjonale organisasjonar peika på noko meir; å utdanne til arbeid i utkantsamfunn – til bygdene. Rett nok starta DH Volda i 1970 med norsk og historie – tradisjonelle universitetsfag og med

<https://doi.org/7557/7.7877> Amdam, J., Amdam, R., Olsen, G.M.: Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda: Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the

[Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

ein klar lokal profil. Men i tillegg ville den nye høgskulen utdanne for å dekke behov dei fann i utkantane, den gang to-årige yrkesretta utdanningar (Hallaråker og Birkeland 1981):

- Medie- og kommunikasjonsstudiet, med spesielt fokus på arbeidet i lokale og regionale aviser, men og lokalradio m.m. Fagfolk blei rekruttert m.a. frå NRK, og snart hadde høgskulen radio- og fjernsynssendingar frå egne sendarar!
- Organisasjons- og velferdslina, retta mot arbeid i m.a. frivillige organisasjonar, men og i kommunane – etter kvart vidareutvikla til utdanning av sosionomar og barnevernpedagogar. Kyrkjelydsarbeid var også inkludert i starten, men blei etter kvart eit eige studium.
- Lokalsamfunnsstudiet

Desse to-årige utdanningane var «nye», og ein kunne i liten grad bygge på eksisterande studieplanar og tidlegare erfaringar. For både studentar og tilsette var dette noko nytt og eksperimentelt. Mykje tid og ressursar blei brukt til å utvikle studia, gi dei innhald og fokus – eit arbeid med mykje diskusjon og til dels skarpe motsetningar. Skulle vi kopiere utdanningar som alt eksisterer, eller skulle vi bygge på nyare kunnskap, skape noko originalt og spesielt bygderetta? Denne spenninga prega også Lokalsamfunnsstudiet som er fokus her.

Lokalsamfunnsstudiet på 70-talet

Hausten 1972 starta det to-årige Lokalsamfunnsstudiet med to tilsette og om lag 15 studentar - og med ei skisse av ein studieplan. Dei to tilsette som fekk ansvar for undervisninga var Patrick N`Kube og Olav Randen. Patrick var flyktning frå apartheid i Sør-Afrika og hadde lisensiatgrad i statsvitenskap frå Umeå Universitet. Olav var sosiolog frå Universitet i Oslo. For begge var dette første arbeidsplass. Studentane varierte stort i alder og bakgrunn; mange «kom og gjekk» i det uformelle systemet til den nye distriktshøgskulen. Medan lærarane hadde tradisjonell universitetsutdanning, var det forventat at denne utdanninga skulle vere noko anna – men kva var det?

Gunnar Øygard tok til som den første faste direktøren for distriktshøgskulane i Molde og Volda i 1971, med sete i Volda. Øygard var landbruksøkonom,

med bakgrunn som forskar og lærar ved Norges Landbrukshøgskule (NLH). Til DH Volda kom han frå bygdeutviklingsarbeid i Tanzania i NORAD-regi. Med sin bakgrunn frå den yrkesutdannande landbrukshøgskulen sette han stort fokus på innhald og opplegg for dei nye, i prinsippet yrkesretta utdanningane til den nye høgskulen, slik også for Lokalsamfunnsstudiet. Han tok kontakt med Jørgen Amdam i 1972, med spørsmål om han kunne hjelpe til med å utvikle studiet, mellom anna med ein klarare profil og ein meir gjennomarbeidd studieplan. Øygard hadde vore Amdam sin lærar i landbruksøkonomi, men kjende han og som studenttillitsvald og ikkje minst som leiar av ein studentkomité for vidareutvikling av studia ved NLH. Denne komiteen oppnådde faktisk at studietida blei utvida frå tre til fire år, og førte til ein del nytenking om studieinnhald, ikkje minst inspirert av studentopprøra frå 1968.

I 1972 var Amdam stipendiat i jordskiftefag ved NLH og med mål om å take lisensiatgraden i 1973. Ein del av studieplanen var deltaking på Nordplan i Stockholm. Denne eittårige utdanninga var ei vidareutdanning for skandinaviske planleggjarar, organisert som tre samlingar, kvar på ein månad. I Stockholm trefte han og blei god venn med Einar Ridderstrøm, arkitekt utdanna i Tyskland og i 1972 kommuneplanleggjar i Gol kommune. Det var naturleg å involvere Ridderstrøm i arbeidet med studieopplegg for Lokalsamfunnsstudiet. Amdam og Ridderstrøm leverte eit forslag med ein klar planleggingsprofil, og dette blei vedteke av DH-styret. To nye stillingar med spesielt ansvar for eit yrkesretta andre studieår blei lyst ut. Amdam og Ridderstrøm søkte, og begge blei tilsett våren 1973.

Hausten 1973 var det toårige lokalsamfunnsstudiet i full drift med om lag 35 studentar og fire tilsette; sosiolog og statsvitar med spesielt ansvar for første studieår og arkitekt og jordskifte kandidat med ansvar for det meir yrkes- og planleggingsretta andre studieåret. I tillegg hadde vi ein del ressursar til gjesteforelesarar og timelærarar. I realiteten var gjennomsnittsalderen på studentar og tilsette om lag den same og mange av studentane hadde yrkesbakgrunn og klare meiningar om kva vi skulle «drive på med». Sjølv om vi hadde ein rimeleg velfungerande studieplan, fortsette diskusjonen mellom tilsette og studentar. Skulle utdanninga vere ein variant av Kommunalhøgskulen i Oslo, med stor vekt på juss og kommunaløkonomi – eller noko nytt og originalt, bygd på nyare forskning og behova til bygdesamfunn? Vi tilsette ville det siste, men nokre av studentane ville at vi skulle satse på det sikre.

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leing

Konteksten er i denne samanhengen svært viktig. Kommunesamanslåingane på slutten av 1960-talet førte til større kommunar i bygde-Norge og også nye oppgåver. Kommunane hadde store behov for tilsette knytt til administrasjon, leing og ikkje minst planlegging. Bygningslova av 1965 påla alle kommunar å drive arealplanlegging. Det var nærliggande for oss å ta utgangspunkt i desse behova. Profildiskusjonen roa seg noko etter at vi fekk tilbakemelding frå tidlegare studentar som arbeidde i kommunar i lag med kommunalkandidatar. Rett nok kunne desse meir om juss og økonomi, men dei hadde store utfordringar med å forstå, og fungere i, dei til dels uformelle politisk-administrative prosessane. Våre DH-kandidatar takla dette på ein betre måte, og jussen lærte dei etter kvart, var tilbakemeldinga. Ja, etter at ein av kandidatane våre blei vald som ordførar blei vi av nokre omtalt som «ordførarutdanninga», sjølv om fakta på 1980- og 90-talet meir peika i retning av ei «rådmannutdanning».

Det som kjenneteiknar Lokalsamfunnsstudiet på 1980-talet var arbeidet med å finne retning og profil. På sett og vis var dette prega av forholdet mellom prosess og substans. Skulle vi i utdanninga legge mest vekt på opplæring i organisering av planleggings- og avgjerdsprosessar og deltaking, eller på faktisk kunnskap som lovgiving, kommunaløkonomi, demografi? «Ja takk, begge deler» var vel svaret i starten. Tilbakemeldingar frå studentar og kandidatar og erfaringane frå Rauma-prosjektet spesielt, endra fokuset sterkt i retning av prosess, medverknad og deltaking. Mellom anna var Ottar Brox sine bøker pensum.

Einar Ridderstrøm og Jørgen Amdam deltok frå 1975 på Nordplan sitt doktorgradsstudium med Gunnar Olsson som hovudlærer, der ein mellom anna la stor vekt på teoriane til Jürgen Habermas, John Friedmann og John Forester, noko som også kom til å prege deira faglege profil. Forholdet mellom prosess og substans – berekraftig deltaking og medverking blei sentralt, noko som kan illustrerast med figuren på neste side.


Mot slutten av 1970-talet var den to-årige utdanninga organisert ut frå eit klart berekraftperspektiv med integrasjon av fire faglege stolpar som grunnlag for planlegging og politikktutforming:

- Sosiologi – Jon Olav Myklebust
- Samfunnsøkonomi – Jan Driveklepp

- Fysisk planlegging og struktur – Einar Ridderstrøm
- Planleggingsteori og metode – Jørgen Amdam

I tillegg hadde vi undervisning i kommunal økonomi og kommunal rett. Det var stor vekt på fleirfagleg undervisning, mellom anna gjennom lokalsamfunnsanalyse i tett samarbeid med case-kommunar.

FORHOLDET MELLOM PROSESS OG SUBSTANS



6

Illustrasjon hentet fra Amdam J. og N. Veggeland (1998): Teorier om samfunnsplanlegging. s. 83. Universitetsforlaget. Oslo. Gjengitt med tillatelse. © Universitetsforlaget/Amdam og Veggeland

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiting

Raumaprojektet

Tidleg på 1970-talet starta det fylkeskommunale el-verket til Møre og Romsdal fylkeskommune planlegging av kraftutbygging i Rauma/Ulvåavassdraget. Bygdefolk reagerte sterkt på dette, også med bakgrunn i Mardøla-aksjonen. Dei fekk økonomisk støtte frå fylkestinget, frå Miljøverndepartementet og andre for å lage ein alternativ plan for området. Lokale aktørar tok kontakt med Distriktshøgskulen i 1974 og spurde om vi kunne ta på oss oppdraget med å lage til ei integrert konsekvensanalyse av konsekvensane av ei utbygging, samt ein plan for utvikling av området utan kraftutbygging. Høgskulen tok på seg oppdraget, med Jørgen Amdam som prosjektleiar.

Prosjektet blei organisert på tvers av fagmiljø og involverte tilsette og studentar både på distriktshøgskulen og lærarskulen i Volda. Ein samordna framstilling av konsekvensar av kraftutbygging blei laga, samt eit utkast til ein alternativ plan. Det vart halde mange folkemøte, intervjugranskingar og liknande i området, med stor deltaking frå studentane. Mediestudentar laga òg ein film om området og konsekvensane av mogleg utbygging. Prosjektet var på mange måtar organisert etter prinsippa for «advokatplanlegging» der vi fungerte som hjelparar for bygdefolket mot det ressurssterke el-verket (Amdam og Veggeland 1981). Medverknad, deltaking, planlegging som mobiliserande prosess stod i fokus. Ei debattbok med tittelen «Vett mot Watt», basert på prosjektet, blei publisert på Det norske samlaget. Denne boka blei redigert av Lokalsamfunnsstudiet sin sosiolog Jon Olav Myklebust (1977).

Med grunnlag i dei omfattande utgreiingane som låg føre frå kraftutbyggar og frå vårt prosjekt vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal med 37 mot 34 stemmer å ikkje sende konsesjonssøknad. Seinare blei det fremma forslag om varig vern av vassdraget og det er status i dag.

1980 talet – Konsolidering og vekst – kommunal planlegging og administrasjon

På 1980-talet opplevde fagmiljøet både konsolidering og nyskaping. Etter nesten 10 års drift var det to-årige studiet godt etablert. Tittelen blei justert for betre å spegle innhaldet. «Lokalsamfunnsstudiet» blei til «2-årig studium i kommunal planlegging og administrasjon». Innhaldet var stort sett som

tidlegare: Det første året gav ei allmenn innføring i sosiologi, økonomi og planlegging med vekt på lokale forhold. Det andre året var meir praktisk og handla om regionalt- og kommunalt nivå, med spesiell vekt på planlegging etter plan- og bygningslova. Det toårige studiet var også godkjent som generelt mellomfag.

Planane var klare for eit tredje år med ei meir omfattande oppgåve og/eller praksis og dette påbygget blei godkjent og iverksett som ei yrkesutdanning på linje med andre 3-årige høgskuleutdanningar. I 2003 blei den treårige utdanninga godkjend som bachelorgrad. På personalsida var det viktig at Jan Driveklepp blei vald til rektor for distriktshøgskulen og seinare vart stortingsrepresentant Petter Løvik tilsett som vikar. I tillegg til kontinuerleg studieutvikling var det to andre hendingar som påverka innhaldet og framtida til fagmiljøet og studiet: «Regioplan Nordvest» og forskingsaktivitetar organisert gjennom Møreforskning.

Regioplan Nordvest

I 1980 arrangerte vi ein fagkonferanse i Volda saman med kollegaer frå alle høgskular og universitet som hadde planleggarutdanning. I tillegg deltok representantar frå relevante departement, Kommunenes Sentralforbund og Norsk Institutt for By- og Regionalforskning (NIBR). Temaet for konferansen var utdanning innan samfunnsplanlegging. Jørgen Amdam hadde tidlegare vore aktiv i Samplan – Miljøverndepartementet sitt vidareutdanningskurs i samfunnsplanlegging, der han m.a. hadde vore leiar for styringsgruppa. Det var ei felles erkjenning at det var utdanna altfor få kommunale planleggarar, og mange som arbeidde som kommuneplanleggjarar hadde for dårleg kompetanse, spesielt når det gjaldt organisering og gjennomføring av planleggingsprosessar. På møtet vart det semje om at ei faggruppe med leiar av Samplan, Asle Farner som sekretær og Jørgen Amdam som leiar, skulle kome med forslag til tiltak som kunne betre denne situasjonen.

Utvalet la fram fleire forslag og spesielt fire av desse fekk varige konsekvensar:

- FUS – Forum for utdanning for samfunnsplanlegging – Ein fellesorganisasjon for fagmiljøa som underviser i samfunnsplanlegging.

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

- Kommuneplankonferansen – Årlege samlingar for kommuneplanleggjarar.
- FKP (Forum for kommunal planlegging). Ein felles interesseorganisasjon for kommuneplanleggjarar.
- SEVS (Senter for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging) – eit råd og sams sekretariat for desse tiltaka, lagd til KS.

Gruppa foreslo også etablering av ei regional etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging basert på ein tilpassa modell av Samplan – «Regionplan». Forslaget gjekk ut på at kvar landsdel skulle ha eit slikt kurs og at universitet/fagmiljø i regionane skulle ta ansvar for organisering og gjennomføring. Kurset skulle støttast økonomisk av departement og fylkeskommunar. I Volda tende fagmiljøet på ideen og allereie i 1984 inviterte vi kommunetilsette til det første kurset. Kurset var organisert med seks vekesamlingar, der ei av dei var ein ekskursjon. Tema var organisering og gjennomføring av planprosessar, kreativ problemløysing, prosjektorganisering, medverking, planleggingsteori- og metode, samfunns- og organisasjonsutvikling, samt leiing. Fagnivået var praktisk, men samstundes slikt at det kunne inngå i ein bachelor- eller mastergrad. Dei faktiske behova til og nytten for kommunale planleggarar var hovudfokus.

Vi fekk god tilgang på studentar, etter kvart frå heile landet. Studiet var tydeleg prosessorientert og førte til at Institutt for kommunal planlegging og administrasjon (KPA) fekk ei brei kontaktflate i kommune-Norge. Dette påverka også rekrutteringa til grunnutdanninga positivt og gjorde at kandidatane våre fekk gode jobbar. Regioplan blei og ein sentral del av masterutdanninga vi fekk løyve til å starte som forsøk (sjå seinare). Saman med mange utviklings- og forskingsprosjekt i regi av Møreforskning fekk vi ein klar fagleg profil som kan oppsummerast som «kommunikativ planlegging» eller meir praktisk «Kommuneplanlegging etter dugnadsmetoden».

Møreforskning

Den regionale forskingsstiftinga Møreforskning vart oppretta i 1980. Fylkeskommunen bidrog med eigar- og driftskapital. Hovudmålet var å fremje og organisere forskingsaktivitet i regionen. Det første prosjektet leia av Jørgen Amdam fokuserte på «Landbruk og fysisk planlegging» og fekk støtte frå både Norges landbruksvitenskapelige forskingsråd og frå Landbruksdepartementet.

Møreforskning blei for oss ein viktig støttespelar og organisator. Tidlegare prosjektaktivitet organisert gjennom Høgskulen, som Rauma-prosjektet, viste at organisasjonen ikkje var tilrettelagt for å administrere eksterne prosjekt. Med Møreforskning blei det enklare å styre prosjekt, samt å engasjere forskarar og anna personell.

I aukande grad fekk vi kontakt med kommunar, fylkeskommunar og departement som trengde hjelp til å organisere utviklingsprosjekt. Dei fleste av desse prosjekta var knytt til kommuneplanlegging og spesielt til organisering og gjennomføring av planprosessar. Motivering av politikarar og tilsette i kommunar var viktig, like eins medverknad frå innbyggjarar. Eit nøkkelprosjekt var «Kommuneplanlegging på kvinners vilkår» med oppdrag frå seks departement og med forsøk, opplæring og rettleiing i seks kommunar. I tillegg til å bruke Regioplan til opplæring av prosjektleiarar i kommunane, leverte vi aktiv støtte og følgeforskning i dei seks kommunane. Metodikken «Kommuneplanlegging etter dagnadsmetoden» var utvikla av oss gjennom forsøk i lokale kommunar. Kommunikativ planlegging var i fokus. Metodikken blei brukt i utviklingsarbeid knytt til næringsplanlegging, kommuneplanlegging og lokalsamfunnsutvikling, finansiert av kommunar, fylkeskommunar og departement.

På overgangen til 1990-talet fekk Møreforskning i oppdrag å evaluere frikommuneforsøka og spesielt frifylkeforsøka med samordning av næringsutvikling i Aust-Agder og Nordland. Evalueringa starta i 1988, men av politiske grunnar starta forsøket først i 1990 og varte til 1994. Dette blei det største prosjektet til Møreforskning i denne perioden.

Hamskiftet

I 1994 blei lærarskulen og DH i Volda slått saman. Dei institusjonelle rammene blei raskt endra, med høve til å tilsette professorar, forsøk med masterutdanning m.m. Institutt for kommunal planlegging og administrasjon (KPA), var rimeleg godt førebudd på denne endringa, med grunnlag i forskings- og utviklingsaktivitet, spesielt på 1980-talet. Fagmiljøet var også sterkt involvert i prosessen: Jan Driveklepp var prosjektleiar for samanslåinga og blei tilsett som direktør for den samanslåtte høgskulen. Studieåret 1993-94 var Jørgen Amdam gjesteforskar ved Universitetet i Galway, Irland. Våren 1994 blei han tilsett som den første professoren ved høgskulen og like

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leing

etter valt til prorektor med spesielt ansvar for undervisning og fagleg organisering og integrasjon. Samanslåinga førte til at instituttet fekk ansvar for samfunnsfag i lærarutdanningane og fekk namnet Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS)

Studenttalet hadde auka frå om lag 30 i 1973 til over 100 på heiltid og deltid kring 1990. Fagstaben på instituttet auka frå fire i 1973 til ni på heiltid- og deltid og med om lag fem tilsette på Møreforskning som arbeidde med prosjekt med klar fagkopling til instituttet. På 1990-talet rekrutterte Møreforskning over 10 samfunnsforskarar, og fem av desse blei etter kvart tilsett ved høgskulen. Profilen var likeins rimeleg klar; vi utdanna kommuneplanleggjarar og –administratorar med spesiell innsikt i å organisere og gjennomføre prosessar med stor vekt på berekraft, medverknad og kommunikasjon.

To bøker vi har utgitt illustrerer ei utviklinga frå teoretisk drøfting av kommunikativ planlegging på 1980-talet, til slik planlegging i praksis: Amdam og Veggeland (1981): «Planlegging for samfunnsending» med fleire seinare utgåver og Amdam og Amdam (1990): «Strategisk og mobiliserande planlegging». Frå berre å «snakke om» kommunikasjon og medverknad utvikla vi metodar for også å gjennomføre dette i praksis. Dette teoretiske grunnlaget var også ramma for det nasjonale og internasjonale forskingssamarbeidet kring år 2000, eksemplifisert med fagmiljøet si rolle i Forskningsrådet sitt regionalforskningsprogram.

Regionalforskningsprogrammet 1998–2003

I 1998 starta det (til no) siste omfattande regionalforskningsprogrammet i regi av Norges Forskningsråd (NFR). Den økonomiske ramma var om lag 30 mill. kr. finansiert av seks departement, og med eit programstyre leia av Professor Jørgen Amdam. Regionalforskningsprogrammet var både tematisk og territorielt organisert og aktiviserte det meste av regionalforskarar i Norge, inklusive Volda, Lillehammer og Tromsø. Funna blei rapportert i fire bøker publisert av forlaget Tapir. Professor Roar Amdam var ein av forskarane og redaktørane (Amdam & Bukve, 2004). Mellom premissane for programmet var at granskningane skulle ha hovudvekt på distrikta, medan storbyane skulle haldast utanfor. Dette var eit krav frå aktørane som finansierte programmet, men det skapte utfordringar fordi storbyane skapte viktige rammer for samfunns- og næringsaktivitet i mange av dei granska

områda. Gjennom aktiv dialog mellom programleiinga og forskarane fann vi fram til måtar å studere slike regionale samanhengar, om enn i noko avgrensa omfang. I si erfaringsoppsumming til programstyret i 2003 seier programstyreleiar dette (Amdam 2003):

Regionalforskningsprogrammet vart organisert med denne strukturen:

1. Tematiske prosjekt: næringsutvikling, menneske-stad, politikk og planlegging
2. Områderetta prosjekt: heilskapleg analyse av utfordringar m.m. i fem regionar
3. Nettverksprosjekt og doktorgradkurs
4. Formidlingstiltak

Av dei litt over 30 mill. kr vi har hatt til disposisjon til prosjektverksemd vart ca. 2/3 brukt til tematiske prosjekt og ca. 1/3 til områdegrensingar – respektive nettverksprosjekt då inkludert.

Mi hovuderfaring er at vi godt kunne ha organisert programmet med hovudfokus på områdestudiar og med tematisk forskning som knytte seg til desse. Men samstundes burde områdeperspektivet fokusere på fleire nivå enn det vi har gjort og utan avgrensinga mellom storby og distrikt som vi måtte ha ut frå oppdraget.

Utdanninga på 2000-talet

Då vi nærma oss tusenårsskiftet var det planfaglege miljøet på instituttet godt kjent rundt om i Kommune-Norge, og miljøet var i tillegg anerkjent internasjonalt. Vi deltok med framlegg på dei årlege konferansane til AESOP (Association of European Schools of Planning) rundt om i Europa og elles i verda når AESOP samarbeid med andre tilsvarande organisasjonar på andre kontinent om verdskonferansane. Volda-miljøet deltok i organiseringa av AESOP-konferansen då Universitetet i Bergen var vertskap for den årlege konferansen i 1999, og vi var i fleire år medlem av AESOP sin Teaching Prize Committee. Vi deltok også på seminara til ISSMR (International Society for Studies of Marginal Regions) som blei arrangert annakvart år, og stod som vertskap for seminaret i 2001. Seinare tok instituttet over leiar-skapen og sekretærfunksjonen til denne organisasjonen.

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

Opptak av master i samfunnsplanlegging

Rundt om i Kommune-Norge hadde dei merka seg bøkene vi hadde skrivne planlegging som reiskap for samfunnsutvikling. Bøkene var basert på ei lang rekke aksjonsforskningsprosjekt knytt til næring, bygd, stad, og ikkje minst nærmiljøutvikling. Mange av desse prosjekta var del av nasjonale program. På slutten av 1990-talet blei det snakka om å innføre dei internasjonale gradene bachelor og master også i Norge. Asle Moltumyr, som då jobba i Miljøverndepartementet, og som vi kjente godt frå mellom anna dei nasjonale nærmiljøprogramma, hadde fanga opp at det var på gang ei nasjonal forsøksordning med mastergrader. Han fekk med seg noko pengar frå departementet og kom til Volda med oppdrag om å lage Norge sin første master i samfunnsplanlegging. Med seg frå instituttet fekk han Roar Amdam, som hadde lang fartstid frå Møreforskning og som då hadde blitt tilsett på instituttet som professor i samfunnsplanlegging og leiing. Saman utarbeidde dei ein studieplan som bestod av modular kvar på 10 vekttal (30 studiepoeng), der to var obligatoriske:

- *Fellesmodulen i samfunnsplanlegging*. Ei vidareutvikling av det eksisterande kurset/emnet Regional planlegging og utvikling (Regioplan)
- *Integrasjonsmodulen med masteroppgåve*. Oppgåveskriving inkludert metode (eit heilt nytt emne)

Vidare kunne studentane søke om innpassing av andre vidareutdanningar, og dei kunne velje vidareutdanningar på instituttet/høgskulen:

- Offentleg organisering og leiing (ei vidareutvikling av eit eksisterande emne)
- Kommunal leiing (eit nytt emne)
- Lokal planlegging og Agenda 21 (eit nytt emne)
- Kriminalitetsførebygging (eit nytt emne)
- Livsløpsperspektiv i samfunnsplanlegging (eit nytt emne)

Det vart innført eige opptak til Integrasjonsmodulen med masteroppgåve, og opptaket blei avgrensa til 20 studentar. Alle dei andre modulane kunne takast som sjølvstendige vidareutdanningseiningar.

Jørgen Amdam, Roar Amdam og Grethe Mattland Olsen

Studieplanen blei godkjent og forsøket kom i gang, og det første kullet vart ferdig i 2001. Etter prøveordninga blei studiet evaluert. Studiet blei deretter godkjent av departementet og gjort permanent.

Måten vi valde å organisere studiet på, og særleg det å inkludere metodeundervisinga i fellesmodulen, nært knytt til oppgåveskrivinga, gav ein svært høg gjennomføringsprosent dei første åra. Etter nokre år fekk vi krav frå Høgskolen om å organisere mastergraden i emne på 15 studiepoeng. Då blei metodeundervisinga lagt til eit eige emne, men gjennomføringsprosenten blei lågare.

Mastergraden i *samfunnsplanlegging og leiing* var den første mastergraden som vart oppretta ved Høgskulen i Volda. Dette gav eit forsprang, og førte til at ein rekrutterte kandidatar innanfor eit breitt felt. Etter kvart som det vart oppretta andre mastergradar på avdelinga og elles ved HVO, såg vi at det blei færre kandidatar innan enkelte tema. Mest tydeleg såg vi dette innanfor tema ungdomsarbeid og barnevern, der studentane naturleg nok søkte seg til masteren som vart oppretta ved Institutt for sosialfag i 2006, og som hadde tittelen «Master i meistring og myndiggjering».


Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leing



Seks av dei åtte mastergradstudentene – av dei første som tok masterutdanning ved Høgskulen i Volda i 2001. Fra venstre: Lise Catrine Askeland, Henning Berby, Kolbein Halkjelsvik, Rune Haugen, Ulla Higdem og Cecilie Wilhelmsen. Randi Eikeland og Geir Liavåg Strand var ikke til stede da bildet ble tatt. (Kjelde: Høgskulen i Volda sine nettsider <https://www.hivolda.no/info-til-alle/utdanning-forut-sin-tid>) Fotograf Kristian Fuglseth

Når det gjeld målgruppa for mastergraden, var vi bevisste på at det å rekruttere berre våre eigne bachelor-studentar ville gi for få studentar. Derfor la vi frå første stund av opp til å rekruttere studentar som er utdanna som legar, sjukepleiarar, lærar, lektorar, politi og andre profesjonar, og som har kome over i leiande stillingar eller som ønskte seg over i slike stillingar. Felles for desse er at dei kan sitt profesjonsfag, at dei sit i posisjonar som påverkar samfunnsutviklinga, men at dei kan lite om samfunnsplanlegging og leing. Som figuren viser, finn ein flest masteroppgåver innan kategoriar som kan knytast opp mot ulike former.



Figuren over viser talet på fullførte mastergradar inndelt etter tema i tre ulike tidsepokar

for leiting, anten det er innan skule og barnehage, helse, leiting og samarbeid eller offentleg kommunal organisering og leiting. Heile 142 av dei totalt 249 kandidatar som har tatt mastergrad hos oss, har skrive oppgåver som handlar om leiting. Kanskje kan dette sjåast i samanheng med at dei aller fleste av masterkandidatane har vore i arbeid og at arbeidsgjevar ville at kandidaten skulle skrive om eit tema som hadde relevans i dagleg virke? Ein kan elles sjå at tema innan regional og lokal utvikling utgjer heile 44 kandidatar, fordelt relativt jamt ut over heile perioden. Oppgåver knytt til lokalsamfunnsutvikling og medverknad i planprosessar, utgjer 22 kandidatar. Om ein forsøker å sjå endring i val av tema over tid, kan det sjå ut som at vi har ein nedgang i oppgåver med planlegging som tema og ein auke i oppgåver knytt til ulike former for leiting.

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

Svært mange av kandidatane har ønskt å skrive om tema knytt til eige arbeidsplass. Dette har, med nokre få unntak, ført til at masterkandidatane våre i liten grad har vore knytt til pågåande forskingsprosjekt ved instituttet. Det er likevel eit mål å involvere fleire studentar i forskinga som går føre seg ved instituttet.

Fleire av studentane våre har fullført doktorgrad etter å tatt master hos oss. Som ein parentes her kan vi skyte inn at i 2023 blei Elisabeth Busengdal den første studenten som tok doktorgrad ved høgskulen etter å ha tatt både bachelorgraden og mastergraden ved utdanninga i Volda. I snitt har omlag 10 studentar fullført mastergraden kvar år sidan oppstarten. Svært mange sit no i leiande stillingar rundt om i offentleg sektor, og mange har blitt tilsett i akademia.

Både før og etter opprettinga av mastergraden har New Public Management dominert både styring og leiing i offentleg sektor. Dette har medført både aukande fragmentering og ansvarsfråskrivning mellom sektorar og administrative einingar. Praksisen kjem til syne i det som blir kalla silotenking, einingsegoisme og svarteperspel (Pollitt & Bouckaert, 2017; Pollitt, 2002; Christensen & Lægreid, 2004: 13). Ein manglande samarbeidskultur i praksisfeltet har ført til at hovudmålet med mykje av undervisninga i mastergraden har vore å utfordre studentane sin samhandlingskompetanse. Gjennom førelesingar om heilskapstenking og om samarbeidsdriven planlegging og innovasjon, kombinert med at studentane i plenum har presentert innhaldet i jobbane sine, utfordrar vi studentane sine kunnskapar, haldningar, ferdigheiter og handlingar. Studentane oppfattar dette som svært givande og dannande, og vi reknar det som eit av suksesskriterina i mastergraden. Mastergraden har også fått gode skår på dei årlege studentbarometera.

Folkehelseforskning – frå nærmiljøarbeid til pandemihandtering

Kompetansen som instituttet hadde opparbeid seg på bruk av planlegging for å fremme sektor- og nivåovergripande utvikling i nærmiljø og i andre samanhengar, vart etter kvart etterspurd også i folkehelsearbeidet. Som for andre politikkområde handlar folkehelsearbeid om politikktutforming, organiseringa av partnerskap, planprosessar og borgardeltaking. Slik kan ein oppnå både institusjonell handlingskapasitet og demokratisk legitimitet. Volda-miljøet blei trekte med som planleggingsekspertar og evaluatarar i mange folkehelseprogram både lokalt og nasjonalt. Det største prosjektet var

eit EU-finansiert program med 32 partnarar frå åtte land rundt den Baltiske sjøen (HEPRO). Prosjektet resulterte i boka *Planning in Health Promotion Work. An empowerment model* (Amdam, 2011). Her må det også leggjast til at instituttet har vore med i ei gruppe med forskarar frå Høgskulen i Molde, Høgskulen i Volda, NTNU Ålesund og Møre og Romsdal helseføretak som har granske samarbeidet mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romdal før, under og etter koronapandemien som råka Norge i 2020. Ein hovudkonklusjon er at pandemihandteringa i fylket står fram som eit vellykka folkehelsearbeid med tillitsfullt og konstruktivt samarbeid mellom forvaltningsnivåa, sektorane og borgarane (Amdam et al. (red.) Under publisering).

Vidareutdanninga Helse og omsorg i plan (Helomplan)

I opprettinga av vidareutdanninga Helse og omsorg i plan, var Asle Moltumyr igjen ein sentral person. Han arbeidde då i Helsedirektoratet. Denne vidareutdanninga var eit femårig prosjekt frå 2011-2011 i regi av KS og Senter for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS), finansiert med støtte frå Helsedirektoratet. Høgskulen i Volda representert med vårt institutt blei saman med fire andre institusjonar plukka ut til å gjennomføre utdanninga.

Emneplanen, pensum og eksamensform blei utvikla i fellesskap, men institusjonane hadde sjølvstendig ansvar for sine emne. Vidareutdanninga var eit eittårig masteremne på 30 studiepoeng, gjennomført med samlingar knytt til deltakande høgskular og universitetet.

Målgruppa for studiet var personar i kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og hos statsforvaltarane, både dei som hadde ansvar for planlegging og planprosessar generelt, og dei som hadde implementering av samhandlingsreforma, helse- og omsorgslova og folkehelselova som ei viktig oppgåve.

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) hadde ansvaret for å følgeevaluere gjennomføringa av vidareutdanninga. Hovudfokuset i evalueringa var i kva grad utdanninga skapte ringverknadar ved å styrke deltakaranes og deira organisasjonars evne til å fremje folkehelse ved å forankre kommunale og regionale folkehelseiltak gjennom bruk av plan- og bygningsloven, og å til å bygge plan- og prosesskompetanse i helsesektoren. I rapporten om sluttevalueringa skriv Hofstad og Bergsli (2016) at desse

Planleggarutdanninga ved Høgskulen i Volda:

Frå Lokalsamfunnsstudium til Bachelor i samfunnsutvikling og Master i planlegging og leiing

krava/måla til ein viss grad blei oppnådd, men at grad av ringverknad i stor grad var avhengig av om organisjonane dei jobba i hadde med fleire studentar på kurset. Etter at opplegget i lag med KS vart fullført, danna innhaldet i kurset grunnlag for oppretting av nye masteremne; *Planlegging og organisering i offentleg sektor*, 1 og 2.

Etter- og vidareutdanning i prosessleiing

I 2002 tok Forum for utdanning samfunnsplanlegging initiativ til å opprette eit kurs i prosessleiing. Oppdraget blei gitt til Tor Skogstad, utdanna samfunnsplanleggar ved UiT, som hadde etablert firmaet *Utviklingskompetanse AS*. Det blei etablert eit samarbeid med vårt institutt med den arbeidsdelinga at firmaet hans tilbyr dette som etterutdanningskurs og at Høgskulen i Volda gir tilbod til studentane om å melde seg til eksamen og få kurset godkjent som vidareutdanning med 15. studiepoeng. Som vidareutdanning har kurset både ein bachelor og master variant. I læringsmåla blir det lagt vekt på å formidle at ulike metodar/teknikkar for medverking og kreativitet må ha eit formål om å bidra til ny kunnskap, kompetanseutvikling og samskaping, og at slike teknikkar difor må sjåast i samanheng med eksisterande plan- og styringssystem i organisasjonane. Utan slik forankring blir bruken av teknikkane meir som ei hending utan varige verknader. Dette blir særleg vektlagt både i rettleiinga og vurderinga av studentanes prosessplanar.

Sidan oppstarten har Utviklingskompetanse AS:

- Gjennomført 72 kurs, frå Arendal i sør til Hammerfest i nord.
- Hatt 1800 deltakarar, som har fått tildelt kursbevis av Utviklingskompetanse og oppdragsgjevar (etterutdanning).
- Over 700 av deltakarane har gjennomført kurset med valfri eksamen på master- eller bachelornivå (15. studiepoeng) ved Høgskulen i Volda (vidareutdanning).
